

Budsjett 2025 og økonomiplan med handlingsdel 2025-2028

Formannskapet si innstilling



Foto: Kjell Stian Brunes

Innhold

Kommunedirektøren har ordet.....	6
Innleiing.....	6
Samfunnsutfordringar	6
Viktige prioriteringar i Aukra kommune dei neste fire åra	8
Med blikket vendt framover	9
I dei folkevalde sine hender	9
Litt om webdokumentet og orientering i dette	9
Informasjon på kvar enkelt sektor	11
Politiske spørsmål og svar	13
Visjon	19
Verdiar	19
Politisk struktur	20
Administrativ struktur	21
Plan- og styringssystem.....	23
Menneskelege ressursar	27
Budsjettvedtak	28
Formannskapet si innstilling.....	28
Kommunedirektøren sitt forslag.....	29
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	30
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	31
Kommentar løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	31
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	32
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	33
Gebyrliste	37
Foreldrebetaling barnehage.....	37
Foreldrebetaling SFO.....	38
Eigenbetaling dagsenteretjenester	39
Eigenbetaling praktisk bistand	40
Eigenbetaling matombringning.....	41
Eigenbetaling tryggleikspakke.....	42
Eigenbetaling leie GPS.....	43
Eigenbetaling opphald i Institusjon	44
Betalingssatsar Aukra Basseng.....	45
Elevavgift Aukra kulturskole.....	46

Gebyr for vatn, avløp, renovasjon, slamtømming, feiing og tilsyn	47
Gebyr for sakbehandling plan-, byggesaks- og oppmålingsområdet.....	50
Husleige kommunale boligar	61
Satsingsområde	62
Attraktiv kommune	62
Barn og unge	62
Velferd og omsorg	63
Aukra i regionen	63
Fornyning, forenkling og forbedring	63
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	63
Berekraftig økonomiforvaltning	64
Klima og miljø	64
Klimabudsjett	66
Klimabudsjett	66
Utvikling i befolkning.....	70
Demografi.....	72
Status og rammevilkår.....	73
Finansiering av kommunesektoren	73
Statsbudsjettet sine føringar	74
Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan	76
Sentrale inntekter.....	76
Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar	82
Fondsutvikling for kommunen	83
Disposisjonsfond per 31.12.2025	84
Disposisjonsfond per 31.12.2026	84
Disposisjonsfond per 31.12.2027	84
Disposisjonsfond per 31.12.2028.....	85
Kommentar til disposisjonsfonda.....	85
Disponering av driftsramma.....	86
Rammemodellar for utmåling	117
Investeringar i budsjett og økonomiplan	120
Investeringstabell for kommunen samla	120
Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2024-2027.....	129
Nye investeringar i økonomiplan 2025-2028.....	130
Oversikt innmeldte ønska investeringstiltak frå einingane som ikkje er prioritert	131

Oversikt Investering og finansiering.....	131
Økonomisk utvikling i planperioden	132
Berekraftig økonomisk utvikling	132
Vurdering av den økonomiske utviklinga.....	133
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	134
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	135
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	136
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter.....	138
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	139
Kommunen sine ramme- og tenestoområde	141
Organisasjonsutvikling	141
Omtale av sektoren	141
Utfordringar og tiltak for kommande år	142
Rammeoversikt.....	143
Driftsbudsjett.....	143
Stabssjef organisasjonsutvikling.....	144
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	144
Økonomiavdelinga	144
Organisasjonsavdelinga.....	145
Oppvekst og kultur	146
Omtale av sektoren	146
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	147
Utfordringar og tiltak for kommande år	149
Rammeoversikt.....	152
Driftsbudsjett.....	153
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur.....	153
Gossen barne og ungdomsskole	153
Julsundet skole	154
Barnebo barnehage.....	154
Bergetippen barnehage.....	155
Innvandring og integrering.....	156
Kultur	157
NAV Aukra	158
Barnevern.....	159
Helse og omsorg.....	159

Omtale av sektoren	159
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	160
Utfordringar og tiltak for kommande år	161
Rammeoversikt.....	163
Driftsbudsjett.....	164
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	164
Institusjon og butenester	164
Tenester til heimebuande	165
Helse	165
Samfunnsutvikling	166
Omtale av sektoren	166
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	167
Utfordringar og tiltak for kommande år	167
Rammeoversikt.....	167
Driftsbudsjett.....	168
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	168
Tekniske tenester	168
Overføringar	170
Omtale av sektoren	170
Utfordringar og tiltak for kommande år	170
Rammeoversikt.....	171
Driftsbudsjett.....	171

Kommunedirektøren har ordet

Innleiing

Kommunedirektøren legg her fram sitt forslag til budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025 – 2028. Rundt oss er det mange kommunar som slit hardt med å få til budsjett i balanse. Det er grunn til å minne om at Aukra kommune er i ei økonomisk særstilling, men også i vår kommune merkar vi godt auke i behov og kostnader. Dei gode inntektene frå eigedomsskatten gir kommunen eit solid fundament. I tillegg har også ein god og sunn struktur på våre barnehagar og skolar, ein av kvar på Gossen og i Julsundet. Innan pleie og omsorg har vi samla ressursane på Gossen. Dette er gode grep for å halde på ein berekraftig og ansvarleg økonomi, og vi slepp dei vanskelege strukturdiskusjonane.

Samfunnsutfordringar

Noreg - og Aukra - står føre store samfunnsutfordringar. Både regjeringa si perspektivmelding og KS sitt siste debatthefte trekkjer fram viktige utfordringar og debattar.

Perspektivmelding 2024


Regjeringa legg frem ei perspektivmelding kvart fjerde år. Den nyaste kom i august 2024: Meld. St. 31 (2023–2024) - regjeringen.no

Perspektivmeldinga drøfter dei langsiktige utfordringane i norsk økonomi, og løfter fram tre hovudutfordringar:

- **Kamp om arbeidskrafta:** Omsorgsoppgåvene blir fleire, men vi blir ikkje fleire i yrkesaktiv alder til å utføre dei.
- **Behov for omstilling:** Økte spenningar i verden, klima- og naturendringar og redusert petroleumsaktivitet fører til endringar og forsterkar behovet for å bruke ressursane godt og riktig.
- **Fortsett god fordeling:** Små forskjellar og stabil tilgang på velferdstenester må bevarast i møte med omstillingane og at mange lever lenger.

Plansjen nedanfor er henta frå Perspektivmeldinga, og viser korleis alderssamansetninga endrast over tid. Frå 2035 vil talet på personar i arbeidsdyktig alder (blått felt) minke, samstundes som den eldre del av befolkninga aukar kraftig.

Økonomiplan for 2025-2028



Ein forventar at levealdere i 2060 vil vere seks år høgare enn den er i dag. Om lag halvparten av den auka levetida er forventa å vere friske år, og folk må rekne med å jobbe lenger før ein vert pensjonist.

Målet med meldinga er å vise korleis den norske velferdsmodellen som felles prosjekt kan vernast og vidareutviklast i møte med utfordringa. Vi må løyse dette i fellesskap dei neste åra. Regjeringa legg følgjande strategi for å møte hovudutfordringane:

- **Få fleire i jobb, og halde folk i jobb:** Auke sysselsettinga. Målet er å auke delen av sysselsette i aldersgruppa 20–64 år frå 80½ % i 2023 til 82 % i 2030, og til 83 % i 2035. For å få til dette skisserast tre hovudspor: færre uføre, færre personar i deltidsstillingar og redusert sjukefråvær. Regjeringa estimerer at disse tiltaka til saman skal gi 150 000 fleire årsverk innan 2030.
- **Løyse oppgåvene smartare:** Blant anna meir effektiv offentleg ressursbruk og betre planlegging og førebygging.
- **Ein ansvarleg økonomisk politikk som gir rettferdig fordeling over tid**

Dette vert også særskilt viktig for Aukra kommune å jobbe med i økonomiplanperioden, spesielt dei tre hovudspora for å få fleire i arbeid og halde folk i jobb.

KS og debathefte om «forventningsgapet»

Kvart år spør KS kommunane om innspel til debatheftet; [Debatthefte 2025 - KS](#). Eit tema som politikarane i Aukra skal diskutere i starten av 2025 er forventningsgapet. KS definerer “forventningsgapet” som gapet mellom det som ålmenta i sum ventar av kommunen, og det som er mogleg å yte med dei tilgjengelege ressursane.



Sjølvs i ein av landets rikaste kommunar er det eit slikt gap. Truleg leggast forventningane enda høgare i Aukra enn i andre kommunar, grunna den gode økonomiske situasjonen vår. Utfordringane vil likevel råke vår kommune. Vi kan ikkje rekne med å betale oss ut av utfordringane knytt til mangel på arbeidskraft. I debattheftet frå KS vert det blant anna trekt fram at ein vil mangle sjukepleiarar, legar, vernepleiarar, psykologar og helsefagarbeidarar. Men også innan mange andre yrkesgrupper i både privat og offentleg sektor vil det bli for få hender til å gjere jobbane.

Utfordringar som kommunesektoren står overfor krev ny omstillingstakt. Vedvarande mangel på kompetent arbeidskraft gjer at vi må sjå på korleis tenestene er organisert. Digitalisering og ny teknologi er viktige verkøy.

Politikarane i Aukra kommune skal blant anna diskutere korleis dei som folkevalde kan redusere og handtere forventningsgapet, gjennom aktiviteten i dei politiske organa og i samspelet med administrasjonen. Og korleis kan dei som folkevalde vere med på å skape forståing blant innbyggjarane for endringsbehovet, som tvingar fram tøffare prioriteringar og alternative løysingar. Kommunestyret skal også diskutere kva KS og staten skal bidra med for å hjelpe oss.

Dette er særst viktige diskusjonar som eg ser fram til.

Viktige prioriteringar i Aukra kommune dei neste fire åra

I tillegg til dei store utviklingsoppgåvene knytt til Perspektivmeldinga og Debattheftet, vil eg trekke fram meir lokale ting som blir viktige i økonomiplanperioden: Planarbeidet, Oppfølging av planar og vedtak, og Investeringar.

Planarbeidet

Kommunestyret vedtek i desse dagar den kommunale planstrategien for 2024-2027. Formålet med planstrategien er å synleggjere kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i denne perioden. Planstrategien har vore ute på høyring før kommunestyret gjer vedtak.

Nær 20 planar skal lagast eller fornyast denne perioden. Nokre krev omfattande endringar, mens mange andre kan klare seg med ein mindre revisjon. Til saman er det uansett eit stort og omfattande arbeid som krev mykje av administrasjonen. Vi skal blant anna revidere kommuneplanen sin samfunnsdel («alle planar sin mor»). I forkant av revisjonen skal vi gjennomføre ei borgarundersøking. Borgarundersøkinga går inn som eit viktig fundament i planrevisjonen.

Oppfølging av planar og vedtak

Planoppgåver er viktige, men det er vel så viktig at vi faktisk greier å følge opp alle dei gode måla og planar som vert vedtekne. I ein liten administrasjon er det ofte ein utfordring å få nok handlekraft ut over det vi treng til alle dei daglege oppgåvene. Forventningane til oss er høge. Vi vil levere godt, men må også prioritere. Eg har teke initiativ til ei omorganisering av administrasjonen, med mål om å få meir strategisk leiing med fokus på utviklingsarbeid. Omorganiseringa gjerast i samarbeid med tillitsvalde og tilsette, og er støtta av kommunestyret.

Det er fleire planar, vedtak og mål eg kunne trekt fram som særst viktige framover, men eg vel her å trekke fram den nye bustadpolitiske plana som vart vedteken hausten 2024. Her er vi ambisiøse! Både

engasjement, samarbeid og pengar må til for å legge til rette for å få innovative løysingar på plass. Dette er spanande og viktig arbeid.

Investeringar

I forslaget til budsjett- og økonomiplan er det teke med ein mengde små og store investeringar, til saman ca. 300 millionar kroner i planperioden. Nokre investeringar er utsett, og andre er tekne ut av 4-årsperioden. Dette for å skape eit rom for nye investeringar. Blant dei nye er midlar avsett til Aukra idrettshall på Gossen, og midlar til førebuing av sal eller riving av ubrukte formålsbygg. Det er også tatt med eit beløp til å lage ein mogelegheitsstudie for eit sambrukshus på Julsundet.

Kommunen sin aller største investering ligg langt framfor oss. Vi set fortsett av pengar til å realisere Kjerringsundet. I avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune som vart vedteken i kommunestyret hausten 2022 er det avtalt at vi skal sette av 100 millionar nye kroner kvart år og at beløpet årleg indeksregulerast. I 2025 utgjør indeksreguleringa ca. 17 millionar kroner. I tillegg skal avkastninga av fondet kome fondet til gode. Om vi treff med budsjettert avkastning vil fastlandsfondet auke med totalt 170 millionar neste år.

Med blikket vendt framover

Avslutningsvis vil eg minne om viktigheita av at vi ofte nok løftar blikket og ser langt nok fram. Berre slik kan vi rigge oss for framtida. Det er veldig lett at vi vert mest fokusert på “her og no”, men det er viktig at Aukra kommune står fram som ein enda meir attraktiv kommune der både bedrifter og folk vil etablere seg. Eg trur at fastlandssamband, næringsutvikling, samfunnsutvikling og rekruttering blir særskild viktig framover. Vi må prioritere det som gir vekst, ikkje stagnasjon. Kommunen sitt ansvar for den langsiktige samfunnsutviklinga er like viktig som tenestene vi gir i dag.

I dei folkevalde sine hender

Med dette vert forslaget til budsjett og økonomiplan lagt fram for politisk behandling. I administrasjonen sitt arbeid med økonomiplana har vi funne rom til mykje, men ikkje alt. Vi måtte prioritere.

For kommunedirektøren er det eit mål å legge fram ein økonomiplan som også gir eit politisk handlingsrom. Sjølv om vi ser at det strammar seg til meir i slutten av denne økonomiplanperioden so er det likevel eit rom til stades. Det gir rom for noko, men ikkje alt. Det krev politisk prioritering.

No er budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 i dei folkevalde sine hender.

Lykke til med arbeidet!

Litt om webdokumentet og orientering i dette

Enkelte tabellar og andre grafiske element i webdokumentet er “levande”, noko som vil seie at dei har funksjonalitet der ein kan klikke seg vidare inn for å få fram fleire detaljar. Eksempel på dette er tabellen som visar driftstiltak, der ein kan klikke på tiltaksnamnet for å få fram beskriving av tiltaket og ei oversikt over heile økonomiplanperioda.

Ei forbetring som nyleg har kome er at ein inne i kvart kapittel finn innhaldsliste i venstre marg som viser hovudoverskriftene i kapittelet og ein kan klikke på overskriftene for å hoppe til dei. Innhaldslista er som webutviklarane i Framsikt kallar det “sticky” og blir værande til venstre uansett kor langt ned i kapittelet ein har scrolla. Dette gjer det enklare å orientere seg når kapitla er lange.

Budsjet 2023

Framsida /
Investeringar i budsjett og økonomiplan

Innhold på denne siden:

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Selvkost

Oversikt Investering og finansiering

Investeringar - endring i vedtekte løyver i økonomiplan 2022-2025

Nye investeringar i økonomiplan 2023-2026

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan		
	2023	2024	2025
Investeringsprosjekter			
Kommunedirektør, politisk leing og serviceavdelinga			
ROR-IKT investeringar	475	995	995

Det er to innfallsportar til dei ulike delane av dokumentet. Dei er presentert både på framsida og i rullegardin meny oppe til høgre. Menyen oppe til høgre kan være grei å bruke når ein allereie er inne i eit kapittel og vil gå vidare til eit anna utan å måtte gå tilbake til framsida.

Budsjet 2023

Budsjet 2023

Økonomiplan med handlingsdel 2023-2026

Kommunedirektøren sitt forslag

Foto: Kjell Stan Brunes

Meny ✕

- Forside
- Kommunedirektøren har ordet
- Slik les du dokumentet
- Organisering, styring og verdier
- Budsjettvedtak
- Utvikling i befolkning
- Status og rammevilkår
- Drift i budsjett og økonomiplan
- Kjerringsundet
- Investeringar i budsjett og økonomiplan
- Økonomisk utvikling i planperioden
- Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan
- Vedlegg

Det er også mogleg å gjere søk på enkelte ord i søkefeltet oppe til høgre. Du vil da få fram ei liste over plassar i dokumentet der det ordet som blei søkt på nemnast.

Budsjett 2023

Disposisjonsfond

Meny



Foto: Kjell Stian Brunes

Budsjett 2023
Økonomiplan med handlingsdel 2023-2026
Kommunedirektøren sitt forslag

Budsjett 2023

[← Tilbake til økonomiplanen](#)

Søkeresultater

SØK

Resultat : 17 treff.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter
Sti: Forside / Økonomisk utvikling i planperioden
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter
Sti: Forside / Økonomisk utvikling i planperioden
Disposisjonsfond er avsette midlar som seinare kan nyttast dersom kommune får uventa ikkje budsjetterte utgifter.

Disposisjonsfond per 31.12.2026
Sti: Forside / Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan
Disposisjonsfond per 31.12.2026

Disposisjonsfond per 31.12.2023

Etter publisering blir dokumentet òg laga i Word-format som ligg ved politisk sak til handsaming. Framsikt legg til rette for dette, men funksjonalitet og lesarvenlegheit i Word-formatet er ikkje optimal, og ein mistar fleire av funksjonalitetane som ein har når ein les dokumentet på web. Framsikt informerer om at prioritering og utviklingsfokus vil være på å optimalisere publikasjon av dokument på web. For å få ein best mogleg lesaroppleving av budsjett og økonomiplanen er difor vårt råd å lese dokumentet på web. Trykk på lenka for å kome direkte til webversjon: [Budsjett 2025](#)

Informasjon på kvar enkelt sektor

Nytt i budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 er at den er tilpassa ny organisasjonsstruktur som er gjeldande frå 01.01.2025.

I den nye organisasjonsstrukturen er einingane samla i sektorar og det er desse du vil finne under kapitla “Kommunen sine ramme- og tenesteområde”.

Kvar sektor har skreve ein samla tekst for sine einingar knytt til omtale av sektoren, kva utvikling sektoren vil ha i økonomiperioda og kva utfordringar og tiltak som vil komme for året som kjem.

Tabellen “rammeoversikt” gir ei samla rammeoversikt pr. sektor, samt kva tiltak som er tilrådd i budsjett og økonomiplanen. For å lese beskrivelsen til tiltaka kan ein klikke seg inn på den blå teksten. I påfølgande tabell “driftsbudsjett - fordeling på eining” er driftsrammene presentert pr. eining, tilsvarande budsjettvedtaksnivå.

Einingane sine handlingsprogram for å realisere kommuneplana sin samfunnsdel er vist under kvar eining. Desse får ein fram ved å klikke seg inn på kvar eining i menyen til venstre:

Budsjett 202

[← Tilbake til framside](#)

Tenesteområde: **Organisasjonsutvikling**

Verksemd:

Stabssjef organisasjonsutvikling

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Økonomiavdelinga

Organisasjonsavdelinga

Innhald på denne sida:

Omtale av sektoren

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Utfordringar og tiltak for kommande år

Rammeoversikt

Driftsbudsjett

Fordeling på eining (tabell)

Organisasjonsutvikling

Omtale av sektoren

Sektoren organisasjonsutvikling sitt primæransvar er grunnlag for å utøve sitt leiaransvar og at politikken h gjeld alle områder som ligg under service, økonomi o

Fagområda i sektoren er, på overskriftsnivå, mellom a

- Digitalisering, kommunikasjon og informasjonstrygg
- Politisk sekretariat og val
- Dokumentasjonsforvaltning
- Budsjett og økonomiplan, rekneskap, løn, innkrevjin eigedomsskatt
- Verksemdstyring
- Juridisk bistand
- Organisasjons- og kompetanseutvikling, overordna

Side 12 av 171

Politiske spørsmål og svar

Merk: Nedanfor tas alle innkomne spørsmål inn. Dei vert svara ut etter kvart som dei kjem inn. Nye spørsmål og svar settast inn frå toppen.

Frå: Eldrerådet v/Ole Rakvåg, 28.11.2024

Tema: **Eldreomsorg**

Spørsmål:


1. Hvor stor del av helse og omsorgsbudsjettet (kr) går til eldreomsorg (eldre 67+)
2. Hvilke tjenester inngår i eldreomsorgen.

Jeg stiller spørsmålet pga at veksten i antall eldre (eldrebølgen) blir fremhevet som en av de største utfordringer til velferdssamfunnet slik vi kjenner det i dag. Da er det vel fornuftig å få tallfestet hva eldreomsorgen (helse og omsorgstjenester for den eldre 67+) koster.

Svar (29.nov):

Jfr. spørsmål 1:

Det er ikkje eigen statistikk i KOSTRA isolert for denne aldersgruppa, men i 2023 vart det gjort ei meir detaljert analyse av Pleie og omsorg. Denne analysen viser (2022-rekneskapen):



Ut frå innbyggjartal på 3586, blir totale utgifter til brukargруппa 67 år og eldre; 78,2 mill. kroner.

(totale netto driftsutgifter var i 2022 innanfor Pleie og omsorg på 119,3 mill. kroner).

Jfr. spørsmål 2:

Eldreomsorg» er eit samlebegrep på ulike tenester kommunar leverer til sine eldre innbyggjarar. Uavhengig alder får innbyggjarar tildelt tenester når dei får eit behov. Gruppa eldre og gamle er i fleirtal når det gjeld å motta tenester, og det er naturleg. Når ein blir eldre blir ofte helsa ikkje så god, og ein treng meir enn ein gjorde før. Det er òg ein del unge som får tenester frå kommunen, fordi dei har nedsett funksjonsevna frå fødsel eller erverva skade seinare. Så er det andre innbyggjarar som får alvorleg sjukdom midt i livet.

For å få tenester må ein fylle fastsette kriteria. Tenesta vert målt ut etter kartlegging (IPLOS-kartlegging) og andre testar og måleverktøy. Det ligg alltid individuelle vurderingar av behov til grunn for innvilging av teneste, og enkeltvedtak med klagerett blir fatta av Forvaltning.

Som de ser har tildeling av tenester ikkje noko med alder og gjer. Eldreomsorg er eit begrep som blir brukt når ein omtalar tenester som blir gjeve til eldre personar.

Oversikt over tenester:

1. Lavterskeltilbod – ikkje lovpålagt
 2. Frisklivssentral
 3. Fysioterapi
 4. Ergoterapi
 5. Helse- og mestringsteknologi og hjelpemiddel
 6. Koordinator, barnekoordinator og individuell plan
 7. Habilitering/rehabilitering utanfor institusjon
 8. Overgangsleilighet
 9. Dagsenter/aktivitessenter
 10. Personleg assistanse: Praktisk bistand - daglege gjeremål tenester i heimen
 11. Personleg assistanse: Praktisk bistand - opplæring
 12. Personleg assistanse: Praktisk bistand – reinhald i heimen
 13. Personleg assistanse: Støttekontakt
 14. Helsetenester i heimen
 15. Pårørandestøtte: Avlastning for personer med funksjonsnedsettelse
 16. Pårørandestøtte: Avlastning i sjukeheim
 17. Pårørandestøtte: Omsorgsstønad
 18. Bustad som kommunen disponerer til omsorgsformål - omsorgsbustad
 19. Brukarstyrt personleg assistanse BPA
 20. Barnebustad
 21. Institusjon (tidsbegrensa opphald)
 22. Sjukeheim – langtidsopphald
-

Frå: Helge Kjøll jr/Krf, 26.11.2024

Tema: **Ungdomsfiske**

Spørsmål:

Eg kjenner til at Aukra kommune deltek i Ungdomsfiskeordninga. GassROR har gitt oss midler til å finansiere dette. Er det tenkt søkt om midler til dette for 2025?

Tilskuddet til denne ordningen har fra departementet side blitt redusert fra år til år. Ordningen har i løpet av dei siste åra blitt meir og meir populær (fleire som har søkt om å bli med) og dermed har tilskuddet til kommunene blitt redusert (fleire å dele tilskuddet på). I følge Nordmøre Fiskebåt bør kvar enkelt kommune ha 200 000 kr i tilskudd i tillegg til dei pengane GassROR har gått inn med. Er det lagt inn noko i budsjettet for 2025 til denne ordninga? Om ikkje bør vi satse på at GassROR fortsatt bidreg slik at ungdommar frå Aukra kommune kan vere med på Ungdomsfiskeordninga?

Svar (26.nov):

Aukra kommune sin deltaking i ungdomsfiske i 2024 ble finansiert gjennom Gassrortilskudd (kr 120.000 kvart av åra 2024 og 2025) samt fra Nærings- og Fiskeridepartementet (kr100.000, søkte om 200.000). Eigeninnsats og sponsormidlar var på kr 150.000.

Departementet skal ikkje ha sett av midlar for neste år, så det er usikkerheit rundt midlar derifrå per no. Det er ikkje tatt høgde for midlar frå kommunen i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett. Det kunne vore gjort. Ein eventuell avsetning til dette føremålet kan finansierast frå kommunen sitt næringsfond.

Frå: Helge Kjøll jr/Krf, 26.11.2024

Tema: **Hauglandsvegen på Gossen**

Spørsmål:

Opprusting av Hauglandsvegen? Her vart det i samband med budsjett 2024 satt av kr 300 000 til å utgreie opprusting og asfaltering av denne strekninga. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.

Her har vi fått informasjon om at denne saka er under arbeid og at saka skal vere ferdig utreda medio nov. Kva er status i denne saka?

Svar (26.nov):

Denne saka er undre utgreiing og nærmar seg ei politisk behandling. Vi har fått ein grundig rapport frå Asplan Viak som vurderer tilstanden på både Hauglandsvegen og Mækjavegen. Rapporten kjem til politisk behandling på fyrste møte i 2025, saman med ei fagleg vurdering og anbefaling.

Frå: Helge Kjøll jr/Krf, 26.11.2024

Tema: **Pumptrack**

Spørsmål:

Kor ligg etablering av pumptrack på GBU? Denne saka er slik eg forstår det fortsatt under arbeid?

Svar (26.nov):

Pumptrack på GBU er ikkje prioritert i økonomiplanperioden i kommunedirektøren sitt forslag. Dette skal gå tydeleg fram under "Oversikt innmeldte ønska investeringstiltak frå einingane som ikkje er prioritert. Ønska investeringar, Ikkje tilrådd 2025-2028."

Frå: Helge Kjøll jr/Krf, 26.11.2024

Tema: **Kulturmidlar**

Spørsmål:

I samband med budsjettet for 2024 fekk vi fleirtal for følgjande forslag: « Auka ramme til kulturmidlar. Kostnad: 2024 kr 250 000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeidast i budsjettet for 2025».

Eg reknar med at denne summen/auken er innarbeid i budsjettposten til «Kultur»?

Svar (26.nov):

Det er riktig. Aukra kommune nyttar rammestyring, og det som er vedtatt med varig endring vil ligge i ramma på den einskilde eining. Berre det som administrasjonen foreslår å ta inn som nytt tiltak, eller det som administrasjonen foreslår å ta ut av ramma kjem tydeleg fram. I tillegg vil midlar som flyttast frå ei ramme til ein (eller fleire) einingar visast det året flyttinga skjer. Som eksempel på det siste kan nemnast musikkterapeut (sjå anna spørsmål). Flyttinga av velferdsmidlane (vedtatt med varig effekt frå 2024) er eit anna eksempel. Dei flyttast no over på kvar enkelt eining si ramme.

Frå: Helge Kjøll jr/Krf, 26.11.2024

Tema: **Musikkterapeut**

Spørsmål:

I samband med budsjettet for 2024 fekk vi fleirtal for følgjande forslag: «Musikkterapeut på Aukra Omsorgssenter med 15% stilling. Kostnader: 2024 kr 75 000. Inndekning : Generelt disposisjonsfond. Økte rammer innarbeidast frå 2025»

Eg tolkar det som står i budsjettet (side 82) under kultur at dette no vert innarbeid i budsjettet for 2025 som ei fast ordning? Side 82 – Kultur: «Flytte budsjettmidlar musikkterapeut og nye midlar til kjøp av tenester frå kulturskolen til kulturskolen sitt budsjett»

Svar (26.nov):

Dette vart vedtatt som ei fast ordning frå og med 2024-budsjettet, i eininga Institusjon og butenester. Tenesten er levert av eining for kultur, og er fakturert mellom einingane. Grunnen til at dette no kjem fram i budsjettet skyldast at administrasjonen ynskjer å flytte midlane over til eining for kultur. Då kan ein lettare styre ein 15%-stilling, og ein slepp internfaktureringa. Tenesten skal fortsett leverast på institusjonen slik det var forutsett i vedtaket i kommunestyret.

Frå: Helge Kjøll jr/Krf, 26.11.2024

Tema: **Mækjevegen på Orta**

Spørsmål:

Eg kan ikkje sjå at det ligg inne midlar til oppgradering/opprusting av Mekjarvegen på Orta? Er det gjort noko berekningar på kva dette prosjektet vil kome på? Dersom svaret er nei, er det mogeleg å få eit stipulert beløp på kostnadane ved dette prosjektet?

Svar (26.nov):

Det stemmer at kommunedirektøren ikkje har lagt inn pengar til Mækjavegen i forslaget til budsjett. Vi har fått ein grundig rapport frå Asplan Viak som vurderer tilstanden på både Hauglandsvegen og Mækjavegen. Rapporten kjem til politisk behandling på fyrste møte i 2025, saman med ei fagleg vurdering. Mækjavegen (delen som er vurdert for utbetring) går bort til Mækjevegen 77 og 82, to fritidsbustader. Kostnadsestimatet på Mækjavegen er pt kr. 915.000 inkl. mva (732.000 eks mva).

Frå: Edvin Magne Nybø/Krf, i forkant av budsjettforslaget (mottatt 13.november)

Tema: **Kostnad på sjukeheim og heimebasert omsorg**

Spørsmål:

Det nærmer seg snart budsjettgjennomgang. I den forbindelse hadde det vært greit å fått redegjort hva virkelig kost er for hver enkelt på sjukeheim. Og reell kost for hver enkelt som har full støtte ved å bo hjemme.

Svar:

Spørsmålet blir svara ut med informasjon frå kommunen sine KOSTRA tal for siste avslutta rekneskapsår; 2023.

1. Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass kr. 1.915.500,-
2. Kommunen si korrigerte brutto driftsutgift pr. mottaker av hjemmetjenester er kr. 432.936,-

Korrigerte brutto driftsutgifter viser driftsutgiftene til egen tjenesteproduksjon inklusive merverdiavgift og avskrivninger, fratrasket sykelønnsrefusjon og kompensasjon for merverdiavgift. Korrigerte brutto driftsutgifter brukes som grunnlag for å beregne produktivitetsindikatorer, det vil si mål på hva det koster å selv produsere en enhet av tjenesten.

Til spørsmål 1:

- Talet på kommunale plasser for 2023 opplyst å være 32.
- Korrigert brutto driftsutgifter er her knytt til blant anna: Direkte brukerrettede oppgaver i forbindelse helse- og omsorgstjenester i institusjon, Inntekter fra egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon, I tillegg til døgnopphold inkluderer dette også dag- og nattopphold, samt tidsbegrenset opphold på slike institusjoner, f.eks. re-/habilitering og avlastning mv.

Til spørsmål 2:

- Talet på mottakere av heimetjenester er for 2023 opplyst å være 187.
- Korrigert brutto driftsutgifter er her knytt til blant anna; Praktisk bistand og opplæring, Brukerstyrt personlig assistanse, Avlastning utenfor institusjon, Omsorgsstønad, Helsetjenester i hjemmet, herunder sykepleie (hjemmesykepleie) og psykisk helsetjeneste mv

Dei ulike mottakarane både i institusjon og i heimebaserte tenester får ulike nivå på sine tenester. KOSTRA-data gjev ikkje nyanserte/detaljerte opplysningar i forhold til dette.

Visjon

Aukra kommune sin visjon er “Aukra - full av energi”.



Aukra – full av energi

Verdiar

Verdiane seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Aukra kommune sine verdiane vart til gjennom ein prosess knytt til førre utgåve av samfunnsdelen (2012). Verdiane er:




Verdiane skal vera synlege i tale og gjerning. Verdiane skal prege og legge grunnlaget for korleis kommunen som samfunn og organisasjon skal arbeide og utvikle seg. Verdiane speglar kommunen sin visjon/slagord (Visjonen er vidareført frå samfunnsdelen 2012).

Politisk struktur

Aukra kommune sin politiske styringsstruktur er formannskapsmodellen. Formannskapet er sett saman av kommunestyret sine representantar, og spelar ei avgjerande rolle ved at utvalet er plassert mellom fagutvala og kommunestyret i saksbehandlinga. Formannskapet innstiller til kommunestyret sitt vedtak i økonomisaker som er nemnt i kommunelova sin § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak. Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker dersom ikkje noko anna følgjer av lov.

Kommunestyret (21 medlemmar) er kommunen sitt øvste organ, og treff vedtak på vegne av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret kan delegera mynde til å treffe vedtak til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.



Administrativ struktur

Kommunedirektøren er leiar av kommunen sin administrasjon, og skal leie denne innanfor instruksar, retningslinjer eller pålegg som kommunestyret gjev. Kommunedirektøren skal sjå til at saker som blir lagt fram for folkevalt organ, er forsvarleg utgreidd, og utgreiinga gjev eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak. Vidare skal Kommunedirektøren sjå til at vedtak som er treft av folkevalde organ, blir sett i verk utan ugrunna opphald. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare gjort greie for i kommunen sitt delegeringsreglement.

Kommunedirektøren har det løypande personalansvaret i administrasjonen, inkludert tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar.

Frå 1.januar 2025 endrar Aukra kommune sin administrative organisering frå to til tre nivå. Omorganiseringa vart vedteken i kommunestyret hausten 2024, og det vert no jobba for å få den nye organiseringa på plass. Ei nyoppretta stilling som kommunalsjef helse og omsorg vil ikkje vere på plass før eit stykke ut i 2025.


Den nye organiseringa beheld dei tidlegare einingane, men innfører fire sektorar med kvar sin kommunalsjef; Helse og omsorg, Oppvekst og kultur, Samfunnsutvikling og Organisasjonsutvikling. Det vert no jobba med delegeringsreglementet i administrasjonen. Det skal vere ferdig og publisert på heimesida innan 1.januar 2025.

Einingsleiarane vil, som før, vere ansvarlege for sine verksemder innanfor ramma av dei fullmakter som er delegert. Dei skal ha nødvendig mynde til å sikre einingane si drift og utvikling både når det gjeld fag, økonomi og personaloppgåver.

Kommunalsjefane skal ha personalansvar for fagstab og einingsleiarar i sin sektor. Dei får eit særskilt ansvar for å initiere og koordinere endrings-, utviklings- og innovasjonsarbeid på einingsnivå, sektornivå og på tvers av sektorane. Dei skal sikre god tenesteyting og at økonomiforvaltninga og ressursbruken på einingane innanfor sin sektor samsvarer med budsjett.

Kommunedirektøren og kommunalsjefane fordeler faglege og strategiske utviklingsområde seg imellom. Kommunalsjefane opptre med kommunedirektøren sine fullmakter, og kan opptre på vegne av kommunedirektøren etter nærare avtale.

Kommunedirektøren og kommunalsjefane utgjer kommunens strategiske leiargruppe, kalla «kommunedirektørteamet» (dei grønne boksane i organisasjonskartet).




Merk: Til no har vi brukt litt forskjellige namn på ulike organisasjonsledd, for eksempel eining, stab, og avdeling. I overgangen mot ny organisering har vi no nytta kommunalsjef (i linja) og stabssjef/kommunalsjef (leiar for stabane). Det er ynskjeleg å forenkle språkbruken slik at alle einingar, stabar og avdelingar heretter kallas einingar, og sektorleiarane kommunalsjef.

Plan- og styringssystem

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen til kommuneplana vart vedteke i K-sak 11/19 den 05.02.19. Samandrag av plana er slik:

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eitt av dei mest grunnleggjande plandokumenta i kommunen. Det meste av kommunen sine aktivitetar har utgangspunkt i denne planen. Lovgrunnlaget for planlegginga er å finne i plan- og bygningslova med reglar for kommuneplanlegging og rullering av planprosessane i lengre og kortare «årshjul».



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Figur er teke fra [Miljødepartementet sin veileidar for Kommunal planstrategi](#).

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsdelen er fireårig, og har såleis ein kortare planperiode enn samfunnsdelen. Tilhøve som samfunnsdelen ikkje «såg», kan handlingsdelen ta opp i seg. Handlingsdelen til kommuneplanen i plan- og bygningslova er no samordna med reglane om økonomiplan og årsbudsjett i kommunelova § 14-42. I Aukra kommune sitt plansystem er ikkje handlingsdelen eit eige plandokument, men samlinga av måla og strategiane i samfunnsdelen.

Utarbeidd økonomiplan skal etter ny kommunelov og fungere som handlingsdel etter plan- og bygningsloven §§ 11-1 og 11-4.

Aukra kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen finn du ved å følgje lenka

her: <https://aukra.custompublish.com/kommuneplanen-sin-samfunnsdel.5880882-364954.html>

FN's bærekraftsmål og kommunen sin målstruktur

FNs bærekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For å oppnå måla må alle land i verda bidra, også heilt ned på kommunenivå. Måla har dermed stor innverknad på norsk politikk, både i kommunar og lokalsamfunn og nasjonalt.

Nasjonale forventningar til regional og kommunalplanlegging 2019-2023

(<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>) seier følgjande om kommunane si rolle i realiseringa av FN sine bærekraftsmål:

«Fylkeskommuner og kommuner er nøkkeltørere for å realisere en bærekraftig samfunnsutvikling og realisering av bærekraftsmålene i Norge. De er nærmest befolkningen, lokale bedrifter og organisasjoner. Samtidig er de ansvarlig for mye av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påvirker befolkningens levekår og utviklingsmuligheter.»

Nedanfor ser du ei oversikt over FN sine bærekraftsmål.




For å lese meir om kvart av FN sine bærekraftsmål og korleis regjeringa arbeidar med dei på nasjonalt plan, kan du trykke på lenka her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/>

Målstrukturen i Aukra kommune er delt inn i fleire målnivå. Heilt overordna er FNs bærekraftsmål. Vidare består kommunen sin målstruktur av 8 satsingsområde, der kvart satsingsområde er delt inn i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og deretter delmål (omtalt "slik gjer vi det"). I tillegg til desse har kommunen gjennomgåande perspektiv knytt til folkehelse og samfunns-tryggleik.

Kommuneplana sin samfunnsdel vart vedteke i K-sak 11/19 den 5. februar 2019 og gjeld i perioda 2019-2030. Der vart desse 8 satsingsområda fastsett:

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen
- Fornyng, forenkling og forbedring
- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvaltning
- Klima og miljø

Kvart satsingsområde er som nemnt brote ned i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og delmål (omtalt "slik gjer vi det"). Enkelte av hovudmåla til kommunen kan knytast til FN's berekraftsmål, og skal bidra til å oppnå måla frå kommunalt nivå. For å sjå hovudmåla og kven av dei som er knytt til FN's berekraftsmål kan du klikke deg inn i kvart satsingsområde. I hovudsak er desse FN's berekraftsmål valt:



For å realisere måla kommunen har sett seg har kvar eining/tenesteområde valt seg ut hovudmål og delmål som dei skal jobbe med i økonomiplanperioden (2024-2027). Desse kan du sjå ved å klikke deg inn på kvart tenesteområde.

Gjennomgåande perspektiv

Oppfølging av dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplana vil ikkje krevje økonomisk ressursar i 2024. Revisjon av overordna risiko- og sårbarhetsanalyse vil bli søkt gjennomført i 2024 utan å nytte eksterne ressursar.

Folkehelse og samfunnstryggleik	Slik vil vi ha det (mål):	Slik gjer vi det (gjennomføringsstrategi):
	Aktiv innsats for å identifisere folkehelseutfordringar	• Årleg gjennomgang av kommunen sin folkehelseprofil og utfordringsbiletet som følgjer av denne.
	Aukra skal vere ein sikker kommune.	• Aukra kommune skal til ei kvar tid ha gode system og rutinar for beredskap.
		• Årlege revisjonar av krise og beredskapsplanverk.
		• Årlege øvingar av kriseberedskap.
		• I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å forebygge uhell, ulykker og naturbaserte uønskte hendingar.
		• Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.
	Aukra kommune skal ha ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private, frivillige og offentlege aktørar	• Arbeide kontinuerleg med å avdekke og følgje opp risikoområde
		• Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) ein gong i kvar valperiode.
		• Aukra kommune skal ha gode rutinar for informasjon og varsling i forkant av hendingar og kriser

Status og oppfølging av satsingsområde

Plansystemet og -strukturen er lagt opp slik at operasjonalisering/tiltak vert tatt inn/vurdert i den årlege budsjett- og økonomiplanprosessen.

Såleis er oppfølging av satsingsområda i kommuneplana ein årleg prosess fram til 2030.

Med verktøyet Framsikt vil oppfølging av kommuneplana sine mål og satsingar ha ei systematisk oppfølging, ved at alle "Slik gjer vi det" vert tildelt eit ansvar i organisasjonen.

Kvart av satsingsområda i kommuneplana vil krevje ytterlegare konkretisering og operasjonalisering. Såleis er Omsorgsplanen, Barne- og ungdomsplanen, Klima- og miljøplan basert på vedteke kommuneplan. Desse inneheld ytterlagare konkretisering av moglege tiltak.

Menneskelege ressursar

Aukra kommune er ein stor organisasjon med arbeidsgjevaransvar for om lag 450 fast tilsette. I tillegg kjem mellom anna vikarar, timelønna, lærlingar og studentar. Vi har lav turnover, stabile medarbeidarar og leiarar.

Arbeidsgjevarpolitikk

Aukra manglar ein overordna politikk som seier noko om kva vi som arbeidsgjevar vil stå for og kva for felles leiarskap vi vil ha. Vi har etablert ei arbeidsgruppe som består av to representantar for dei tilsette, ein kommunalsjef og organisasjons- og personalavdelinga.

Arbeidsgjevarpolitikken skal bidra til at vi saman når måla i samfunnsoppdraget. Gjennom den skal vi rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Kompetanseutvikling og rekruttering

Vi skal ha kompetanseplanar som bidreg til utvikling av kunnskap, ferdigheiter, haldningar og evner. Det gir oss eit grunnlag for å skape en dynamisk organisasjon som er budd på endringar.

Vi ønsker å legge til rette for læring og utvikling. Den beste kompetanseutviklinga skjer gjennom det daglege arbeidet og mellom kollegaer. Denne forma for læring må verdsettast.

Kommunen har eige fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

Heiltidskultur

Det har over lang tid vore fokus på heiltidskultur. Organisasjons- og personalavdelinga har hatt tett dialog med einingane.

Per november er gjennomsnittleg stillingsstørrelse 86,6%. Nesten 80% av dei tilsette har over 75% stilling. Dette er svært gode tal. Sommarvikarar og andre korte engasjement tel med i statistikken. Desse saman med dei som har ein delvis uføregrad gjer at 100% heiltid verken er mogleg eller ønskeleg.

Heiltidskultur er viktig for gode tenester til brukarane og for attraktive arbeidsplassar. Stillingar skal i hovudsak lysast ut som heile stillingar.

Nærvær og fråvær

Høgt nærvær er ein av faktorane som må være på plass for at vi skal kunne levere tenestene på ein god måte.

For å få til det vil vi rette innsatsen mot områder ein gjennom forskning veit påverkar nærværet.

Vi vil jobbe på overordna nivå, i den enkelte eining og med tilsette. Leiar- og medarbeidarutvikling, AMU, lokale HMS-grupper, gode verktøy for styring og god samhandling med tillitsvalde og vernetenesta blir viktig.

Måltalet for fråværet er 6,12%.

Budsjettvedtak

Formannskapet si innstilling

1. Driftsbudsjettet 2025 og økonomiplana sin driftsdel for 2025 – 2028 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, første ledd», og «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, andre ledd»
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å foreta budsjettendringar i kurante saker. Dette omfattar blant anna endringar i oppgåvefordeling, fordeling av andre fellesutgifter kor fordeling ned på det enkelte område ikkje er kjent ved utarbeiding av budsjettet, fordeling av budsjetttert lønsbuffer, flytting av tenestetilbod fra eit område til eit anna, og oppretting av feil som blir oppdaga og som ikkje har prinsipiell betyding. Kommunedirektøren blir og delegert mynde til å gjere nødvendige budsjettendringar for å etablert ny organisasjonsstruktur.
3. Investeringsbudsjettet 2025 og økonomiplana sin investeringsdel for 2025 – 2028 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, første ledd», med løyvingar til dei prosjekt som går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, andre ledd»
4. Det blir vedteke å ta opp lån i 2025 med kr. 29 000 000,- til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva, tilskot og salsinntekter er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med 30.000.000,-. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp lånet, vel långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.
5. For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglene for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. esktl. § 4 tredje ledd.
6. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Aukra kommune vedteke i kommunestyret den 09.10.2018, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2024, jf. esktl § 10.
8. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.
9. Nye satsar for gebyr på kommunen sine varer og tenester blir vedteke slik det går fram av kapittelet gebyrliste. Gebyrlista må bli oppdatert med vedtekne innmeldte tiltak som påverkar gebyr/brukarbetaling.

Kommunedirektøren sitt forslag

1. Driftsbudsjettet 2025 og økonomiplana sin driftsdel for 2025 – 2028 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, første ledd», og «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, andre ledd»
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å foreta budsjettendringar i kurante saker. Dette omfattar blant anna endringar i oppgåvefordeling, fordeling av andre fellesutgifter kor fordeling ned på det enkelte område ikkje er kjent ved utarbeiding av budsjettet, fordeling av budsjettert løns-buffer, flytting av tenestetilbod fra eit område til eit anna, og oppretting av feil som blir oppdaga og som ikkje har prinsipiell betyding. Kommunedirektøren blir og delegert mynde til å gjere nødvendige budsjettendringar for å etablert ny organisasjonsstruktur.
3. Investeringsbudsjettet 2025 og økonomiplana sin investeringsdel for 2025 – 2028 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, første ledd», med løyvingar til dei prosjekt som går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, andre ledd»
4. Det blir vedteke å ta opp lån i 2025 med kr. 29 000 000,- til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva, tilskot og salsinntekter er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med 30.000.000,-. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp lånet, vel långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.
3104 Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol. - Tiltaksklasse 1 Bygningstype: 231- 249,421-439 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	5 602,00	5 842,89	240,89	4,30%	
3105 Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol. - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype: 231- 249,421-439 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	8 402,00	8 763,30	361,30	4,30%	
3106 Forretningsbygg, offentleg tilgjengelege publikumsbygg, sjukehus og andre bygg for behandling ol. - Tiltaksklasse 1 Bygningstype: 311- 322,329-429,441-449,710- 829 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	11 203,00	11 684,73	481,73	4,30%	
3107 Forretningsbygg, offentleg tilgjengelege publikumsbygg, sjukehus	Pris kr per. brukseining	11 203,00	11 684,73	481,73	4,30%	

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
og andre bygg for behandling ol. - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype: 311- 322,329-429,441-449,710- 829 § 3.11.1						
3108 Bygg for overnatting mv. - Tiltaksklasse 1 Bygningstype: 511-529 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	11 203,00	11 684,73	481,73	4,30%	
3109 Bygg for overnatting mv. - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype: 511-529 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3110 Bygg for servering mv. - Tiltaksklasse 1 Bygningstype: 531-539 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	9 803,00	10 224,53	421,53	4,30%	
3111 Bygg for servering mv. - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype: 531-539 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3112 Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol. - Tiltaksklasse 1 Bygningstype: 611- 649,661-669,671-679,830- 840 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3113 Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol. - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype: 611- 649,661-669,671-679,830- 840 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3114 Idrettsbygg ol. - Tiltaksklasse 1 Bygningstype: 651-659 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	9 803,00	10 224,53	421,53	4,30%	
3115 Idrettsbygg ol. - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype: 651-659 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3116 Tilbygg og påbygg mv. for annet enn bustad - Tiltaksklasse 1 Bygningstype 211-840 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3117 Tilbygg og påbygg mv. for annet enn bustad - Tiltaksklasse 2 og 3 Bygningstype 211-840 § 3.11.1	Pris kr per. brukseining	21 004,00	21 907,17	903,17	4,30%	
3120 Røryanlegg, leidningsanlegg mv. -	Pris kr per. søknad	7 002,00	7 303,10	301,10	4,30%	

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Inntil X løpemeter § 3.11.1						
3121 Røyranlegg, leidningsanlegg mv. - Over X løpemeter § 3.11.1	Pris kr per. søknad	7 002,00	7 303,10	301,10	4,30%	
3122 Fasadeendring § 3.11.2	Pris kr per. søknad	700,00	730,10	30,10	4,30%	
3123 Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg med kulturminneinteresse § 3.11.2	Pris kr per. søknad	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3130 Svømmebasseng , dam/brønn og liknande - Tiltaksklasse 1 § 3.11.1	Pris kr per. tiltak	11 203,00	11 684,73	481,73	4,30%	
3131 Svømmebasseng , dam/brønn og liknande - Tiltaksklasse 2 og 3 § 3.11.1	Pris kr per. tiltak	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3132 Brygge, molo, kai ol. - Tiltaksklasse 1 § 3.11.1	Pris kr per tiltak	11 203,00	11 684,73	481,73	4,30%	
3133 Brygge, molo, kai ol. - Tiltaksklasse 2 og 3 § 3.11.1	Pris kr per tiltak	14 004,00	14 606,17	602,17	4,30%	
3140 Bruksendring mv. med endring av bygning, tekniske installasjonar mv. § 3.11.3	Pris kr per. søknad	5 602,00	5 842,88	240,88	4,30%	
3141 Bruksendring mv. utan endring av bygning, tekniske installasjonar mv. § 3.11.3	Pris kr per. søknad	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3150 Riving mv. av andre bygg, konstruksjonar og anlegg § 3.11.4	Pris kr per. Tiltak	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3151 Riving mv. av bygg, konstruksjon, anlegg med kulturminneinteresse § 3.11.4	Pris kr per. Tiltak	5 602,00	5 842,88	240,88	4,30%	
3152 Tilleggsgebyr ved krav om avfallsplan § 3.11.4	Pris kr per. Tiltak	2 801,00	2 921,44	120,44	4,30%	
3160 Sanitærinstallasj onar, ventilasjons- /sprinkler-/antenne- /solcelleanlegg, heis, støttemur og liknande § 3.11.5	Pris kr per. Tiltak	5 602,00	5 842,88	240,88	4,30%	
3161 Skorstein og andre enkle tiltak § 3.11.5	Pris kr per. Tiltak	700,00	730,10	30,10	4,30%	

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
3170 Samanføyning av brukseiningar i bustad mv. § 3.11.6	Pris kr per. Søknad	700,00	730,10	30,10	4,30%	
3171 Oppdeling av brukseiningar i bustad mv. § 3.11.6	Pris kr per. ny bueining	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3180 Innhegning mot veg (eksempelvis støyskjermet) § 3.11.7	Pris kr per. Tiltak	2 801,00	2 921,44	120,44	4,30%	
3181 Enkelt skilt eller reklame § 3.11.7	Pris kr per. Tiltak	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3182 Skiltplan med fleire enn to skilt § 3.11.7	Pris kr per. Søknad	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3190 Plassering av andre midlertidige bygningar mv. som skal stå i inntil 2 år § 3.11.8	Pris kr per. Søknad	7 002,00	7 303,10	301,10	4,30%	
3200 Vesentlege terrenginngrep § 3.11.9	Pris kr per. Søknad	5 602,00	5 842,88	240,88	4,30%	
3210 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass - Tiltaksklasse 1 § 3.11.10	Pris kr per. Tiltak	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3211 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass - Tiltaksklasse 2 § 3.11.10	Pris kr per. Tiltak	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3212 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass - Tiltaksklasse 3 § 3.11.10	Pris kr per. Tiltak	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3220 Vedtak om etablering av grunneigedom, herunder søknad om frådeling av grunneigedom og innløyising av festetomt (deling) § 3.12	Pris kr per. Matrikkeleining	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3221 Vedtak om arealoverføring § 3.12	Pris kr per arealoverføring	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3230 Mindre tiltak på bebygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b § 3.12	Pris kr per. Tiltak	2 801,00	2 921,44	120,44	4,30%	
3231 Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ei brukseining, jf. SAK § 3-1 c § 3.12	Pris kr per. Søknad	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3232 Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d § 3.12	Pris kr per. Tiltak	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
3233 Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2 § 3.12	Pris kr per. Tiltak	5 602,00	5 842,88	240,88	4,30%	
3234 Midlertidige bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c § 3.12	Pris kr per. Tiltak	7 002,00	7 303,10	301,10	4,30%	
3240 Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd § 3.13	Pris kr per. Untak	7 002,00	7 303,10	301,10	4,30%	
3241 Godkjenning av sjølvbyggeransvar, SAK § 6-8 § 3.13	Pris kr per. Søknad	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3242 Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til praksis mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4 § 3.13	Pris kr per. Føretak	4 201,00	4 381,64	180,64	4,30%	
3250 Igangsetjingsløyve § 3.14	Pris kr per. Løyve	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3260 Utendørsplanar under 5.000 m2 § 3.15	Pris kr per. Plan	2 801,00	2 921,44	120,44	4,30%	
3261 Utendørsplanar Frå 5.000 m2 § 3.15	Pris kr per. Plan	2 801,00	2 921,44	120,44	4,30%	
3270 Midlertidig bruksløyve § 3.16	Pris kr per. søknad	1 400,00	1 460,20	60,20	4,30%	
3271 Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan opphøveleg byggeløyve blei gitt § 3.16	Pris kr per. søknad	700,00	730,10	30,10	4,30%	

Gebyr oppmåling

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
5000 Søknadspliktige tiltak etter matrikkellova. § 5.2	Pris kr per. Søknad	3 840,00	4 289,28	449,28	11,70%	
5010 Registreringspliktig arbeid § 5.3	Pris kr per. Grunneigendom	1 920,00	2 144,64	224,64	11,70%	
5020 For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene § 5.4	Pris kr per. Time	1 280,00	1 429,76	149,76	11,70%	
5030 Utarbeiding av privatrettslege dokument § 5.5	Pris kr per. time	1 280,00	1 429,76	149,76	11,70%	
5040 Oppretting av grunneigedom og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn,	Pris kr per. Ny matrikkeleining	5 120,00	5 719,04	599,04	11,70%	

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
samt arealoverføring § 5.6.1						
5041 Festegrunn § 5.6.1	Pris kr per. Matrikkeleining	5 120,00	5 719,04	599,04	11,70%	
5042 Oppretting av uteareal på eigarseksjon § 5.6.1	Pris kr per. Tilleggsdel	3 840,00	4 289,28	449,28	11,70%	
5043 Registrering av anleggseigedom § 5.6.1	Pris kr per. Ny anleggseigendom	2 560,00	2 859,52	299,52	11,70%	
5044 Oppretting av matrikkeleining uten fullført oppmålingsforretning § 5.6.1	Pris kr per. Matrikkeleining	10 240,00	11 438,08	1 198,08	11,70%	
5045 Gebyr for første grensepunkt § 5.6.1	Pris kr per. Første grensepunkt	561,00	626,64	65,64	11,70%	
5046 Gebyr per påfølgande grensepunkt. § 5.6.1	Pris kr per påfølgande grensepunkt	281,00	313,88	32,88	11,70%	
5050 Grensejusteri ng § 5.6.2	Pris kr per. Delareal	2 560,00	2 859,52	299,52	11,70%	
5051 Arealoverførin g til offentlig veg § 5.6.2	Pris kr per. Delareal	2 560,00	2 859,52	299,52	11,70%	
5052 Grensepåvisin g av tidlegare koordinatfesta grenser § 5.6.2	Pris kr per. Søknad	3 840,00	4 289,28	449,28	11,70%	
5053 Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfestet i tidlegare forretning§ 5.6.2	Pris kr per. søknad	7 679,00	8 577,44	898,44	11,70%	
5054 Gebyr for første grensepunkt § 5.6.2	Pris kr per. Første grensepunkt	561,00	626,64	65,64	11,70%	
5055 Gebyr per påfølgande grensepunkt. § 5.6.2	Pris kr per. Påfølgande grensepunkt	281,00	313,88	32,88	11,70%	
5060 Avbrote forretning § 5.7	Per. søknad	Fullt gebyr	Fullt gebyr			
5070 Ved samtidig oppmåling av 2 til 4 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirert av same rekvirent, gis følgande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon. § 5.8	Per. Søknad	20% av gebyr	20% av gebyr			

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
5071 Ved samtidig oppmåling av fleire enn 4 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirert av same rekvirent, gis følgande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon. § 5.8	Per. søknad	35% av gebyr	35% av gebyr			
5080 Utarbeiding av matrikkelbrev over 10 sider § 5.9	Pris kr per. Matrikkelbrev	350,00	390,95	40,95	11,70%	§ 16.Gebyr for arbeid etter matrikkellova
5080 Utarbeiding av matrikkelbrev under 10 sider § 5.9	Pris kr per. Matrikkelbrev	175,00	195,48	20,48	11,70%	§ 16.Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Gebyr for plansaker

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
2300 Timepris § 2.2	Pris kr	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2310 Grunngebyr, privat planforslag § 2.3.1	Pris kr	39 518,00	41 296,31	1 778,31	4,50%	
2320 Oppstartsmøte § 2.3.2	Pris kr	11 065,00	11 540,80	475,80	4,30%	
2330 Undervegsmøte § 2.3.3	Pris kr	7 113,00	7 418,86	305,86	4,30%	
2340 Planprogram § 2.3.4	Pris kr per planforslag	1 580,00	1 647,94	67,94	4,30%	
2341 Konsekvensutgreiing § 2.3.4	Pris kr per konsekvensutgreing	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2350 Forslag i strid med kommuneplan § 2.3.5	Pris kr per planforslag	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2360 Over 10 arealformål/omsynssoner § 2.3.6	Pris kr per planforslag	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2361 Tillegg per arealformål/omsynssone over 15 § 2.3.6	Pris kr per arealformål	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2370 Planforslag med areal over 35 000 m2 § 2.3.7	Pris kr per planforslag	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2380 Planforslag med over 20 tomter for bygging § 2.3.8	Pris kr per planforslag	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2390 Endringar som behandlast som ny plan § 2.4	Pris kr per planforslag	Fullt gebyr etter §2.4	Fullt gebyr etter §2.4			
2391 Endringar i reguleringsplan, delegert vedtak § 2.4	Pris kr per planforslag	12 646,00	13 215,07	569,07	4,50%	
2392 Endringar i reguleringsplan, politisk behandling § 2.4	Pris kr per planforslag	18 968,00	19 821,56	853,56	4,50%	

Økonomiplan for 2025-2028

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
2400 Tillegg for planforslag som ikkje er levert etter gjeldande SOSI-standard § 2.5	Pris kr per søknad	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2401 Tillegg for mangelfulle plandokument til behandling § 2.5	Pris kr per søknad	1 580,00	1 651,10	71,10	4,50%	
2410 Trekking av sak før varsel om oppstart eller planmynde beslutter at initiativet skal stoppas § 2.6	Pris kr per planinitiativ	Grunngebyr + oppstartmøte	Grunngebyr + oppstartmøte			
2411 Trekking av sak etter oppstart, men før innsending av forslag § 2.6	Pris kr per plan forslag	Grunngebyr + oppstartmøte + g	Grunngebyr + oppstartmøte + g			
2412 Avslutning av sak etter at planforslaget er mottatt av kommunen § 2.6	Pris kr per planforslag	80% av fullt gebyr	80% av fullt gebyr			
2413 Avslag etter plan- og bygningslova § 12-11 § 2.6	Pris kr per planforslag	Fullt gebyr	Fullt gebyr			

Gebyr for seksjonering

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
4000 Grunngebyr § 4.2	Pris kr per. Søknad	1 620,00	1 620,00	0,00	0,00%	
4010 Mangelbrev § 4.3	Pris kr per. Brev	405,00	405,00	0,00	0,00%	
4020 For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene § 4.4	Pris kr per time	810,00	810,00	0,00	0,00%	
4030 Frå 1 til 4 nye seksjonar § 4.5	Pris kr per. søknad	810,00	810,00	0,00	0,00%	
4031 Tillegg per ny seksjon utover 4 § 4.5	Pris kr per. Seksjon	405,00	405,00	0,00	0,00%	
4040 Frå 1 til 4 nye seksjonar § 4.6	Pris kr per. Søknad	1 620,00	1 620,00	0,00	0,00%	
4041 Tillegg per ny seksjon utover 4 § 4.6	Pris kr per. Seksjon	405,00	405,00	0,00	0,00%	
4050 Saksbehandlings gebyr for å slette seksjonar på ein eigedom § 4.7	Pris kr per. Grunneigedom	405,00	405,00	0,00	0,00%	
4060 Gebyr for synfaring § 4.8	Pris kr per. Synfaring	2 430,00	2 430,00	0,00	0,00%	

Husleige kommunale boligar

Økning etter SSB sin KPI september 2023 - september 2024

Det er ulik alder og stand på bustadane.

Utleigeboligar

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Enebolig 5 soverom	Leie per mnd.	9 175,00	9 451,00	276,00	3,01%	
Hybel i enebolig 1 soverom	Leie per mnd.	3 773,00	3 886,00	113,00	2,99%	
Leilighet 1 soverom	Leie per mnd.	8 206,00	8 453,00	247,00	3,01%	
Leilighet 1 soverom	Leie per mnd.	4 805,00	4 949,00	144,00	3,00%	
Leilighet 1 soverom	Leie per mnd.	5 617,00	5 786,00	169,00	3,01%	
Leilighet 2 soverom	Leie per mnd.	6 864,00	7 070,00	206,00	3,00%	
Leilighet 2 soverom	Leie per mnd.	7 231,00	7 448,00	217,00	3,00%	
Leilighet 2 soverom	Leie per mnd.	9 065,00	9 337,00	272,00	3,00%	
Leilighet 3 soverom	Leie per mnd.	6 424,00	6 617,00	193,00	3,00%	
Leilighet 3 soverom	Leie per mnd.	8 960,00	9 229,00	269,00	3,00%	

Omsorgsboligar

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
1 soverom	Leie per mnd.	6 424,00	6 617,00	193,00	3,00%	
1 soverom, spesielt tilrettelagt	Leie per mnd.	7 556,00	7 783,00	227,00	3,00%	
1 soverom, spesielt tilrettelagt	Leie per mnd.	6 691,00	6 892,00	201,00	3,00%	

Omsorgssenter

Gebyr	Eining	Sats 2024	Sats 2025	Endring i kr	Endring i %	Merknad
1 soverom	Leie per mnd.	8 421,00	8 674,00	253,00	3,00%	

Satsingsområde

Attraktiv kommune

Innleiing

Attraktiviteten til ein stad kan seiast å vere staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten er eit resultat av ulike faktorar, mellom anna senterstruktur, gode offentlege tenester, kultur-og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod. Det er ønskeleg å kunne legge til rette for eit variert butilbod i form av bustadtypar og bumiljø.

Politisk har det lenge vore ønske om å etablere eit fastlandssamband for å møte utfordringane med etablering og rekruttering. Aukra kommune set av store deler av eigedomsskatteinntektene til finansiering av prosjektet over Kjerringsundet. Sjølv om nasjonal transportplan 2025-2036, vedteke juni 2024, ikkje finansierar/utsett "Møreaksen", og i praksis då også "Kjerringsundet", så er det vedteke å fortsette med å sette av store deler av eigedomsskatteinntektene til fond for finansiering av vegsambandet.

Mykje av attraktiviteten og bulyst knyter seg til «rett retning» i høve barnehage, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Rett retning blir eit uttrykk for å få den daglege logistikken til å fungere. Bumiljøa bør elles kunne ta omsyn til behova i livsløpet, skape kontakt mellom generasjonar og dermed legge til rette for at så mange som mogeleg kan bu heime så lenge som mogeleg.

Barn og unge

Innleiing

Barn og unge sin trivsel og utvikling er viktig for individet sjølv, for samfunnet og for framtidig rekruttering og busetjing. I Barnebyksrapporten av 2016 frå Møre og Romsdal fylkeskommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal heiter det følgjande (s. 47): «*Barn og unge er meir sårbare enn vaksne og treng at samfunnet tar eit ekstra ansvar. Dei har særskilte behov for varetaking, tryggleik og deltaking.*»

Alt arbeidet for barn og unge, i barnehagar, skole og fritids- og kulturlivet skal vere førebyggjande, helsefremjande og utjamnande med omsyn til sosiale skilnader. Vi må styrke dei heilskaplege oppvekstvilkåra ved hjelp av samhandling og samarbeid på tvers av sektorar, avdelingar og fag.

Oppfølginga og konkretiseringa av kommuneplana sitt satsingsområde "Barn og unge" er først og fremst gjennom Barne- og ungdomsplanen 2021-2030. Plana har følgjande satsingsområder:

- Eit godt psykososielt oppvekstmiljø
- Utjamne sosiale skilnader
- Medverknad frå barn og unge
- Eit godt fysisk oppvekstmiljø
- Tidleg innsats

Til kvar av satsingsområda er det vedteke delmål og tiltak.

Velferd og omsorg

Innleiing

Kommunen kan vente seg store utfordringar mellom anna knytt til auken i tal eldre. Det er ikkje berekraftig med dagens drift og organisering, verken økonomisk eller i høve til tilgang på kvalifisert personell. Saksområde «Velferd og omsorg» er komplekst og fleire ulike tema/fagplaner er utarbeidd og skal utarbeidast for å følgje opp kommuneplana og gje innhald til tiltak og strategiar. Omsorgsplan 2020-2030, er sentralt i dette arbeidet. Vidare er også Bustadpolitisk plan (2024) , Psykisk helse og rus, Rekrutteringsplan viktige.

Aukra i regionen

Innleiing

Aukra er ein del av bu- og arbeidsmarknadsregionen Molde (Molde, Vestnes, Aukra, Hustadvika og Gjemnes).

I samband med kommunereforma valde Aukra kommune å stå aleine. Aukra har god økonomi, men vil måtte sjå utover eigne grenser for å dekke opp tenester og kompetanse som det ut frå erfaring er vanskeleg å rekruttere. Aukra vil arbeide for eit godt omdømme i, og eit godt samarbeid med, kommunane i regionen.

Fornyng, forenkling og forbetring

Innleiing

Kommuneorganisasjonen må heile tida vere på utkikk etter forbetringar i oppgåveløysinga si. Framover blir det svært viktig å kunne kommunisere med innbyggjarane – næringsliv og einskildpersonar – i digitale løysingar. Det må vere løysingar som er så gode at dei blir opplevd som ei forenkling og at dei vert tekne i bruk.

Å digitalisere arbeidsprosessar på områder i den kommunale tenesteutviklinga, samt at innbyggjarane og næringslivet skal velje digital dialog med kommunen, vert eit satsingsområde framover.

Ein godt fungerande velferdsteknologi med dei rette hjelpemidla på plass til dei som har behov, er heilt naudsynt for at det offentlege skal kunne løyse oppgåvene sine, når delen i befolkninga med hjelpebehov vert høgare.

Kompetente medarbeidarar, rekruttering

Innleiing

Aukra kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar med rett utdanning for arbeidet.

Ein offensiv for fagutdanning gjennom meir og betre utnytting av lærlingordninga og studentpraksis vil vere ein styrke når ein vil trekke til seg kompetent arbeidskraft. Fagkompetanse har stort fokus, men like viktig er å vere med i utviklinga innan digitalisering som skal gje betre tenester og meir effektiv ressursbruk.

Berekraftig økonomiforvaltning

Innleiing

Aukra kommunestyre vedtok i 2015 (sak 143/15) å sette av 90 mill. kroner dei kommande 20 åra for å kunne realisere prosjektet Kjerringsundet for å sikre fastlandsløysing. Seinare er avsetjinga vedteke auka til 100 mill. kroner pr år. Etter avtale (2022) med Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar av framtidige "Kjerringsundet" forpliktar Aukra kommune seg, ut frå finansieringsbehov og prinsippa om sjølvfinansierande prosjekt å avsette til fond for fastlandsløysing 100 mill. kroner årlegfram til Aukra kommune sin del av faktiske prosjektkostnad, med frådrag av meirverdiavgift, bompengelån og ferjeavløysingstilskot er fullt ut finansiert. Aukra kommune forpliktar seg og å tilføre avkasting/renteinntekter på dei avsette midlane til fond for finansiering av fastlands-prosjektet. Vidare forpliktar Aukra kommune å indeksregulere årleg avsett tilskotet etter Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin byggekostnadsindeks for veganlegg¹. Første gong for 2023- avsettinga, og då ut frå startindeks som er sett til januar 2022.

I kommunelova går det fram at kommunen si langsiktige planlegging skal ha mål om ei berekraftig økonomisk utvikling som ikkje står i vegen for at framtidige generasjonar klarer å ivareta sine interesser (generasjonsprinsippet). I åra framover er det viktig å ha dette fokuset med i kommunen si økonomiforvaltning. Tenestetilbod til kommande generasjonar, vil ut frå det ein i dag er kjent med, måtte løysast med betydeleg lågare inntekter til finansiering. Det er derfor viktig at vi etablerer eit berekraftig utgiftsnivå, og at vi legg grunnlag for at seinare generasjonar kan ta i vare drifts-, vedlikehald og nyinvesteringar av kommunen sine bygg og anlegg.

Klima og miljø

Innleiing

Norge har gjennom to klimaforlik i Stortinget, i 2008 og 2012, vedtatt mål for klimapolitikken og tiltak for å nå måla. Følgjande overordna mål er sette for klimapolitikken

- Norge skal overoppfylle Kyoto-forpliktelsen med 10 prosentpoeng i første forpliktelsesperiode.
- Norge skal fram til 2020 påta seg en forpliktelse om å kutte de globale utslippene av klimagasser tilsvarende 30 prosent av Norges utslipp i 1990.
- Norge skal være karbonnøytralt i 2050.
- Som en del av en global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tar på seg store forpliktelser, skal Norge ha et forpliktende mål om karbonnøytralitet senest i 2030. Det innebærer at Norge skal sørge for utslippsreduksjoner tilsvarende norske utslipp i 2030.

Aukra kommune ønsker å vera ein aktiv medspelar i dette arbeidet og vere ein pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal gjere miljøvenlege val.

Klima- og miljøplan 2030, vedteke i 2021, ligg til grunn for den vidare innsatsen og er samla omkring følgjande overordna mål og strategiar:

- I 2030 tar alle i Aukra kommune miljø- og klimavennlege val
- I 2030 er Aukra kommune eit klimatilpassa og trygt lokalsamfunn
- I 2030 har Aukra kommune redusert energibruken i alle kommunale bygg og brukar fornybare energikjelder og utsleppsfri energi
- I 2030 reiser Aukrainnbyggjarane med miljøvennleg transport
- I 2030 har alle i Aukra kommune redusert mengda avfall og auka graden av gjenbruk og gjenvinning
- I 2030 har Aukra kommune eit rikt natur- og kulturlandskap

Til kvar av satsingsområda er det utforma tiltak /"slik gjer vi det".

Klimabudsjett

Klimabudsjett

Kommunens klimamål

I desember 2021 vart Klima- og miljøplan 2030 for Aukra kommune vedteke i K-sak PS-84/21. I denne plana vart det vedtatt ei rekke mål og strategiar innan klima og miljø. Hovudmåla skildrar resultata vi ønsker å oppnå i samhandling med innbyggjarane, samfunnet og for organisasjonen. Måla er overordna og tett knytt saman med FNs berekraftsmål, og dei nasjonale og regionale mål for klima- og miljøarbeid. Innanføre klima har Aukra kommune sett seg følgjande klimamål:


Aukra kommune skal bidra til at det nasjonale målet om 55 prosent kutt av klimagassutslepp i ikkje-kvotepliktig sektor vert nådd i 2030.

Aukra kommune skal gjere sitt for at det nasjonale målet om null CO₂-utslepp innan 2050 vert nådd, både ved å redusere utsleppa og auke CO₂-opptaka.

I global samanheng skal Aukra kommune fremme lågutsleppssamfunnet med å redusere forbruket og stille klimakrav til varer og tenester som kommunen kjøper.

Historiske utslepp

Miljødirektoratet publiserer statistikk over utslepp av klimagassar i alle norske kommunar. Statistikken går tilbake til 2009 og omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanføre kommunen si geografiske grense.



Miljødirektoratet kan ikkje produsere utslepprekneskap for kommunar med tidsserie lenger tilbake i tid enn til 2009, dette er på grunn av at det enten ikkje finns datagrunnlag eller at datagrunnlaget ikkje har tilstrekkeleg kvalitet lenger tilbake i tid.


Målet om kutt i ikkje-kvotepliktig sektor tar som utgangspunkt at ein skal kutte utsleppa med 55% samanlikna med referanseåret 1990. Dersom vi skal nytte 1990 som referanseår må vi gjere berekningar sjølv, dette vil vere ressurskrevjande samtidig som det vil vere knytt stor usikkerheit til dei tala ein får. Sidan miljødirektoratet sitt rekneskap går tilbake til 2009, vil vi i det vidare arbeidet med klimabudsjettet bruke 2009 som referanseår, slik at vi kan nytte miljødirektoratet sitt rekneskap som tar utgangspunkt i ein godt utvikla metode for utsleppsberkning. Å endre referanseåret frå 1990 til 2009 vil truleg ha liten praktisk betydning for ambisjonsnivået for klimaarbeidet, men vil gjere klimabudsjettet meir robust som verktøy for resultatstyring framover. Når ein ser på dei nasjonale utsleppstala var utsleppa i 2009 rundt 4% høgare enn i 1990.

I Aukra kommune er dei største klimagassutsleppa frå industri, olje, gass og sjøfart. Totalt for alle kategoriane samla har klimagassutsleppa verte redusert med 45% i perioden 2009 til 2021. For områda innan industri, olje, gass og sjøfart har kommunen svært lite innverknad, og om vi ser vekk i frå desse kategoriane har utsleppa blitt redusert med 7% sidan 2009. Ut i frå grafen henta frå miljødirektoratet på førre side, kan vi sjå at det er sektoren industri, olje og gass som er den største utsleppssektoren, men det er også her hovuddelen av kutta har skjedd, frå 2009 er klimagassutsleppa i sektoren industri, olje og gass redusert med 55%.

Målet om at utsleppa skal reduserast med 55% fram mot 2030 gjeld for ikkje-kvotepliktige utslepp i alle sektorane. Kvotepliktig sektor er utsleppskategoriane som er omfatta av EUs kvotesystem. For Aukra kommune er det sektoren industri, olje og gass som inneheld kvotepliktige utslepp. Utslepp innanføre luftfart er i si heilskap kvotepliktig, og innanføre kategorien energiforsyning er det også delvis kvotepliktige utslepp. I Aukra kommune er dei berekna utsleppa i desse kategoriane lik null, og når vi skal sjå på mengda utslepp i kvotepliktig sektor er det difor berre kategorien industri, olje og gass vi må ta omsyn til.

I 2013 vart kvoteplikta utvida til å gjelde fleire verksemdar, spesielt dei landbaserte industrinæringane. Det vil seie at frå før 2013 er det ikkje tal på utslepp i kvotepliktig sektor for Aukra kommune.

For å sleppe å justere referanseåret ytterlegare er det gjort ei berekning ved bruk av lineær regresjon for talet på kvotepliktige utslepp dersom kvoteplikta gjaldt på same måte tilbake i 2009. Dette er berekna ut i frå tala frå 2013 til 2021 og forholdet mellom totalt utslepp i sektoren industri, olje og gass og den delen av utsleppa som er kvotepliktige. Då dette er gjort gjennom ei enkel berekning, er det usikkerheit knyt til nøyaktigheita ved talet.



Klimagassutslepp i ikkje-kvotepliktig sektor er i perioden 2009 til 2021 redusert med 20,4%. Dei siste åra har utsleppa i ikkje-kvotepliktig sektor variert, og vi ser at for å oppnå målet om 55% reduksjon fram mot 2030 må vi sette i gang fleire tiltak som kan bidra til å nå målet.

Det er verdt å merke seg at vi i denne sammenhengen ser på direkte utslepp, altså dei utsleppa som skjer innanføre kommunen sitt geografiske område. Men alle i Aukra kommune bidreg til ei stor mengde utslepp utanføre kommunen sitt geografiske området, dette er dei indirekte utsleppa våre, desse er mange gonger større enn det direkte utsleppet vårt. Dei indirekte utsleppa er utslepp forbundet med varar og tenester som importerast til kommunen. Utsleppa knytt til produksjonen av bilane vi køyrer og andre produkt vi kjøper skjer andre stadar i verda, produksjonen av maten vi et, fører og med seg store utslepp som i all hovudsak skjer utanfor kommunen sine grenser. I tillegg bidreg vi til mykje utslepp når vi reiser utanfor kommunen. Alle desse utsleppa er ein konsekvens av aktiviteten til våre innbyggjarar og utgjer ein del av dei indirekte utsleppa våre.

Direkte utslepp – utslepp som fysisk finn stad innanføre eit geografisk område.

Indirekte utslepp – omfattar utslepp som oppstår utanføre det geografiske området som ein konsekvens av varer og tenester innanføre det geografiske området.

Klimafotavtrykk – omfattar både direkte og indirekte utslepp.

Grunnen til at indirekte utslepp ikkje er ein del av klimarekneskapet er fordi at våre indirekte utslepp er direkte utslepp i andre kommunar eller i andre land, så for å unngå dobbelttelling tek vi berre utgangspunkt i dei direkte utsleppa. Det vil og vere vanskeleg å fordele ansvaret for utsleppa dersom ein skal berekne indirekte utslepp. Men det er mykje vi kan gjere for å få ned dei indirekte utsleppa våre, og det siste klimamålet i kommunen sin miljø- og klimaplan er at vi skal fremme lågutsleppssamfunnet med å redusere forbruket og stille klimakrav til varer og tenester som kommunen kjøper, ved å gjere dette kan vi bidra til å redusere kommunen sine indirekte klimagassutslepp.

Klimasjekk

Aukra kommune har fått gjennomført ein klimasjekk som tilbod frå Sparebanken 1 SMN. Undersøkinga er ei enkel kartlegging som skal gå inn som grunnlag for revisjon av klima og miljøplanen samt utarbeiding av klimabudsjett i 2025.

Konklusjonen er at klimaarbeidet i Aukra tilfredsstillar fleire relevante lovpålagte eller forventa minstekrava, men det er behov for fleire og tydlegare tiltak.

Det er positivt at klima og miljø er eige satsingsområde i kommuneplana samt at det er utarbeida ein klima- og miljøplan. Situasjonsforståinga samt fastsetting av mål er positivt.

Særskilt er det forankring av berekraft i organisasjonen samt kompetansenivået om berekraft og miljø i organisasjonen som må forbetrast.

Utvikling i befolkning

Aukra kommune sin samfunnsdel av kommuneplana vart vedteke i februar 2019. Under satsingsområdet attraktiv kommune er det fastsett eit hovudmål om at kommunen skal ha ei positiv utvikling av folketalet lik gjennomsnittet i landet.

	2020	2021	2022	2023	2024
Folkemengde 1.1	3509	3522	3518	3654	3678
Fødte	30	20	26	24	30
Døde	26	35	32	36	34
Fødselsoverskudd	4	-15	-6	-12	-4
Innflyttinger	152	203	198	324	241
Utflyttinger	201	176	194	176	208
Nettoinnflytting	-49	27	4	148	33
Folketilvekst	-45	13	-4	136	24
Årlig vekst i %	-1,3	0,4	-0,1	3,7	0,7
hvorav:					
Innvandring	14	26	37	59	69
Utvandring	4	17	21	11	48

I 2023 har det vore ein vekst i folketalet i Aukra på 24 personar, ein markant nedgang frå året som hadde ein vekst på 136 (3.7%) personar. Med eit negativt fødselsoverskot det året er det nettoflyttinga som forklarar veksten. Veksten begge åra er i stor grad knytt til flyktningar. Tal på ukrainske flyktningar auka med 22. Utan innvandringa frå Ukraina ville folketalet ha auka med 2 innbyggjarar. Aukra har totalt 122 personar frå Ukraina pr 01.01.24. Ein har altså ein folkevekst til trass for at eit negativt fødselsoverskot med fleire døde enn fødte

Aukra må ha høy og positiv attraktivitet for busetting og næringsliv for å få vekst i folketalet. Høy attraktivitet kan ikkje tas for gitt, sjølv om den har vore positiv tidlegare.

Talet på fødsjar går stadig ned og det har vore eit negativt fødselsoverskot dei siste 3 åra

Folketalet i 2024 er 1139 på fastlandet og 2537 på Gossen og Orten. Veksten i folketalet er langt større på Julsundet enn på Gossen. Pr 2024 er det 27 innbyggjarar over 80 år i Julsundet og 174 på øydelen.

Tabellen nedanfor viser historiske befolkningstal for Aukra kommune:

Økonomiplan for 2025-2028

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 - åringer	39	36	27	35	30	33	31	23	31	22	28
Barnehage (1-5 år)	215	226	215	210	203	181	175	178	176	186	176
Grunnskole (6-15 år)	475	490	501	504	491	509	502	504	477	498	492
Videregående (16-19 år)	172	188	197	189	203	195	180	193	191	211	214
Voksne (20-66 år)	1 938	1 958	1 990	2 007	2 003	1 989	1 971	1 977	1 987	2 064	2 093
Eldre (67-79 år)	354	387	410	414	438	445	455	455	461	473	471
Eldre (80-89 år)	146	149	144	152	156	153	161	152	155	158	160
Eldre (90 år og eldre)	38	32	34	36	33	34	34	40	40	42	44
Total	3 377	3 466	3 518	3 547	3 557	3 539	3 509	3 522	3 518	3 654	3 678

SSB uttaler i sin rapport Nasjonal befolkningsframskriving 2022: ".....Befolkningsframskrivinger er i utgangspunktet usikre. Denne usikkerheten øker normalt jo lenger inn i framtiden vi ser. På grunn av den pågående krigen i Ukraina har det vært spesielt vanskelig å formulere våre forutsetninger knyttet til migrasjon, også på kort sikt. Brukere må huske på dette når de bruker de ulike alternativene fra 2022-framskrivingene, både på kort og lang sikt."

Framskrivning av befolkningsvekst basert på SSB sin siste framskriving i 2022, har ikkje vore representative tal for Aukra. Årsaka er den høge busettinga av flyktningar i åra 2022. SSB sine beolkningstal pr. 1.7.23 var høgare enn befolkning etter framskrivng pr. 1.1.2024.

For åra 2024 til 2027 har kommunen derfor bedt Telemarksforskning utabeidd egne framskrivingar basert på lokale forhold. Framskrivning av eigen befolkning viser at allereie i 2030 har talet på innbyggjarar over 80 år auka med 84 personar, tilsvarande ei auke på 42%. I aldersgruppa 6-15 år forventar vi nedgang på 66 barn (13%). 0-5-åringar viser nesten inga endring i denne perioden. Framskrivinga av samla folketal viser ei auke på 4,3% i perioden fram til 2030, då prognosen viser eit folketal på 3811.

Demografi


Befolkningsprognose

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
0 - åringer	28	33	35	37	37	39	39	40	41	41	41
Barnehage (1-5 år)	176	167	173	184	190	202	209	215	217	223	225
Grunnskole (6-15 år)	492	500	491	489	488	464	465	467	471	463	464
Videregående (16-19 år)	214	225	231	219	215	220	209	210	203	202	205
Voksne (20-66 år)	2 093	2 127	2 165	2 195	2 236	2 264	2 297	2 308	2 320	2 354	2 369
Eldre (67-79 år)	471	479	483	483	457	457	456	453	471	463	469
Eldre (80-89 år)	160	172	181	191	217	225	232	246	244	247	247
Eldre (90 år og eldre)	44	46	43	43	38	41	38	38	40	44	46
Total	3 678	3 749	3 802	3 841	3 878	3 912	3 945	3 977	4 007	4 037	4 066

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

Prognose vekst



Prognose type : Middels nasjonal vekst


Prognose periode : 10

Status og rammevilkår

Finansiering av kommunesektoren

Inntektssystemet

Inntektssystemet definerer det statlege bidraget som kommunane får til si drift i form av rammetilskot og skatteinntekter. Dette er inntekter som kommunen kan disponere fritt over, utan andre føringar enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei frie inntektene vert bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar.



Eit overordna føremål ved inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Ved fordeling av rammetilskot tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntektene. Dette vert gjort ved at utmålinga av rammetilskot vert påverka av utgifts- og inntektsutjamning.

Regjeringa la i kommuneproposisjon 2025 fram nytt inntektssystem for kommunane som skal gjelde frå 1.1.2025.

Inntektsutjamning

Det er store variasjonar i skattegrunnlaget mellom kommunane, noko som skaper store skilnader i inntektsnivå. Gjennom utjamninga av skatt på inntekt og formue for personlege skattytarar vert desse forskjellane delvis utjamna. Det betyr at kommunar med skatteinntekter mellom 100 og 90 pst. av landsgjennomsnittet vert kompensert med 62 pst. (frå 2026; 64 pst.) av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt for 62 pst. (frå 2026; 64 pst.) av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar som har skatteinntekter under 90 pst. av landsgjennomsnittet, vert kompensert for 35 pst. av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 pst. av landsgjennomsnittet. Denne tilleggs-kompensasjonen vert finansiert ved at kvar kommune vert trekt med eit likt sum per innbyggjar.

Utgiftsutjamning

For den enkelte kommune er det utarbeidd kostnadsnøklar som saman med andre kriteriedata seier noko om kor dyr kommunen er å drive. Ut frå kriteriedataene og kostnadsnøklerne blir det laga indeksar for å berekne utgiftsbehovet for den enkelte kommune. desse indeksane vert det gjort ei fordeling til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Kommunal- og distriktsdepartementet innhentar data fra Statistisk sentralbyrå, Kunnskapsdepartementet, Statens Vegvesen, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og NAV. Disse byggjer i hovudsak på data fra folkeregisteret og innrapporterte data fra kommunane. Utjamninga er ei rein omfordeling – det som vert trekt frå nokre kommunar vert delt ut til andre. Samla for landet er kostnadsnøkkelen lik 1, for Aukra kommune er denne for 2025 sett til 1,1109. Det vil seie at utgiftsbehovet i Aukra kommune samla vert vurdert å ligge 11,09 pst. (9,59 pst. i 2024) over samla gjennomsnittlege utgiftsbehov i landet.

Aukra kommune vil i 2025 få kr. 29.646.133,- i utgiftsutjamning medan vi fekk kr. 22.982.292,- året før.

Lenke: [Statsbudsjett 2025 - nøkkeltal for Aukra](#)

Statsbudsjettet sine føringar

Statsbudsjett 2025

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett vart lagt fram 7. oktober. I kommuneopplegget vert realveksten i *frie inntekter* for kommunane anslått til 5,15 mrd. kr, som svarar til 1,2 % vekst. Veksten er 150 mill. kr høgare enn det som vart varsla i kommuneproposisjonen i mai. Samtidig er anslaget for meirutgifter til pensjonskostnader som finansierast med frie inntekter, om lag 650 mill. kr lågare. Til saman gjev dette kommunane eit handlingsrom som er 0,8 mrd. kr høgare enn det som vart lagt til grunn i kommuneproposisjonen.

Ved berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter for 2025 er det lagt til grunn ein kostnadsvekst (deflator) på 4,1 %, fordelt med 4,5 % som årslønnsvekst og 3,5 % som prisvekst. I realveksten ligg det òg inne 1,7 mrd. kr til omlegginga av inntektssystemet, 250 mill. kr til bemanning i barnehagar og 150 mill. kr til psykisk helse.

Realveksten på 1,2 % er rekna frå inntektsnivået i 2024 slik det vart anslått etter behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett. Når veksten reknast frå anslag på rekneskap for 2024, vert inntektsveksten høgare, sidan den då reknast frå eit nedjustert nivå samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett 2024. Nedjusteringa for i år har samanheng med redusert skatteinntektsanslag for kommunane med 2,0 mrd. kr. Skatteveksten for i år er no anslått til 3,8 % nominelt for kommunane. På kostnadssida bør òg merkast at deflatoren er justert opp frå 4,3 prosent i RNB til 4,4 prosent.

Regjeringa foreslår at den kommunale skattøren for personlege skattyttarar for 2025 vert sett opp med 1,8 prosentpoeng. Denne betydelege auka har samanheng med at eigarinntekter blir teke ut av skattegrunnlaget for kommunane, og at den kommunale formuesskattesatsen blir redusert med en fjerdedel. I tillegg ligg det til grunn et makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektsandelen (inkl. egedomsskatt) framleis skal utgjere rundt 40 pst. av dei samla inntektene.

Ordinær skatt på inntekt og formue inkl. naturressursskatt for 2025 blir berekna til å bli 7,5 % høgare for kommunane samla, samanlikna med det sist justerte nivåanslaget for i år. Rammetilskotet for kommunane vert foreslege auka med 4,0 %. Sum frie inntekter vert etter dette anslått å auke med 5,8 % nominelt, tilsvarande ein realvekst på 1,7 %.

Tillegg til statsbudsjett 2025

Regjeringa la 1. november fram Prop. 1 S Tillegg 1 til Stortinget med forslag om endring av Statsbudsjett 2025. Regjeringa la då fram forslag om å auke løyvingane til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar samanlikna med t i Prop. 1 S (2024–2025). Bakgrunn vart opplyst å være den aktuelle situasjonen i kommuneøkonomien.

Auke i kommunane sine rammetilskot i 2025 var samla på kr, 4,3 mrd. kroner. Auka vart føreslått fordelt med eit likt beløp per innbyggjar pr. 1.7.2024. Auka utgjer 2,999 mill. kroner i 2025 for Aukra kommune. Auka i Prop. 1 S Tillegg 1 inneber ei varig auke i kommunane sine frie inntekter. Frå og med 2026 er innarbeidinga gjort gjennom ei oppjustering av innbyggjartilskot og skatteinntekter.

Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Rammetilskot	-148 427	-157 833	-152 333	-166 525	-165 011	-166 640	-168 852
Inntekt- og formuesskatt	-117 995	-124 210	-124 210	-141 055	-152 519	-154 386	-156 188
Eigedomsskatt	-250 498	-250 498	-260 398	-259 721	-259 721	-259 721	-259 721
Andre generelle driftsinntekter	-63 137	-48 593	-57 776	-54 463	-58 661	-44 169	-52 681
Sum generelle driftsinntekter	-580 056	-581 134	-594 717	-621 764	-635 912	-624 916	-637 442

Informasjon om sentrale inntekter

Frie inntekter

Her blir det gjeve ein omtale av kommunen sine generelle inntekter som ikkje knyt seg til eit bestemt formål, og som berre kommunestyre har mynde til å disponere.

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue er statlege frie inntekter. Kommunen nyttar KS sin prognosemodell i fastsettinga av desse. Som grunnlag for berekninga er det lagt inn forventa befolkningsvekst både for landet og for kommunen. I framskrivinga av kommunen sitt innbyggjartal er det lagt til grunn ei føresetnad om middels vekst knytt til fruktbarheit, levealder og innanlands flytting, medan det for innvandring er lagt til grunn høg vekst.

I statsbudsjettet for 2025, Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet, blir det gjort greie for løyvingar over kap. 571 Rammetilskot til kommunar. “Grønt hefte” er eit berekningsteknisk vedlegg til statsbudsjettet, som gjer greie for fordelinga av rammetilskotet i 2025.

I kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2025 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) sett til **307,580 mill. kroner**, som er 1,699 mill. kroner høgare enn i berekningane frå KDD. Kommunedirektøren legg per no til grunn **280,877 mill. kroner** som frie inntekter i år. Korrigerer vi med 2,751 mill. kroner, som er summen av såkalla oppgåveendringar i kommuneopplegget, får vi 283,460 mill. kroner i oppgåvekorrigerte frie inntekter 2024. *I kommunedirektøren sitt budsjettforslag blir det difor lagt til grunn ein nominell vekst i frie inntekter på 24,140 mill. kroner eller 7,7 %.*

Kommunedirektøren har for dei neste åra i planperioden (2026-28) budsjetttert med ein årleg realvekst over kommuneopplegget på 3,0 mrd. kroner eller 0,7% (dvs. noko utover demografikostnadene i makro), og forutsett den same relative veksten på skatt og rammeoverføringar.

Oppsummert for åra i økonomiplanperioden vert det difor operert med følgjande anslag for frie inntekter (i 1000 2025-kr): [\[1\]](#)

	2024	2025	2026	2027	2028
Rammetilskot (fast del)	146 229	157 888	160 947	162 530	164 698
Skatt	124 213	141 055	152 519	154 386	156 188
Inntektsutjamning	10 438	8 637	4 064	4 110	4 154
Sum frie inntekter	280 877	307 580	317 530	321 026	325 040
%-endring		9,5	3,2	1,1	1,2

[\[1\]](#) I prognosekøyringa (basert på KS-modellen) er det i utgangspunktet lagt til grunn framskrevne innbyggjartal både for kommunen og landet, konkret per 1.1.2025, 1.1.2026, 1.1.2027 og 1.1.2028 (SSB MMMM). Innbyggjartal fordelt på dei aktuelle aldersgruppene har teljetidspunkt 1.1 år t, og vi let desse vera gjennomsnittet av tala per 1.1 år t og 1.1 år t+1. Innbyggjartal totalt og fordelt på aldersgrupper per 1. juli påverkar innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga det påfølgande året, medan innbyggjartal totalt per 1.1. påverkar inntektsutjamninga aktuelt år.

[Dokumentasjon av frie inntekter 2024 og 2025 \(Grønt hefte 2025\), utgiftsutjamning 2025 og endra utgiftsutjamning 2024 - 2025](#)

Oppgåveendringane over rammetilskotet omfattar følgjande innlemmingar, korreksjonar og regelendringar:

	I makro	Aukra
Samla korreksjon (1000 2024-kr)	3 125 878	2 622
Elevar statlege og private skular	-125 599	-108
Grensejustering	0	0
Gratis timer SFO	1 068 188	916
Gevinstuttak ny prøve-/eksamensløyising	-5 400	-5
Overgangsordninga for spesialiserte fosterheim	8 198	5
Auka minsteyting kvalifiseringsstønad	16 500	8
Auka utgifter til sosialhjelp	30 000	15
Ny opplæringslov	58 309	50
Pensjon for fosterforeldre	60 999	36
Voksen vaksinasjons-program	190 490	158
Redusert makspris barnehage	1 543 400	946
Nominell vidareføring makspris barnehage	166 734	102
Endring i tabell C-saker knytt til barnehage	68 390	470
Teknisk korreksjon makspris barnehage	45 669	28

Beløpet i kvar av linjene viser kommunen sin del av kvar enkelt korreksjon (fordelt etter aktuell delkostnadsnøkkel) – og som kan brukast i berekninga/dokumentasjon av ramme-endringar for aktuelle tenestekområde.

Demografikostnader

I dette avsnittet blir berekningar av kommunen sine demografikostnader presentert for kvart enkelt år i ny planperiode – basert på oppdaterte framskrivingar frå SSB. Demografikostnadene er eit uttrykk for kva det vil koste kommunen å vidareføre tenestetilbodet (med same standard og dekningsgrad) på

bakgrunn av forventet endring i befolkningsutviklinga. I rammeføresetnadane for kommunen sitt budsjett-/tenestekområde kan det vera relevant å vise til desse demografikostnadane, då kommunen i budsjetteringa av frie inntekter har inne realvekst som kompenserer for demografikostnadane.


Demografikostnader for frie inntekter 2025-28. I 1000 2025-kr. [\[2\]](#)

Aukra	2025	2026	2027	2028	2025-2028
Barnehage	-3 047	599	2 805	1 365	1 722
Grunnskule	1 386	-1 559	-347	-173	-693
Pleie og omsorg	4 577	1 302	2 431	2 087	10 397
Kommunehelse	431	324	256	126	1 137
Barnevern	68	89	157	78	392
Sosialteneste	291	403	205	385	1 285
Sum kommune	3 707	1 158	5 508	3 867	14 240

[\[2\]](#) Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har anslått økte demografikostnader for kommunane på 2,5 mrd. kroner for 2025.

Endringane i demografi er berekna å gje slike meirutgifter i åra fram til 2034.

Demografiutgifter



Tenesteområda over nullpunktet vil få ei venta auke i sitt tenestebehov, medan dei som ligg under er venta å få eit redusert behov for tenester. Frå statleg hald vil finansiering bli utmålt etter netto verknaden av desse. Det er derfor nødvendig at ein og greier å omstiller til meir økonomisk effektiv drift i dei områda der tenestenivået går ned. Aukra kommune har og i utgangspunktet eit driftsnivå godt over det som er vanleg for ein kommune av vår storleik. Store deler av det høgare utgiftsnivået blir finansiert av kommunen sin eigedomsskatt. Denne vil ikkje stige i takt med endring i demografien, og kan derfor medverke til ei enda større utfordring i tilknytning til balansen mellom inntekter og utgifter i vår kommune.

Skatt på inntekt og formue

Aukra kommune sitt skattenivå var i 2024 lik 87,6 prosent av landsgjennomsnittet. For åra 2025 – 2028 blir venta skatteinngang sett til 89,7 prosent i 2025 og deretter omlag 95 prosent av landssnittet.

Lågare skatteinngang enn 100 prosent av landsgjennomsnittet gjev ei inntektsutjamning berekna til 62 prosent av differanse mellom eige skattenivå og nivå landsgjennomsnittet. Samtidig skal kommunen vere med å finansiere kompensasjonen for kommunar som har eit snitt under 90 prosent av landsgjennomsnittet, i 2025 fastsett til kr 406 per innbyggjar. Netto inntektsutjamning i 2025 blir ut frå dette berekna til 8,6 mill. kroner.

Eigedomsskatt

Kommunestyret gjorde første gong vedtak om innføring av eigedomsskatt i sak 062/02, den 19.12.02. Det blei då vedteke at eigedomsskatten skulle utskrivas på «verk og bruk», og at skattesatsen skulle settast til 2 ‰ av takstverdien.

Budsjettvedtaket fastsett no at skatteøyret vert sett til 7 promille, som er den høgaste skatteøyre ein kan ha jfr. eigedomsskattelova § 11. Vidare at eigedomsskatt blir utskrive etter esktl. § 3 bokstav c på «kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», også kalla «energianlegg». Utskrivingsalternativet omfattar og flytande anlegg i sjø, jf. esktl. § 4 tredje ledd.

Kommunen går frå 27 skatteobjekt i 2024, til 15 stk. i 2025. Årsak er at overgangsordning til endringane i esktl. frå 2019 der «verk og bruk» som eige skatteobjekt vart teke ut. Verk og bruk vart delt i næringsseigedom og energiverk, der verk omfatta av særskattereglane for petroleum er særleg nemnt i esktl. § 3 bokstav c). Frå 2025 blir det ikkje lenger skrive ut eigedomsskatt på skatteobjekt som fell innanfor kategorien næringsseigedom.

Eigedomsskatt er innarbeidd i budsjettet slik:

Tal i heile tusen kroner	2025	2026	2027	2028
Eigedomsskatt	259 721	259 721	259 721	259 721

Eigedomsskatten kan bli endra som følgje av nytaisering, eventuelle klagesaker eller andre høve. I slike tilfelle vil endringa verte innarbeidd som budsjettkorrigering i løpet av året.

Andre generelle driftsinntekter**Havbruksfond**

Stortinget vedtok i 2015 å opprette eit havbruksfond.

Alle kommunar og fylkeskommunar, som Akvakulturregisteret viser har klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn, får ein respektiv del av inntektene. Dess høgare del av lokalitetskapasiteten kvar enkelt kommune/fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større del av midlane som skal fordelast tilfell dei. Lokalitets-MTB (maksimal tillate biomasse) for alminnelege matfisktillatelse og løyver til særlege formål blir nytta som fordelingsnøkkel.

Skatteetaten si fastsette avgift på produksjon av laks, aure og regnbogeaure fra akva-kulturanlegg i norsk territorialfarvatn for 2024 var på 93,5 øre per kilo sløyd fisk. Denne avgiftsplikta oppstår når fisken er slaktet. Kommunesektoren sin del av inntekter frå sal av ny tillatelseskapasitet gjennom Havbruksfondet er på 55 prosent. Desse blir auksjonert anna kvart år, i partalsår. Årleg instruks frå Nærings- og fiskeridepartementet vil redegjere for utbetalingar frå fondet.

Utbetalingane fra Havbruksfondet blir fordelt med 80% til kommunar og 20% til fylkeskommunar.

Budsjettet tilskot er fastsett til 7,6 mill. kroner i 2025 og 2027. For auksjonsåra 2026 og 2028 er budsjetter tilskot sett lik motteken inntekt i 2024, det vil si 18,3 mill. kroner.

Integreringstilskot

Til grunn for Aukra kommune si berekning av integreringstilskot er ei årleg busetting av 40 flyktningar.

Aukra kommune busette i 2024 sju mindreårige flyktningar. Ved denne busettinga mottek kommunen, i tillegg til vanleg integreringstilskot, eit særskilt tilskot fram til og med det året barnet fyller 20 år. Dette er teke omsyn til i berekninga av tilskot dei kommande åra.

Det er henta ut berekningar frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) sine nettsider over venta inntekter ut frå kjent busetting i dag. Det er deretter gjort ei vurdering av kor mange som, ut frå erfaringstal, ein må rekne med seinare vil flytte frå kommunen. Dette er usikre føresetnader som kan bli endra og som då vil gje vesentleg reduksjon på fastsett inntekt.

Tilskotsordning	Tilskotsår	2025	2026	2027	2028
Integreringstilskot	AR-5	936 000	4 536 000	3 988 800	1706400
Integreringstilskot	AR-4	6 600 000	5 605 600	2 446 400	2455200
Integreringstilskot	AR-3	12 772 800	5 659 060	5 659 060	5659060
Integreringstilskot	AR-2	8 982 000	8 982 000	8 982 000	8982000
Integreringstilskot	AR-1	8 708 000	8 708 000	8 708 000	8 708 000
Særskilt tilskot, mindreårige flyktningar		8 858 900	6 781 500	6 781 500	6 781 500
Samla berekna Integreringstilskot		46 859 725	40 272 160	36 565 760	34 292 160

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Renteinntekter	-34 697	-14 588	-32 388	-20 783	-20 804	-22 333	-23 612
Utbytte	-1 712	0	-1 900	-1 682	-1 905	-2 190	-2 493
Gevinster og tap på finansielle omløpsmiddel	-49 529	-43 116	-58 700	-44 329	-50 198	-57 715	-65 691
Renteutgifter	28 497	36 685	34 518	35 039	33 534	36 652	38 339
Avdrag på lån	31 590	30 975	30 275	32 284	34 452	38 629	41 707
Netto finansutgifter	-25 851	9 956	-28 195	529	-4 921	-6 957	-11 750


Informasjon om finansinntekter og -utgifter

Renteutgifter

Norges Bank har varslet at styringsrente først vil bli sett ned i 2025, og at denne mest sannsynlig blir sett ned med 0,5 prosentpoeng i løpet av 12 måneder. Det første kutt i renta vil da kome enten i januar eller i mars 2025.

Norges Bank viste til at Norge har veldig låg produktivtetsvekst og at dette er ein av årsakene til at kronekursen er svak. Norges Bank er fortsatt usikre på utviklinga i kronekursen, og meiner at dei ved å halde rentene høge lengre vil kunne hindre ei vidare svekking av krona. Det vart og lagt vekt på at inflasjonen er for høg og at økonomien samla går greitt tross dei høge rentene.

Utvikling i styringsrente er ut frå dette sett slik:



Kilde: Pengepolitisk rapport nr 3/2024 fra Norges Bank.

Aukra kommune nyttar kommunalbanken sitt forslag på budsjettrenter for 2025 – 2028. Forslaget baserer seg på offentlig tilgjengelig prognoser og markedsrenter. Det er teke utgangspunkt i anslag

Økonomiplan for 2025-2028

for 3 mnd NIBOR med tillegg av påslag for åra 2025 – 2028. Som påslag er bankmargin på 0,60 prosentpoeng nytta.

Rentenivå inklusive bankmargin, vil ut frå denne utviklinga for enkelte år bli:

År	Forventa 3 mnd NIBOR	Tillegg	Forventa rente
2025	3,95	0,60	4,55
2026	3,45	0,60	4,05
2027	3,46	0,60	4,06
2028	3,48	0,60	4,08
2029	3,50	0,60	4,10

Venta renteutvikling har endra seg frå gjeldande økonomiplan for 2025 – 2027, og gjev isolert sett noko lågare renteutgifter enn lagt til grunn i gjeldande økonomiplana (2025 – 4,86 pst, 2026 – 4,45 pst og 2027 - 4,28 pst.)

Gjennomsnittleg avdragstid på kommunen sine lån er ved inngangen til 2025 på omlag 21 år. Nye lån blir teke opp med nedbetalingstid på 25 år.

Endra låneopptak sidan førre økonomiplan

	2025	2026	2027	2028
Akkumulert årleg endring låneopptak sidan førre Budsjett og økonomiplan	2 755 911	61 600 528	172 680 298	177 379 781

Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. i fjor 2024	Rev. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Til ubundne avsetninger	198 655	160 254	176 305	198 836	214 822	205 191	221 341
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	-7 450	-6 350	-12 331	-20 429
Overføring frå drift til finansiering av investeringar	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar	198 655	160 254	176 305	191 386	208 472	192 860	200 912
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-5 962	0	-3 882	0	0	0	0
Totale avsetningar	192 692	160 254	172 423	191 386	208 472	192 860	200 912

Fondsutvikling for kommunen

Beløp i 1000

Art (kode)	Art (namn)	Rekneskap2023	Opphavelg budsjett2024	Rev. budsjett2024	2025	2026	2027	2028
DRIFT								
15400	Avsetning til disposisjonsfond	203 556	184 104	207 775	198 836	214 822	205 191	221 341
15500	Avsetning til bunde fond	3 599	0	34	0	0	0	0
Sum avsetning til driftsfond		207 155	184 104	207 809	198 836	214 822	205 191	221 341
19400	Bruk av disposisjonsfond	-8 077	-23 850	-31 470	-7 450	-6 350	-12 331	-20 429
19500	Bruk av bunde fond	-6 386	0	-3 916	0	0	0	0
Sum bruk av driftsfond		-14 463	-23 850	-35 386	-7 450	-6 350	-12 331	-20 429
Netto avsettingar i drift		192 692	160 254	172 423	191 386	208 472	192 860	200 912
INVESTERING								
05500	Avsetning til bunde fond	225	0	0	0	0	0	0
Sum avsetning til investeringsfond		225	0	0	0	0	0	0
09410	Bruk av ubundne fond (ikke disp.fond)	0	0	0	-5 471	0	0	0
09500	Bruk av bunde driftsfond	-2 249	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av fond		-2 249	0	0	-5 471	0	0	0
Netto avsettingar i investering		-2 024	0	0	-5 471	0	0	0
Netto drift og investering		190 668	160 254	172 423	185 915	208 472	192 860	200 912
SUM DRIFT OG INVESTERING								
Sum avsettingar		207 380	184 104	207 809	198 836	214 822	205 191	221 341
Sum bruk av fond		-16 711	-23 850	-35 386	-12 921	-6 350	-12 331	-20 429
Netto drift og investering		190 668	160 254	172 423	185 915	208 472	192 860	200 912
Sum overføring av driftsfond til bruk i investering		0	0	0	0	0	0	0
Differanse		190 668	160 254	172 423	185 915	208 472	192 860	200 912

Disposisjonsfond per 31.12.2025

Beløp i 1000

Prosjekt (fond)	Prosjektnavn (fond)	Inngående balanse per 01.01.	Avsetting til disp.fond (1540)	Bruk av disp.fond (1940)	Utgående balanse per 31.12.
825040	Generelt disposisjonsfond	94 463	12 726	0	107 189
825045	Fond for påkostning og reinvestering av kommunale bygg	28 000	0	0	28 000
825046	Fond for tilrettelegging av næringssatsing fram mot 2030	28 085	3 802	-5 700	26 187
825050	Fond for fastlandsløysing	1 121 052	170 023	0	1 291 075
825060	Fond for rekruttering, utvikling og omstilling	745	1 750	-1 750	745
825090	Udisponerte integreringstilskot	26 180	10 535	0	36 715
825099	Andre disposisjonsfond	350	0	0	350
Sum					1 490 261

Disposisjonsfond per 31.12.2026

Beløp i 1000

Prosjekt (fond)	Prosjektnavn (fond)	Inngående balanse per 01.01.	Avsetting til disp.fond (1540)	Bruk av disp.fond (1940)	Utgående balanse per 31.12.
825040	Generelt disposisjonsfond	107 189	18 988	0	126 177
825045	Fond for påkostning og reinvestering av kommunale bygg	28 000	0	0	28 000
825046	Fond for tilrettelegging av næringssatsing fram mot 2030	26 187	9 169	-4 600	30 756
825050	Fond for fastlandsløysing	1 291 075	179 656	0	1 470 731
825060	Fond for rekruttering, utvikling og omstilling	745	1 750	-1 750	745
825090	Udisponerte integreringstilskot	36 715	5 259	0	41 974
825099	Andre disposisjonsfond	350	0	0	350
Sum					1 698 733

Disposisjonsfond per 31.12.2027

Beløp i 1000

Prosjekt (fond)	Prosjektnavn (fond)	Inngående balanse per 01.01.	Avsetting til disp.fond (1540)	Bruk av disp.fond (1940)	Utgående balanse per 31.12.
825040	Generelt disposisjonsfond	126 177	0	-5 981	120 196
825045	Fond for påkostning og reinvestering av kommunale bygg	28 000	7 000	0	35 000
825046	Fond for tilrettelegging av næringssatsing fram mot 2030	30 756	3 802	-4 600	29 958
825050	Fond for fastlandsløysing	1 470 731	191 264	0	1 661 995
825060	Fond for rekruttering, utvikling og omstilling	745	1 750	-1 750	745
825090	Udisponerte integreringstilskot	41 974	1 375	0	43 349
825099	Andre disposisjonsfond	350	0	0	350
Sum					1 891 593

Disposisjonsfond per 31.12.2028

Beløp i 1000

Prosjekt (fond)	Prosjektnavn (fond)	Inngående balanse per 01.01.	Avsetning til disp.fond (1540)	Bruk av disp.fond (1940)	Utgående balanse per 31.12.
825040	Generelt disposisjonsfond	120 196	0	-12 996	107 200
825045	Fond for påkostning og reinvestering av kommunale bygg	35 000	7 000	0	42 000
825046	Fond for tilrettelegging av næringssatsing fram mot 2030	29 958	9 169	-4 600	34 527
825050	Fond for fastlandsløysing	1 661 995	203 422	0	1 865 417
825060	Fond for rekruttering, utvikling og omstilling	745	1 750	-1 750	745
825090	Udisponerte integreringstilskot	43 349	0	-1 083	42 266
825099	Andre disposisjonsfond	350	0	0	350
Sum					2 092 505

Kommentar til disposisjonsfonda

Fond for fastlandsløysing

Inngått finansieringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune knytt til fastlandsløysing set klare premisser for kommunen si langsiktige økonomistyring. Frå 2023 vart denne avsettinga styrka med avkasting på midlane i "fastlandsfondet" og justert for venta prisvekst. Avsettinga blir derfor auka frå 100 mill. kroner som er teke inn i kommunen sine økonomiske handlingsregler til gradvis 203,4 mill. kroner i 2028. Dersom det blir år med lågare gevinst enn føreset vil avsetting bli lågare.

Fond for fastlandsløysing vil, gitt desse føresetnadane, ha ein saldo ved utgangen av 2028 på 1.865 mill. kroner.

Generelt disposisjonsfond

Fondet vil i alle åra nå mål om storleik på 8 prosent av sum driftsinntekter. Ved utgangen av 2028 er det berekna å ha ei beholdning på 107,2 mill. kroner. Bruk av fondet gjennom åra kan bli påverka av nye vedtekne løyvingar. Storleik på fondet gjev politisk og administrativ leiing tryggleik for finansiering av uventa uføresett utgifter gjennom åra, og gjev politisk leiing økonomisk handlingsrom for utøving av sine prioriteringar. Her er det likevel grunn til å være merksam på at det allereie i økonomiplan sitt tredje år er planlagt bruk av fondet for å skape balanse i økonomien.

Fond for tilrettelegging av næringssatsing fram mot 2030

Avsettinga til fondet er lagt inn ut frå intensjonen i politisk vedtak om tilrettelegging for næringslivssatsing fram mot 2025. Vedteken strategisk næringsplan strekk seg fram til 2030, og avsetting lik 50 prosent av motteke inntekt frå havbruksfondet er derfor lagt inn i heile økonomiplanperioda. Etter å ha teke omsyn til denne avsettinga og tilrådd bruk vil fondet ha ein saldo på 34,5 mill. ved utgangen av 2028.

Fond for framtidig vedlikehald

For å auke det økonomisk handlingsrommet er det ikkje lagt inn avsetting til dette fondet i åra 2025 - 2026. I samsvar med vedtak i sak 47/23 i kommunestyret om nye finansielle måltal og handlingsreglar for Aukra kommune, skal avsetting av fondet startast opp igjen i 2027 med 7 mill. kroner. I same politiske sak vart det og klargjort at bruken av fondet skal være finansiering av påkostnad og reinvestering av kommunale bygg. Fondet er planlagt å ha ein saldo på 42 mill. ved utgangen av 2028.

Auka avsetting til Fond for rekruttering, utvikling og omstilling

Fond for rekruttering, utvikling og omstilling (25600060) har mange formål, og pengane er etterspurd. Fondet skal blant anna gje støtte til vidareutdanning for tilsette etter innvilga søknad, og refusjon til eininga for alternativ kostnad på studiedagar for dei som er borte. I 2023 var denne kostnaden på ca. 1,2 millionar, og er forventa å auke. I tillegg skal fondet nyttast til utviklingsarbeid og diverse kostnader innan rekruttering. Anslaget på desse kostnadene er anslått til ca. 0,75 millionar kroner. Tidlegare fekk fondet eit tilskot på kr. 2,5 millionar kroner kvart år. Dei siste 2 åra er det redusert til 1,25 millionar. Ved utgangen av 2024 er prognosen for fondet ca. 0,75 millionar kroner. Dette er eit særskild viktig fond for den vidare utviklinga av Aukra kommune. Vi må være gode på kompetanse, omstilling og rekruttering. Kommunedirektøren innstiller på at fondet styrkast med kr. 0,5 millionar kroner (ut over dei planlagde 1,25).

Utdisponert integreringstilskot

Budsjett og økonomiplana er utarbeidd ut frå planlagt busetting av 40 flyktningar i åra 2025-2028. Dette er enno ikkje politisk avklara, og storleik på inntekter og behov i einingane er derfor usikre. I omtale av andre generelle inntekter i avsnittet "sentrale inntekter" vil ein sjå at det er mange faktorar som underbyggjer at dette er svært usikre berekningar. Med det som utgangspunkt er det derfor foreslått at "overskot" på integreringstilskotet blir avsett til eit eige fond. Når situasjon er meir avklara og inntektene kan vurderast som sikre kan desse midlane eventuelt overførast til det generelle disposisjonsfondet for ytterlegare styrking av dette. Gitt vidareføring av dagens driftsnivå vil ein i siste året av økonomiplana måtte bruke av fondet for å finansiere tenesta på området.

Oppsummering

Planlagt økonomistyring i Budsjett og økonomiplan 2028 - 2028 vil legg grunnlag for vidare oppbygging av fond til fastlandsløysing etter inngått avtale. Ein vil og ha eit disposisjonsfond som gjev rom politisk handling. Det er likevel grunn til å rette oppmerksomhet mot siste åra sitt planlagt bruk av disposisjonsfond for å kunne finansiere den løpande drifta. Over tid vil dette ikkje være bærekraftig.

Disponering av driftsramma

Endringskategoriar og tiltakstypar

Tabellane nedanfor viser rammeendringar og budsjettynskjer sortert på endringskategoriar og tilhøyrande tiltakstypar. Endringskategoriane kan delast inn i to grupper, *konsekvensjusteringar* og *nye tiltak og realendringar*. Konsekvensjusteringar er effekten frå tidlegare vedtekne budsjettendringar, mens nye tiltak og realendringar er effekten av budsjettendringar som er innmeldt og tilrådd i den nye budsjett og økonomiplana. Sjå forklaring nedanfor for kva slags tiltakstypar som ligg i dei to gruppene.

Konsekvensjusteringar

- Vedtak forrige periode: Opp og nedtrappingseffekt av tiltak frå forrige økonomiplanperiode. For eksempel når eit tiltak er meldt inn med eittårig varigheit i forrige økonomiplan, vil ramma justerast med differansen i den nye økonomiplana, da tiltaket går ut.
- Budsjettendring i år: Viser vedtekne budsjettendringar i første og andre tertial 2024 som har effekt i budsjett og økonomiplan 2025-2028.

Nye tiltak og realendringar

Økonomiplan for 2025-2028

- Driftskonsekvens: Vurdert konsekvens på drifta som følge av nytt tilrådd investeringsprosjekt.
- Innsparingstiltak: Budsjettendringar som reduserar ramma på grunn av innsparingseffekt (For eksempel auka inntekt, effektivisering og liknande)
- Nye tiltak: Budsjettendringar innmeldt i den nye budsjett og økonomiplana
- Politiske vedtak: Nye budsjettendringar som har kome i løpet av politisk behandling

Dei ulike tiltakstypene har tilhøyrande endringskoder som blir presentert i dei ulike tiltakstabellane:

- Kode 7: Budsjettendringar i år
- Kode 21: Driftskonsekvens
- Kode 31: Innsparingstiltak
- Kode 41: Nye tiltak
- Kode 25: Politiske vedtak

Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringar fordelt på endringskategoriar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	464 576	464 576	464 576	464 576
Vedtak forrige periode	-26 366	-23 498	-13 824	-13 824
Budsjettendring i år	24 535	21 345	20 102	20 062
Konsekvensjusteringer	-1 831	-2 153	6 277	6 237
Konsekvensjustert ramme	462 745	462 423	470 853	470 813
Driftskonsekvens	193	216	944	1 744
Innsparingstiltak	-60	-60	-60	-60
Nye tiltak	-33 030	-30 218	-32 725	-24 218
Nye tiltak og realendringer	-32 897	-30 062	-31 841	-22 534
Ramme 2025-2028	429 849	432 361	439 013	448 280

Oversikt over nye tilrådde budsjettendringar

Nye tilrådde driftstiltak og driftskonsekvens

Beløp i 1000 kr

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Barnebo barnehage	Auka bemanning knytt til opptak nr 2	803	803	803	803	41
Barnebo barnehage	Fordeling velferdsmidler tilsette	35	35	35	35	41
Barnebo barnehage	Mobiltelefonar til tilsette i grunnbemanninga	80	0	0	0	41
Barnebo barnehage	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	40	40	40	40	41
Barnebo barnehage	Ta vekk søskenmoderasjon for familiar med barn i både barnehage og SFO	-100	-100	-100	-100	41
Barnevern	Auke i budsjett barnevern 2025-2028	760	760	760	760	41
Barnevern	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	385	385	385	385	41
Bergetippen barnehage	Fjerne søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo.	-60	-60	-60	-60	31
Bergetippen barnehage	Fordeling velferdsmidler tilsette	30	30	30	30	41
Bergetippen barnehage	Mobiltelefonar	30	0	0	0	41
Bergetippen barnehage	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	23	23	23	23	41

Økonomiplan for 2025-2028

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Bergetippen barnehage	Stilling som pedagogisk leiar	794	794	794	794	41
Gossen barne og ungdomsskole	Drivstoff bil til praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole	20	20	20	20	21
Gossen barne og ungdomsskole	Fordeling velferdsmidler tilsette	64	64	64	64	41
Gossen barne og ungdomsskole	Gossen barne og ungdomsskole - Rammejustering etter utmåling i budsjettmodell for grunnskole	2 963	2 729	2 194	1 276	41
Gossen barne og ungdomsskole	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	172	172	172	172	41
Helse	Fordeling velferdsmidler tilsette	27	27	27	27	41
Helse	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	310	310	310	310	41
Innvandring og integrering	Fordeling velferdsmidler tilsette	16	16	16	16	41
Innvandring og integrering	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	200	200	200	200	41
Institusjon og butenester	Endring av ramme som en konsekvens av organisatoriske endringer	1 801	1 801	1 801	1 801	41
Institusjon og butenester	Fordeling velferdsmidler tilsette	99	99	99	99	41
Institusjon og butenester	Kjøp av 15% stilling musikkterapi flyttast til kulturavdelinga	-75	-75	-75	-75	41
Institusjon og butenester	Løn einingsleiar Institusjon og buteneste flyttast over til kommunalsjef Helse og omsorg	-1 185	-1 185	-1 185	-1 185	41
Institusjon og butenester	Midlar til arbeidsklede på institusjon	50	46	46	50	41
Institusjon og butenester	Overføring av ressurs fra Institusjonstjenester til Hjemmetjenester	-4 654	-4 654	-4 654	-4 654	41
Institusjon og butenester	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	330	330	330	330	41
Julsundet skole	Drivstoff bil til praktisk læringsarena Julsundet skole	20	20	20	20	21
Julsundet skole	Fordeling velferdsmidler tilsette	48	48	48	48	41
Julsundet skole	Julsundet skole - Rammejustering etter utmåling i budsjettmodell for grunnskole	3 735	3 276	3 296	2 496	41
Julsundet skole	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	80	80	80	80	41
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	Løn kommunalsjef Helse og omsorg	1 261	1 513	1 513	1 513	41
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	Fordeling velferdsmidler tilsette	3	3	3	3	41
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	275	275	275	275	41
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Borgerundersøking	150	0	0	0	41
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Fordeling velferdsmidler tilsette	1	1	1	1	41
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Næringsutvikling	4 600	4 600	4 600	4 600	41
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	26	26	26	26	41
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Revisjon av kommuneplanen sin arealdel	0	300	850	350	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Auke i budsjett for rullering av tilsettPC	80	80	80	80	41

Økonomiplan for 2025-2028

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Auke i kontingent ROR-IKT	314	360	308	319	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Diversepott til disposisjon for kommunedirektøren	150	150	150	150	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Fordeling velferdsmidler tilsette	4	4	4	4	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	HELT MED - Servicevert 33% stilling	27	27	27	27	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Kontrollutvalet budsjett 2025-2028	56	64	72	72	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Møre og romsdal revisjon budsjett 2025- 2028	-380	-360	-590	-590	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Ny server til overvåkingskamera	60	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	491	491	491	491	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Tiltak for å redusere digitalt utanforskap	245	225	225	225	41
Kultur	15 års jubileum for Aukradagen i 2025	250	0	0	0	41
Kultur	Flytte budsjettmidlar musikkterapeut og nye midlar til kjøp av tenester frå kulturskolen til kulturskolen sitt budsjett	75	75	75	75	41
Kultur	Fordeling velferdsmidler tilsette	28	28	28	28	41
Kultur	Fortsatt kultursekretær/kulturformildlar i 100% stilling	-200	-400	-400	-400	41
Kultur	Lønsmidlar SLT-koordinator	502	502	502	502	41
Kultur	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	104	104	104	104	41
NAV Aukra	Fordeling velferdsmidler tilsette	2	2	2	2	41
NAV Aukra	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	18	18	18	18	41
Organisasjonsavdelinga	Bemanning som samsvarar med Organisasjonsavdelinga sine oppgåver -	990	990	990	990	41
Organisasjonsavdelinga	Fordeling velferdsmidler tilsette	-450	-450	-450	-450	41
Organisasjonsavdelinga	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	62	62	62	62	41
Overføringer	Budsjettinnspel frå Aukra Sokn 2025-2028	113	113	113	113	41
Overføringer	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	0	0	0	0	41
Tekniske tenester	110-sentralen	300	315	330	350	41
Tekniske tenester	Diverse ekstra vedlikehaldsbehov ved GBU	510	330	0	0	41
Tekniske tenester	Driftsutgifter lagerhall Nyland	15	15	15	15	21
Tekniske tenester	Drift av ny idrettshall	0	0	750	1 550	21
Tekniske tenester	Driftskonsekvens gang og sykkelveg Rød - Oterhals	200	200	200	200	21
Tekniske tenester	Driftskonsekvenser utleige ambulansekai for Helseforetaket	-70	-70	-70	-70	41

Økonomiplan for 2025-2028

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Tekniske tenester	Elektroniske låser på arbeidsrom ved Julsundet skole	65	0	0	0	41
Tekniske tenester	Fordeling velferdsmidler tilsette	35	35	35	35	41
Tekniske tenester	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	1 648	1 648	1 648	1 648	41
Tekniske tenester	Reduserte energiutgifter i kommunehuset	-50	-100	-100	-100	21
Tekniske tenester	Renovering av bad ved Bergtun	150	0	0	0	41
Tekniske tenester	Reparasjon av ledelys ved GBU	50	0	0	0	41
Tekniske tenester	Sparer tid til spyling av tett avløp	-5	-5	-5	-5	21
Tekniske tenester	Sparte energikostnader etter bygging av fjellbrønner ved Julsundet skole	0	0	-20	-20	21
Tekniske tenester	Sparte strømudgifter ved overgang til LED på utelys	-2	-4	-6	-6	21
Tekniske tenester	Taktekking kommunehuset	1 500	0	0	0	41
Tekniske tenester	To forsterka bustader - driftskonsekvensar	0	50	50	50	21
Tekniske tenester	Underskot sjølvkostområdet private planer	183	0	0	0	41
Tekniske tenester	Underskudd på sjølvkostområdet byggesak	314	0	0	0	41
Tekniske tenester	Underskudd på sjølvkostområdet oppmåling	373	0	0	0	41
Tekniske tenester	Utgjeing betre tilpassa skoleområde	0	200	0	0	41
Tekniske tenester	Vedlikehald Bergetippen	320	0	0	0	41
Tekniske tenester	Vedlikehald Julsundet skole	670	0	0	0	41
Tekniske tenester	Vedlikehold Furutun	550	0	0	0	41
Tekniske tenester	veglys skogevegen	5	10	10	10	21
Tekniske tenester	Økning forsikringspremie ramme 62	214	225	236	250	41
Tenester til heimebuande	Auke ressurs Heimetenester	373	373	373	373	41
Tenester til heimebuande	Fordeling velferdsmidler tilsette	51	51	51	51	41
Tenester til heimebuande	Korrigere ramme i forhold til flytting av bemanning fra heimetenester til institusjonstjenester	-1 801	-1 801	-1 801	-1 801	41
Tenester til heimebuande	Midlar til arbeidsklede i heimetenesta	196	74	122	90	41
Tenester til heimebuande	Mobiltelefoner Helseplattformen	100	0	0	0	41
Tenester til heimebuande	Nye tryggleiksalarmar	440	0	0	0	41
Tenester til heimebuande	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	131	131	131	131	41
Tenester til heimebuande	Salg av bilar heimetenester	-10	10	10	10	21
Økonomiavdelinga	Akkumulert auke i kontingent til ROR innkjøp	430	430	430	430	41
Økonomiavdelinga	Fordeling velferdsmidler tilsette	8	8	8	8	41
Økonomiavdelinga	Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	252	252	252	252	41
Totalsum		22 844	17 215	17 248	15 847	

Auka bemanning knytt til opptak nr 2

Kommunestyret gjorde vedtak i PS-28/24 Behov for barnehageplassar framover og tal på opptak i året:

"1. Kommunestyret tek orienteringa om barnehageopptaket i 2024 og orienteringa om barnehagebehovet i Aukra kommune til vitende.

2. Kommunestyret vedtek at Aukra kommune framover skal ha to barnehageopptak i året:

- Start 15. august, med søknadsfrist 1. mars (som no)
- Start 1. februar, med søknadsfrist 1. september (nytt)

Under føresetnad av kapasitet i barnehagane kan det også tas opp barn i mellom dei faste opptaka."

Det er gjort opptak av to barn over tre år til start 1. oktober og opptak av tre barn under tre år til start 1. februar. Dette utløyer etter lovfesta grunnbemannings- og pedagognorm krav om å rekruttere ein pedagogisk leiar i 100 % stilling.

Fordeling velferdsmidler tilsette

Fordeling velferdsmidler tilsette

Mobiltelefonar til tilsette i grunnbemanninga

Det er behov for å auke talet på mobiltelefon per avdeling. No har kvar avdeling ein mobiltelefon.

Kvar tilsett i grunnbemanninga skal ha ein funksjonstelefon. Berekna til behov for to telefonar i tillegg på åtte avdelingar

Behovet er knytt til

- HMS - sikre tryggleiken til barn og tilsette. Ved gruppedeling, turar og når det oppstår situasjonar der det er behov for å kontakte nødetatar, leiinga, mm. No må ein leite etter den som har telefonen til avdelinga eller nokon andre avdeling sin telefon.
- Ved gruppedeling og turar er telefonen med den gruppa frå avdelinga som er på tur og den gruppa som er att i barnehagen har ikkje telefon og er avhengig av støtte frå anna avdeling
- Mobiltelefonane blir brukt som tolkeverktøy knytt til enkeltbarn og kontakt med foreldre der det er språkbarrierer
- Pedagogisk bruk av appar - for eksempel finne namn på blomster
- Ansatt-appen på avdelingstelefonen blir brukt til kommunikasjon med foreldre, registrering av barn inn/ut, sovelister, tellelister og ikkje minst til pedagogisk dokumentasjon av aktiviteten i barnehagen gjennom dagbokfunksjonen.
- strømming av filmar og musikk frå digitale plattformer i det pedagogiske arbeidet
- Summen av punkta over gjer at mangel på mobiltelefonar begrensar fleksibilitet i det pedagogiske arbeidet

Ved bruk av private telefonar får ikkje tilsette godtgjersle for bruken eller erstatta/reparert telefonen ved skader ved bruk i barnehagen.

Det er ønskeleg at tilsette i grunnbemanninga har telefon i arbeidet og at dei nye telefonane kjem inn i den kommunale rulleringsplanen.

Prisvekst for 2025 tall (ingen vidare økning i 2026-2028)

"Prisvekst (Kjøp av varer og tenester) for 2025 tall (ingen vidare økning i 2026-2028)"

Ta vekk søskenmoderasjon for familiar med barn i både barnehage og SFO

Kommunestyret sitt vedtak i K-sak 128/19: «Det innføres søskenmoderasjon for familier som har barn både i barnehage og SFO frå 01.01.20. Søskenmoderasjonen gis til det yngste barnet/barna slik: Barn 2 får 25 % søskenmoderasjon. Barn 3 får 50 % søskenmoderasjon.»

Dei nasjonale ordningane i barnehage er no:

- Makspris for ein barnehageplass er halvert til kr 1 500 per måned frå 1.8.2024
- Søskenmoderasjon:
 - 30 % for barn nr 2
 - Barn nr 3 har gratis opphald i barnehagen
- Redusert foreldrebetaling: Ingen familie skal betale meir enn 6 % av hushaldninga si samla inntekt for ein barnehageplass.
- Gratis kjernetid; Rett til 20 timar gratis opphaldstid per veke for alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skolestart, som bor i hushaldningar med lav inntekt. Inntektsgrensa per 1. august 2024 er kr 642 700,-

SFO har tilsvarende nasjonale ordningar.

Det blir vurdert til at dei nasjonale ordningane no ivaretek intensjonen i kommunestyrevedtaket for familiar med barn i både SFO og barnehage, i tillegg til familiar med fleire barn og familiar med låg inntekt.

Auke i budsjett barnevern 2025-2028

Generell kostnadsauke i budsjett for barnevernstenester 2025-2028.

Fjerne søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo.

Ta bort søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo.

Søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo har vore ei god støtte for småbarnsforeldre i Aukra. Sentrale føringar har no redusert prisen både på barnehage og sfo. Barnehageprisen er halvert og maks pris for barnehageplass er no kr.1500. Det er gode ordningar for gratis kjernetid ved sfo. I tillegg er det høve til å søke om redusert betaling og gratis kjernetid i barnehagen om familien har låg inntekt. Å avvikle ordninga med søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo vil ikkje lenger ha så store konsekvensar for økonomien til småbarnsforeldre.

Mobiltelefonar

Det er behov for å auke talet på mobiltelefon per avdeling. No har kvar avdeling ein mobiltelefon.

Behovet er knytt til :

- HMS - sikre tryggleiken til barn og tilsette. Ved gruppedeling, turar og når det oppstår situasjonar der det er behov for å kontakte nødetatar, leiinga, mm. No må ein leite etter den som har telefonen til avdelinga.
- Ved gruppedeling og turar er telefonen med den gruppa frå avdelinga som er på tur og den gruppa som er att i barnehagen har ikkje telefon og er avhengig av støtte frå anna avdeling
- Mobiltelefonane blir brukt som tolkeverktøy knytt til enkeltbarn og kontakt med foreldre der det er språkbarrierer
- Pedagogisk bruk av appar - for eksempel finne namn på blomster
- Ansatt-appen på avdelingstelefonen blir brukt til kommunikasjon med foreldre, registrering av barn inn/ut, sovelister, tellelister og ikkje minst til pedagogisk dokumentasjon av aktiviteten i barnehagen gjennom dagbokfunksjonen.
- Summen av punkta over gjer at mangel på mobiltelefonar begrensar fleksibilitet i det pedagogiske arbeidet

Det er ønskeleg at ein byrjar med ein ekstra mobiltelefon per avdeling på dei 5 avdelingane og at dei kjem inn i den kommunale rulleringsplanen.

Stilling som pedagogisk leiar

I samband med 2. opptaket av barn må det tilsetjast ein barnehagelærer frå 01.01.2025. I januar startar 4 ettåringer (8 plasser) og ein tek inn ytterlegare 2 ettåringar frå 1.mars. Dette utløyser behov for meir enn ei heil stilling, men resten av bemanninga løyser ein med bemanninga eininga har tilgjengeleg. For Bergetippen er det viktig å tilby plass til barna etterkvart som foreldra ønsker det. Dette for å unngå at foreldra får tilbod om plass og startar opp i nabokommunen. I så fall vil Aukra få krav om refusjon for gjestebarn.

Drivstoff bil til praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole

Drivstoff til bil praktisk læringsarena

Gossen barne og ungdomsskole - Rammejustering etter utmåling i budsjettmodell for grunnskole

Ramme justert etter behov gitt i modell for rammeutmåling. Sjå eige kapittel om budsjettmodell for grunnskole under kapitlet "Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan".

Endring av ramme som en konsekvens av organisatoriske endringer

Endring av ramme som en konsekvens av organisatoriske endringer.

Av de ressursene som jobbet natt i 2020 var sykepleiere ansatt på HET og helsefag og assistenter på INT. På grunn av praktiske hensyn med administrasjon av turnus – som var felles for begge enhetene - og oppfølging av de ansatte, ble de bestemt at de to sykepleierne som jobber natt skulle organisatorisk flyttes over til Institusjonstjenester. Dette var begrunnet med at Institusjon administrerte natt-turnus og ønsket større konsistens og mer helhet i både planlegging og oppfølging av ansatte.

Rammene for de to områdene ble ikke tilsvarende endret. Det har medført at Institusjonstjenester har internfakturert Heimetenester hvert år. Enhetene anser dette som unødvendig, og ønsker derfor å justere rammene slik at de gjenspeiler de organisatoriske endringene sin ble utført i 2021.

2 sykepleiere på natt var i 2021 beregnet til kr. 1 800 000.

Eininga foreslår derfor ei endring av ramme med kr. 1 800 000.

Løn einingsleiar Institusjon og buteneste flyttast over til kommunalsjef Helse og omsorg

Løn lik tidlegare einingsleiar for Institusjon og buteneste flyttast over til kommunalsjef Helse og omsorg. Årsløn 895 892,- pluss sosiale kostnader.

Midlar til arbeidsklede på institusjon

Tiltaket gjeld midlar til ei tøy/sko i heimetenesten og er ei oppfølging inn i økonomiplana av ein interpellasjon i kommunestyret. Det er ynskjeleg å lage ei utstyrspakke med arbeidstøy for dei fast tilsette i heimetenesten. Utstyrspakka for heimetenesten bør bestå av ullundertøy (under underforma), fleecejakke (alternativt eit meir miljøvenleg jakke), ytterjakke, lue og vantar, vasstette sko og joggesko. Det trengs ca. 40 slike tøy/sko-pakkar. Første året vil kostnaden vere størst. Dei neste åra vil det vere naudsynt med noko supplerings. Vi bereknar at det trengs ullundertøy kvart år, vasstette sko kvart anna år, ny fleecejakke kvart tredje år, joggesko kvart år, ny ytterjakke kvart femte år og lue/vantar etter behov. Alt synleg tøy bør ha Aukra kommune-logo. For sko og ullundertøy kan alternativt klesgodtgjering nyttast. Den praktiske innretninga vil vi avklare etter kvart, men i budsjettet ynskjer vi å berekne utmåling av den rammejusteringa som det vil vere behov for.

Overføring av ressurs fra Institusjonstjenester til Hjemmetjenester

Overføring av tenester fra Institusjon (INT) til heimetenester (HET) – fleire bur heime og færre på institusjon

I planstrategien til Helse og Omsorg er det ei overordna målsetting å i større grad yte tenester i heimen til innbyggjar, og utsette behovet for institusjonsplass lengst mogleg.

Ein har arbeidd godt med å endre praksis for tildeling i PLO. Det har gitt resultat og einingane har no fleire som mottek tenester heime. Konsekvensen av det er at færre får tildelt tenester i institusjon. og det resulterer i eit lavar tal på institusjonsplassar og liggedøgn enn tidlegare. Dette er ei ønska endring både frå kommunen og innbyggjarar flest, som ofte ønskjer å bu lengst mogleg i eigen heim.

Institusjon (INT) har i store delar av 2024 hatt mellom 22 - 24 pasientar mot 30 som er kapasiteten. Ein av etasje har vore utan pasientar store delar av året. Det har ført til at eininga i stor grad har brukt faste tilsette i tredje etasje for å dekke opp for sjukefråvær og permisjonar.

Tredje etasje på Aukra Omsorgssenter har ei bemanning på 2 personar på dag og 2 på kveld 365 dagar i året. En av ressursane har delar av dagen oppgåver i andre etasje, med anslagsvis 30% av stillinga på dag og kveld, som ikkje er tenkt redusert. Ut frå det behovet eininga ser no, er det forsvarleg å planlegge med 24 pasientplassar i staden for 30, som i praksis betyr at eininga kan redusere bemanning med 4,71 årsverk.

Dei neste 10 åra vil ein få om lag 85% fleire personar over 85 år (ref. Helsedirektoratets statistikk for Møre og Romsdal). Det er ein risiko å ta ned drifta når behovet kan endre seg i løpet av kort tid, samtidig

er det økonomisk uforsvarlig å drifte med for høg bemanning over tid om behovet ikkje endrer seg. Behova er ikkje føreseieleg. Eit budsjett er ei prognose, og endringar over tid vil kunne føre med seg ei oppbemanning.

Når institusjon reduserer tilbodet er det naturleg å få ei auke i heimetenester. I 2023/ 2024 har det vore ei jamn auke i behov for tenester i heimen. Et godt samarbeid mellom einingane fordrar at det er tilstrekkeleg med ressursar. Ei overføring av ressursar frå institusjon til heimetenester krev at heimetenester har tilstrekkeleg kapasitet. Eit døme kan være pasientar som kjem frå sjukehus og normalt ville fått eit korttidsopphald. Med tilstrekkelege ressursar i heimetenester vil dei no få tenester og oppfølging heime i staden for korttidsopphald.

Eininga foreslår at ein reduserer drifta ved INT med 4,71 årsverk og aukar drift i HET (Heimetenester) med 2,2 årsverk.

Samla vil det føre til ei netto innsparing i PLO på kr. 2 480'.

Julsundet skole - Rammejustering etter utmåling i budsjettmodell for grunnskole

Ramme justert etter behov gitt i modell for rammeutmåling. Sjå eige kapittel om budsjettmodell for grunnskole under kapitlet "Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan".

Løn kommunalsjef Helse og omsorg

Beløp tilsvarande årsløn for tidlegare einingsleiar for Institusjon og buteneste er teke ut av ramma til Institusjon og buteneste og flytta over til ramme for kommunalsjef Helse og omsorg.

Lønssnivå for kommunalsjef Helse og omsorg vil truleg ligge noko høgare med årsløn på rundt kr. 1 130 000,- ekskl. sosiale kostnader. Inklusiv sosiale kostnader gir eit beløp på kr. 1 512 981,-

Auka/differanse mellom lønssivå tidlerare einingsleiar og kommunalsjef Helse og omsorg er kr. 328 000,- inklusive sosiale kostnader.

Stilling som kommunalsjef Helse og omsorg er no utlyst og ein håpar på at stillinga skal være tiltrådd i mars 2025. Totalbeløp for 2025 er berekna ut i frå dette.

Borgerundersøking

Som del av grunnlag for både revisjon av kommuneplan samt utvikling av tenestene er tilbakemelding frå innbyggjarane om tenester og samfunnsutvikling viktig. I planstrategien er dette planlagt gjennomført i 2025.

Med bakgrunn i erfaring frå bruk av byrå i samband med innbyggerundersøkinga til kommunestrukturprosessen er det vurdert ein kostnad på kr 150 000 i 2025 til bistand frå byrå til gjennomføring av borgerundersøking.

Næringsutvikling

Kommunestyrets vedtok satsing på næringsutvikling i 2024 på kr 4.600.000 gjennom fond for næringsutvikling, med mulighet for ytterligere 3 årig satsing på kr 400 000 pr år til møteplasser.

År 2024 var år 1 etter strategisk næringsplan. Det bør/er forventning og ambisjon om fortsatt å satse på næringsutvikling i åra framover, i utgangspunkt på samme nivå som for 2024

- Videreføring av satsing på tiltak som kan gi sjø- og kystnære opplevelser etter at interkommunal sjøarealplan blir endelig vedtatt i begynnelsen av 2025. 2 mill. kroner var øremerka til dette i 2024.
- Videreføre støtte til Aukra næringsforum
- Realisering av møteplasser, satsing på reiseliv, landbruk
- Med ei utvida forståing av tilrettelegging for næringsutvikling vil også oppfølging av blant anna boligplana være aktuell samt tiltak for attraktiv kommune (bolyst og bli-lyst)

Forslag om videreføring av same satsing. Denne vert konkretisert i eiga politisk sak i løpet av 2025.

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel

I forslag til planstrategi 2024-2027 skal kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel reviderast i 2027, med førebuande planarbeid i 2026. For å svare ut kompetansekrav som ligg til kommuneplanen sin arealdel oppimot eigen kompetanse samt krav om framdrift så er det behov for ekstern konsulentbistand. Med referanse til arbeid med interkommunal sjøarealplan er det vurdert ein kostnad på 1.5 mill kr, fordelt : kr 300 000 i 2026, kr 850 000 i 2027 og kr 350 000 i 2028.

Auke i budsjett for rullering av tilsettPC

Kostnaden for innkjøp av PC har dobla seg på få år. Vi får bytte færre PC-ar i året enn det som er tenkt. Maks rulleringstid per PC er 6 år, men det er ikkje mange tilsette som kan ha sin PC so lenge. Dei fleste blir bytta etter 4-5 år etter behov. I tillegg er ikkje MAC til kulturskolen inkludert i budsjettet.

Auke i kontingent ROR-IKT

Samarbeidsrådet i ROR IKT har vedteke ei auke i kontingenten for 2025 og i økonomiplanperioden.

Diversepott til disposisjon for kommunedirektøren

I løpet av året oppstår det nokre heilt uventa behov som det ikkje finnst ramme for, og vanskeleg kan vente på ein budsjetthandsaming. Det kan for eksempel vere knytt til saker rundt omdømme, eller andre saker som av ein eller anna grunn er låst fast. Kommunedirektøren har inga ramme for slike uforutsette saker/«ryddebehov», og når dei ein sjeldan gong av diverse orsakar likevel vert innvilga så er det brot på våre retningslinjer. Det er ynskjeleg at det vert lagt inn ein liten «diversepott» på kommunedirektøren, kr 150 tusen kroner.

HELT MED - Servicevert 33% stilling

Aukra kommune samarbeidar med stiftelsen HELT MED.

Stiftelsen HELT MED bidreg til mangfald og inkludering ved at det opprettast arbeidsplassar for menneske med utviklingshemming, utviklingsforstyrrelser og lærevanskar. Vidare bidreg HELT MED til at målgruppen vert rekruttert inn i desse jobbane og får tilstrekkelig oppfølging og opplæring, slik at arbeidsforholda blir mest mogleg vellykka

Visjon til stiftelsen er at personer med utviklingshemming, utviklingsforstyrrelser og lærevanskar skal:

- Få same moglegheiter som andre til å velje blant jobbar dei er interessert i
- Opplive at dei gjennom deltakelse i arbeidslivet er inkludert og deltakande i samfunnet, på lik linje med andre
- Opplive at dei er til nytte for andre

HELT MED lyser på vegne av Aukra kommune ut stilling som servicevert på kommunehuset i ei 33% fast stilling.

Aktuelle arbeidsoppgåver er:

- Ta imot gjester som kjem til kommunehuset
- Holde møterom, kantine og fellesareal ryddige, og setje opp bord og stolar etter behov
- Ordne med kaffi, hente mat til møte, steikje vaflar, rydde inn og ut av oppvaskmaskina mm
- Fylle på papir, ordna avfall, gå med internpost og vanleg post
- Andre oppgåver etter behov og ønske

Det være aktuelt å utvide stillinga med liknande oppgåver på Aukra kulturhus.

Sjå utlysing for meir informasjon: [Servicevert - Helt Med](#)

Kontrollutvalet budsjett 2025-2028

Budsjett justert ut i frå vedteke budsjett for kontrollarbeidet 2025-2028. Reduksjon i budsjett for kontrollutvalet

Møre og romsdal revisjon budsjett 2025-2028

Budsjett justert ut i frå vedteke budsjett for kontrollarbeidet 2025-2028. Reduksjon i budsjett for revisjon

Ny server til overvåkingskamera

Det er behov for å skifte serveren til kommunen sine overvåkingskamera.

Tiltak for å redusere digitalt utanforskap

Aukra kommune ønskjer å sette i gang ulike tiltak for å redusere digitalt utanforskap. I følgje Nasjonal digitaliseringsstrategi for perioden 2024-2030 "Fremtidens digitale Norge", er det fokus på digitalt utanforskap. Følgjande sitat er henta frå strategien: "Det må også jobbes målrettet for å inkludere de gruppene som opplever digitale barrierer og digitalt utenforskap". Digitalt utanforskap er utfordrande i alle aldersgrupper og digitaliseringsstrategien har fokus på "innbyggjaren" når dei omtalar digitalt utanforskap.

Følgjande tiltak er ønskjeleg å setje i gang i 2025:

- **Etablering av Datahjelpen** som skal vere eit gratis rettleiingstilbod for innbyggjarar som har behov for det. Datahjelpen skal vere eit tillegg til allereie etablerte Digital kafè, og har fokus på innbyggjarar i alle aldre. Datahjelpen kan vere eit tilbod i regi av biblioteket, frivilligsentralen og/eller andre aktørar i kommunen. Datahjelpen kan vere ein-til-ein-tilbod eller det kan vere små kurs med dagsaktuelle tema. Korleis datahjelpen skal organiserast i Aukra kommune er ikkje avklart enda, men det vil bli jobba med dette tiltaket framover.
- **Vidare drift av Digital kafè:** Aukra pensjonistlag har, i samarbeid med Aukra kommune, etablert tilbodet Digital kafè. Dette er eit tilbod som primært har retta seg mot aldersgruppa 65+. Andre er også velkomne til dette tilbodet, men i all hovudsak er det pensjonistar som har nytta seg av dette tilbodet. Første runde av digital kafè vart gjennomført hausten 2022. Sidan då har det blitt arrangert digital kafè kvar vår og haust. Kvart semester har 10 samlingar à 2 timar. Det er lagt opp til både felles tema og individuell hjelp rundt kaféborda, og det blir servert vaflar og kaffi. Dette har vore eit populært tiltak, er både sosialt og lærerikt.
- **Universell utforming av kommunen si heimeside:** For at kommunen si heimeside skal vere mest mogleg tilgjengeleg for innbyggjarane, er det behov for å setje i verk tiltak i tråd med lov om universell utforming. Kommunen ønskjer å ta i bruk løysingar som mellom anna Kakadu og Funka har utvikla. Kakadu har eit sett med rettleiarar som vi kan ta i bruk som kan lette søknadsprosessen for innbyggjarane. I tillegg ønskjer vi å ta i bruk eit leseverktøy på heimesida som innbyggjarane kan bruke. Dette er eit hjelpemiddel som er gratis for brukarane og som les teksten på heimesida. Begge desse tiltaka er med på å tilgjengeleggjere heimesida for alle innbyggjarane, også for dei som av ulike årsakar har utfordringar med å ta til seg skriftleg innhald.
- **Kommunal informasjon gjennom Aukranytt:** Å nå ut med kommunal informasjon til alle innbyggjarane kan vere ei utfordring. Eit av tiltaka kommunen ønskjer å setje i verk, er å ha ein fast spalte i i papiravisa til Aukranytt med dagsaktuell informasjon.

15 års jubileum for Aukradagen i 2025

Første Aukradag blei arrangert i 2008, - men med opphald under pandemi, kulturhusbygging og opning er det den 15. juni 2025 at Aukradagen skal gjennomførast for 15. gong.

Dette jubileet ønskjer vi å markere både på marknadsplassen og på utescena. Etter at Aukra Næringsforum trekte seg frå samarbeid frå og med 2017 blei budsjettet justert til kr. 200.000,- for arrangementet. I 2024 blei netto kostnad kr. 234.730,-.

Vennelaget for Aukra kulturhus er ein god samarbeidspart på kveldsarrangementet og i 2025 ønskjer vi å bidra med ein andel for å dekke utgifter til ekstra scenerigg. All aktivitet i sentrum den helga (15. juni) vil vere med å forsterke arrangementet Aukradagen. Aukradagen har blitt merkevare for kommunen. Den ønskjer vi å vidareutvikle.

Flytte budsjettmidlar musikkterapeut og nye midlar til kjøp av tenester frå kulturskolen til kulturskolen sitt budsjett

Kulturskolen kan bidra til styrking av dei estetiske faga i grunnopplæringa jf. regjeringa sin strategi "Skaparglede, engasjement og utforskartrang. Praktisk og estetisk innhald i skole, barnehage og lærarutdanning". Kulturskolen arbeider for å nå målsetting om å vere ressurscenter i kommunen for å førebygge utanforskap (Stortingsmelding 18, 2021). Kulturskolen har også mål om å gje alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur. Slike tilbod kan på ein god og førebyggjande måte bli gitt gjennom tilbod i barnehage og skole. (Ref mål i budsjett for 2024; Bidra til å styrke dei praktisk estetiske faga i barnehage og skole gjennom å utnytte kulturskolelærarane sin kompetanse) Dette krev samarbeid på tvers av einingane og at ein har føreseieleg økonomi knytt til dette.

Når einingar må gjere sparetiltak er det naturleg at kjøp av tenester frå kulturskolen blir sparetiltak. Vi er opptatt av at kommunen kan gi like tilbod til barn og unge uavhengig av kva barnehage eller skole barna går på.

Aukra gjer no ei stor satsing på å utvikle tilbod til elevar som treng ein alternativ skoledag. Ein alternativ aktivitet kan vere tilbod frå kulturskolen. Kulturskolen har moglegheit til å tilpasse aktivitetar etter behov. Dette kan være aktivitetar med lærarressurs frå kulturskolen eller eit samarbeid mellom grunnskolelærarar og kulturskolelærar. Eksempelvis kjøper GBU ein ordinær elevplass på musikkterapi som dei betalar kr. 2.637,- for. Kostpris er 10.897,-.

Kan det vere ei moglegheit at kulturskolen har budsjettposten på sitt ansvar og på den måten kunne planlegge langsiktig for å gi gode og like tilbod. Dette bidreg også til at Aukra sikrar kontinuitet i ein godt kvalifisert lærarstab.

I inneverande år fekk Pleie og omsorg tilført sitt budsjett kr. 75.000,- til kjøp av 15% stilling til musikkterapi. Dette er veldig positivt, men som kjøp av teneste vil ikkje den auke i takt med lønnsstigning og tenesten vil dermed bli redusert i omfang over år. Midlar for innevernde år er allereie brukt opp, og kostnaden ligg hos kulturskolen.

Vi ber derfor om at det blir vurdert om lønsmidlar kan bli overført til kulturskolen slik at tilboda kan ha kontinuitet.

Nedanfor viser sal av tenester frå kulturskolen internt i kommunen dei siste åra.

2024 kr. 304.069,- *)

2023 kr. 279.943,-

2022 kr. 279.162,-

2021 kr. 828.441,-

2020 kr. 752.680,-

2019 kr. 504.478,-

*) (GBU kr.206.992,-, Pleie og omsorg - musikkterapi kr. 75.000,-, Dagsenter 10.540,-, Innvandring og Integrering (kjøp av elevplassar våren -24 kr. 8.900,-)

Merknad:

Budsjettert kostnad er berre sett inn som eit forslag for å få kunne lagre tiltaket. Eg har eit ønskje om at denne problemstillinga blir drøfta slik at vi kan finn best mogleg løysing..

Fortsatt kultursekretær/kulturformildlar i 100% stilling

Eininga fekk tilført 50% stilling som kulturformildlar i oktober 2017 etter avtale om retrettstilling. Eininga hadde då 50% stilling ledig som kultursekretær. Desse to blei slått saman til ei 100% stilling. I 2025 vil stillinga bli ledig og vi ber om at eininga kan oppretthalde denne i 100%. Til dømes ligg desse oppgåvene til stillinga; Saksbehandling, sekretær for soge nemnda, ansvar for lokalhistorisk arbeid, oppfølging av kulturaktivitetar f.eks Aukradagen og andre arrangement som eininga er ansvarleg for, journalføring P360, andre merkantile oppgåver som ikkje fell inn under fagansvara på eininga. Lønsmidlar for dette ansvaret kan redusert etter ny tilsetjing.

Lønsmidlar SLT-koordinator

SLT-koordinator arbeide i 50% ved kulturavdelinga frå tilsetjing, men med avtale om 100% fast tilsetjing. Den har sidan oppstarten hatt prosjektmidlar til å dekke stilling utover 50%. Prosjektmidlane vil opphøre etter november 2024. Ber derfor om at resterande lønsmidlar blir tilført eininga.

Tidlegare vedtak: Kr. 200.000,- i 2019.

2019: Tilrådte tiltak: Stilling som SLT-koordinator i Aukra kommune vart vedtatt oppretta i K-sak 4/18. Med innvilga tilskot forpliktar kommunen seg til å finansiere differansen mellom innvilga tilskot og totale lønskostnader for ei 50% stilling. Maksimal tilskotsbetaling er kr. 400.000,- fordelt over tre år. Kr. 200.000,- det første året og vidare kr. 100.000,- år to og tre.

Budsjett SLT-koordinator: År 1 Tilskot frå Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging kr. 200.000,- Eigenandel Aukra kommune kr. 200.000,-

År 2 Tilskot frå Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging kr. 100.000,- Eigenandel Aukra kommune kr. 300.000,-

År 3 Tilskot frå Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging kr. 100.000,- Eigenandel Aukra kommune kr. 300.000,-

Frå og med år fire og vidare vil Aukra kommune finansiere stilling som SLT-koordinator i si heilheit.

Stillinga har etter dette blitt finansiert med nye prosjektmidlar og vi har derfor ikkje løfta dette inn i budsjettet.

Ikkje tilført midlar i 2020, 2021, 2022, 2024 eller 2024.

Bemanning som samsvarar med Organisasjonsavdelinga sine oppgåver -

Avdelinga har omfattande oppgåver og leverer gode resultat. Likevel er det mye som er ugjorte grunna manglande kapasitet. Vi har dei siste åra erfart at dimensjoneringa gjer oss svært sårbare.

Vi ser på dette tiltaket som nødvendig for å kunne utføre lovpålagte oppgåver, levere gode resultat og ruste organisasjonen til å møte kommande utfordringar.

Det er fleire satsingsområde enn tidlegare. Desse kjem i tillegg til ordinære oppgåver. Mellom anna kan nemnast: leiarutviklingsprogram, arbeidsgivarstrategi, onboarding, nærvær/fråvær og ei rekke omfattande tiltak som er samla under paraplyen "administrativ" organisering".

Til våren er det igjen ny medarbeidarundersøking.

Budsjettinnspel frå Aukra Sokn 2025-2028

I sak 77/24 Budsjett 2025 - innspel frå Aukra kyrkjelege fellesråd til Aukra kommune vert følgjande behov for finansiering i 2025 presentert:

Tilskot trusopplæring	Kr. 300 000
Vedlikehalds- og utviklingstiltak	Kr. 1 500 000
Jubileumsmarkering (påskeliljemarka og kyrkja)	Kr. 100 000
SUM «eingongsbehov» i 2025	Kr. 1 900 000

I saka vert det óg lagt fram forslag til finansiering:

Tilskot trusopplæring (overført frå 2024 til 2025)	Kr. 300 000
Driftsoverskot 2024 (overført til 2025)	Kr. 900 000
Bunde investeringsfond til rep. av vindauge i kyrkja	Kr. 300 000
Tilskott frå kyrkjebevaringsfondet, 25 % av 800 000	Kr. 200 000
Tilbakeføring av ekstraordinært trekk i 2024	Kr. 236 000
SUM finansiering	Kr. 1 936 000

På bakgrunn av dette foreslår Aukra kyrkjelege fellesråd følgjande som budsjettinnspel for 2025:

- Mindreforbruk i 2024 vert overført til 2025
- Trekk i ramma (minderforbruk 2021 og 2022) i 2024 på kr. 236 000 takast inn att i 2025
- Det kommunale tilskotet og verdien av tenesteytinga indeksregulerast med forventa løns- og prisauke, i notat opplyst til å være berekna til 3%.

Det foreslås å imøtesjå budsjettforslaget ved at:

- Mindreforbruk i 2024 kan overførast til 2025
- Trekk i ramma i 2024 er allereie hensynteke ved opptrappingseffekt frå førre års budsjett-tiltak i ramme med kr. 236 000,-.
- Det kommunale tilskotet og verdien av tenesteytinga vert regulert med 3% løns- og prisauke. Dette tilsvarar kr. 113 000,-.

Siste punkt er dermed det som vert lagt inn som budsjettendring.

110-sentralen

Avgiften er flyttet fra driftstilskuddet til NORBR over til kommunene.

Diverse ekstra vedlikeholdsbehov ved GBU

Nytt golvbelegg i eit rom i sentralbygget 2 etg. Det er sprekker og hol i belegget, noko som gjer at det slepp gjennom fukt og dekket under vert skada. kr. 100.000,-.

Nytt golvbelegg i førsteklasse romma og SFO: Fjerning av gammelt, legging av nytt gummibelegg inkl. avretting/sparkling av gulv. Totalt 330 000 kr. +mva.

Foldeveggene i tre klasserom på mellom trinnet er slitte og er derfor tunge å handtere og dei slepp gjennom lyd på grunn av gliper mellom elementa. Desse er det ikkje lenger mogleg å få nye delar til. Totalt 260 000 kr. +mva.

Bark til turnbasseng. 90 m3. 30 cm tykkelse. Bark + frakt 100 000 + 50 000 kr. i arbeid. Graving, fjerning og legging av nytt. 150 000 kr + mva.

Til sammen 840.000

Drift av ny idrettshall

Svært usikre tall både på investering og driftskonsekvenser!

Driftskonsekvens gang og sykkelveg Rød - Oterhals

Vedlikehald av gangvegen ca. 1 km. Brøyte/strø, kosting, grøfterensk, kantslått + generelt vedlikehald av dekke

Elektroniske låser på arbeidsrom ved Julsundet skole

Elektroniske låser 3 dører. Inkl. hub, kabling, lisenser, etc. 63 500 kr +mva. (tilbud fra HTL)

Reduserte energiutgifter i kommunehuset

Reduserte utgifter til strøm pga overgang til LED-lys: kr. 20.000 pr år

Reduserte utgifter etter kobling til fjernvarme: 80.000 pr.år

Halv effekt første året

Renovering av bad ved Bergtun

Det står igjen eit bad ved Bergtun bufellesskap som ikkje er renovert. Badet må rives helt ned, og det må leggas nye veggplater, nytt golvbelegg med varmekablar, ny innreiing og ny varmtvasstank.

Reparasjon av ledelys ved GBU

Vi har i fleire år hatt avvik på ledelys-anlegget ved GBU.

Sparer tid til spyling av tett avløp

Eigedomsavdelinga må gjentatte gonger spyle opp tett avløp i Aukravegen 95

Sparte strømutfgifter ved overgang til LED på utelys

Sparte strømutfgifter

Taktekking kommunehuset

Taktekking 920 000 kr. inkl. mva.

Beslag 535 000 kr. inkl. mva. Har lagt til 15 % auke på 2022 prisar.

To forsterka bustader - driftskonsekvensar

Driftskonsekvensar knytt til andre einingar er ikkje lagt inn her

Utgreiing betre tilpassa skoleområde

Foreslår å flytte løyvet til 2026. Årsaka er mange nye tiltak som vi ønsker å prioritere og bruke ressursar på i 2025.

Vedlikehald Bergetippen

(meir tekst)

Generelt vedlikehold innvendig. 50.000

Maling utvendig 200 000 kr + mva.

Foldedør, avdeling Trollberget. 70.000

Vedlikehold Julsundet skole

Innvendig

2 fløyet dør i alu. ved utgang barneskole mot barnehagen er defekt, og bør byttes.

2 fløyet dør gang/flerbrukssal er knust og bør byttast.

Dør ungdomsskole ?

Overlys i tak i ungdomsskolen lek og er reparert med tape. 4 stk. overlys Velux 4 lags akryl.

Plating av nedre del av vegg i gymsal. Dette er gipsvegger som ikke tåler bruken og som har mange skader.

Total kr. 300.000

Maling utvendig.

Heile den eldste delen av skolen må målast. Vask , reingjering av treverk, flikk og maling av bordkledning, omramming kring vindaug.

Sum eks mva = 370 000,-

Vedlikehold Furutun

Utvendig.

Maling utvendig. Vasking, 2 strøk på treverk og 1 strøk på mur. 450 000 +mva.

Bytting av plater på vegg, Stilas/lift, riving av kryssfiner, og montering av ny Steni plate 30 000 kr.+mva.

Bytte 6 stk. knust glassbyggerstein i leca vegg. Fjerning av gammel, montering av ny, betongpuss og maling 20 000 kr +mva.

Innvendig.

Generell opp-pussing, og maling av de fleste overflater.

Bytting av golvlister til vaskelist/plast. De fleste golvlister er stygge/slitte.

50.000,-

Økning forsikringspremie ramme 62

Økning 23 til 24: 94.000

Økning fra 24 til 25: 120.000

Auke ressurs Heimetenester

Overføring av tenester fra Institusjon (INT) til heimetenester (HET) – fleire bur heime og færre på institusjon

I planstrategien til Helse og Omsorg er det ei overordna målsetting å i større grad yte tenester i heimen til innbyggjar, og utsette behovet for institusjonsplass lengst mogleg.

Ein har arbeidd godt med å endre praksis for tildeling i PLO. Det har gitt resultat og einingane har no fleire som mottok tenester heime. Konsekvensen av det er at færre får tildelt tenester i institusjon, og det resulterer i eit lavare tal på institusjonsplassar og liggedøgn enn tidlegare. Dette er ei ønska endring både frå kommunen og innbyggjarar flest, som ofte ønskjer å bu lengst mogleg i eigen heim.

Institusjon (INT) har i store delar av 2024 hatt mellom 22 - 24 pasientar mot 30 som er kapasiteten. Ein av etasje har vore utan pasientar store delar av året. Det har ført til at eininga i stor grad har brukt faste tilsette i tredje etasje for å dekke opp for sjukefråvær og permisjonar.

Tredje etasje på Aukra Omsorgssenter har ei bemanning på 2 personar på dag og 2 på kveld 365 dagar i året. En av ressursane har delar av dagen oppgåver i andre etasje, med anslagsvis 30% av stillinga på dag og kveld, som ikkje er tenkt redusert. Ut frå det behovet eininga ser no, er det forsvarleg å planlegge med 24 pasientplassar i staden for 30, som i praksis betyr at eininga kan redusere bemanning med 4,71 årsverk.

Dei neste 10 åra vil ein få om lag 85% fleire personar over 85 år (ref. Helsedirektoratets statistikk for Møre og Romsdal). Det er ein risiko å ta ned drifta når behovet kan endre seg i løpet av kort tid, samtidig er det økonomisk uforsvarlig å drifte med for høg bemanning over tid om behovet ikkje endrer seg. Behova er ikkje føreseieleg. Eit budsjett er ei prognose, og endringar over tid vil kunne føre med seg ei oppbemanning.

Når institusjon reduserer tilbodet er det naturleg å få ei auke i heimetenester. I 2023/ 2024 har det vore ei jamn auke i behov for tenester i heimen. Et godt samarbeid mellom einingane fordrar at det er tilstrekkeleg med ressursar. Ei overføring av ressursar frå institusjon til heimetenester krev at heimetenester har tilstrekkeleg kapasitet. Eit døme kan være pasientar som kjem frå sjukehus og normalt ville fått eit korttidsopphald. Med tilstrekkelege ressursar i heimetenester vil dei no få tenester og oppfølging heime i staden for korttidsopphald.

Eininga foreslår at ein reduserer drifta ved INT med 4,71 årsverk og aukar drift i HET (Heimetenester) med 2,2 årsverk. Vi har foreslått ei auke med kr 1 800' i rapportering andre tertial, basert på meirforbruken for året. Korrigert berekning av ressursar for 2025 med 2,2 ressurs, er kr. 2 174'.

Samla vil det føre til ei netto innsparing i PLO på kr. 2 480'.

Korrigere ramme i forhold til flytting av bemanning fra heimetjenester til institusjonstjenester

Endring av ramme som en konsekvens av organisatoriske endringer.

Av de ressursene som jobbet natt i 2020 var sykepleiere ansatt på HET og helsefag og assistenter på INT. På grunn av praktiske hensyn med administrasjon av turnus – som var felles for begge enhetene - og oppfølging av de ansatte, ble de bestemt at de to sykepleierne som jobber natt skulle organisatorisk flyttes

over til Institusjonstjenester. Dette var begrunnet med at Institusjon administrerte natt-turnus og ønsket større konsistens og mer helhet i både planlegging og oppfølging av ansatte.

Rammene for de to områdene ble ikke tilsvarende endret. Det har medført at Institusjonstjenester har internfakturert Heimetjenester hvert år. Enhetene anser dette som unødvendig, og ønsker derfor å justere rammene slik at de gjenspeiler de organisatoriske endringene sin ble utført i 2021.

2 sykepleiere på natt var i 2021 beregnet til kr. 1 800 000.

Eininga foreslår derfor ei endring av ramme med kr. 1 800 000.

Midlar til arbeidsklede i heimetjenesta

Tiltaket gjeld midlar til ei tøy/sko i heimetenesten og er ei oppfølging inn i økonomiplana av ein interpellasjon i kommunestyret. Det er ynskjeleg å lage ei utstyrspakke med arbeidstøy for dei fast tilsette i heimetenesten. Utstyrspakka for heimetenesten bør bestå av ullundertøy (under underforma), fleecejakke (alternativt eit meir miljøvenleg jakke), ytterjakke, lue og vantar, vasstette sko og joggesko. Det trengs ca. 40 slike tøy/sko-pakkar. Første året vil kostnaden vere størst. Dei neste åra vil det vere naudsynt med noko supplering. Vi bereknar at det trengs ullundertøy kvart år, vasstette sko kvart anna år, ny fleecejakke kvart tredje år, joggesko kvart år, ny ytterjakke kvart femte år og lue/vantar etter behov. Alt synleg tøy bør ha Aukra kommune-logo. For sko og ullundertøy kan alternativt klesgodtgjering nyttast. Den praktiske innretninga vil vi avklare etter kvart, men i budsjettet ynskjer vi å berekne utmåling av den rammejusteringa som det vil vere behov for.

Mobiltelefoner Helseplattformen

Helseplattformen har signalisert at våre 4GB telefoner vil kunne utgjøre en risiko etter november 2024.

Om vi fortsetter med de telefonene vi har i dag, forstår vi det slik at det er en risiko for at applikasjoner som Sensio pasientvarsling blir slått av når vi er i en telefonsamtale. Det betyr at vi ikke mottar signaler fra beboere på Aukra omsorgssenter, eller andre hjemmeboende som behøver bistand når telefonen er i bruk. ROR-kommunene har sendt saken over til ROR-IKT for en vurdering av konsekvensene, og avventer en tilbakemelding på risiko og omfanget av telefoner som bør byttes.

Prisen på disse telefonene RAM8 GB/128 GB ligger på kr 5 000. Vi har omlag 20 telefoner vi bør skifte.

Følgende epost ble sendt systemkoordinatorene fra K. Raymond Olsen, kundeansvarlig Helseplattformen januar 2024:

Før november 2024 er kravet 4 GB, og det er kjent at enkelte kommuner bruker mobiler med 3 GB uten større problemer. Det er viktig å være oppmerksom på at en konsekvens av dette kan være at under telefonsamtaler kan telefonapplikasjonen stenge ned andre applikasjoner på grunn av minnemangel. Denne anbefalingen på 6 GB gjelder kun for Android, mens Apple fortsatt beholder et minimum på 4 GB. Jeg kan ikke gi noe formelt råd uten å ha tatt en runde internt, men en mulighet kan være å vente til 2025 med å oppgradere da budsjett for 2024 allerede er satt. Alternativt kan være å se hvordan det går slik som kommunen med 3 GB-telefoner i dag har gjort.

Vi jobber med å få opp gode rutiner på hvordan dere som kunder kan følge med på og orienteres om nyheter fra Epic som dette, herunder endring av tekniske spesifikasjoner. Samtidig er jeg på ballen internt for å se hva slags handlingsrom vi har i akkurat denne saken.

Nye tryggleiksalarmar

Telenor har bestemt å fjerne 2G nettet i løpet av 2025. Våre tryggleiksalarmar har to veis tale via 2G. Noko av hensikten med tryggleiksalarm er å kunne kommunisere på en enkel måte med brukere, for eventuelt kunne avklare om det er nødvendig med utrykning. Selve alarmentheten vil fortsatt fungerer, og utløste alarmer vil komme inn til sentralen.

Fordelen med å besvare alarmen direkte er ressursbesparende og i flere tilfeller kan vi avdekke at utrykning er unødvendig. Vi har 78 enheter ute hos brukere som i løpet av 2025 vil miste funksjonen toveis tale.

Vi benytter Sensio GX8 i dag, og prisen på denne er kr 5 300. Anskaffelsen vil skje i 2025 og vi tar derfor høyde for en prisstigning på kr. 200.

Kr 5 500 x 80 = kr 440 000

Salg av bilar heimetenester

Salg av bil som ligger i driftsregnskap

Akkumulert auke i kontingent til ROR innkjøp

Avdelinga fekk ei styrking i si ramme med 759 000 kroner ved etablering av ROR-innkjøp samarbeidet i 2016. I 2022 vart ramma styrka med 150 000 kroner til totalt 909 000 kroner.

Differansen mellom ramme og faktisk kontingent har no auka til 430 000 kroner og kan ikkje dekkast innanfor ramme.

Oversikt budsjettendringar frå første og andre tertial 2024

Vedtekne budsjettendringar frå første og andre tertial 2024

Beløp i 1000 kr

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Barnebo barnehage	Styrka tilbod til førskolebarn	1 656	518	0	0	7
Gossen barne og ungdomsskole	Drift og etablering av SMIÅ	30	30	30	30	7
Gossen barne og ungdomsskole	Flytting budsjett straum og renovasjon praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole	-44	-44	-44	-44	7
Helse	Økning i ramme grunnet endrede forutsetninger	1 500	1 500	1 500	1 500	7
Innvandring og integrering	Auka utgifter til introduksjonsstønad	2 500	2 500	2 500	2 500	7
Innvandring og integrering	Etablering av tilbod for einslege mindreårige flyktningar	7 856	7 856	7 856	7 856	7
Innvandring og integrering	Flytting budsjett straum og renovasjon frå Innvandring og integrering til Tekniske tenester	-150	-150	-150	-150	7
Institusjon og butenester	Ny bruker Bergtun	1 124	1 124	1 124	1 124	7

Økonomiplan for 2025-2028

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Institusjon og butenester	Nye vedtak tjenester butenesta	3 037	3 037	3 037	3 037	7
Julsundet skole	Driftsmidler til praktisk læringsarena ved Julsundet skole i toårig prosjektperiode	100	0	0	0	7
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Finansiering av tilskot til North Atlantic Institute for Sustainable Fishing	500	0	0	0	7
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Omfordeling av inntekt knytt til revidert tenesteavtale med Aukra Sokn (innmeldt budsj. 2024)	-20	-20	-20	-20	7
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Politikarlisens	100	100	100	100	7
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Sikkerhetspartner	160	160	160	160	7
Kultur	Avtalar om årlege driftstilskot	134	82	85	45	7
Kultur	Driftsansvarleg Aukra kulturhus	725	725	725	725	7
Kultur	Årleg avsetting til fondet Tilskot til frivillige lag og organisasjonar	300	300	300	300	7
NAV Aukra	100 % midlertidig rettleiar stilling oppfølging av flyktningar i arbeid PS 44/23	728	728	0	0	7
NAV Aukra	Tilskot til utgifter knytta til flyktninger	1 500	0	0	0	7
Organisasjonsavdelinga	Forsikring er underbudsjettet	431	431	431	431	7
Overføringer	Tilskot GassROR iks	349	349	349	349	7
Tekniske tenester	Flytting budsjett straum og renovasjon frå Innvandring og integrering til Tekniske tenester	220	220	220	220	7
Tekniske tenester	Flytting budsjett straum og renovasjon praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole	54	54	54	54	7
Tekniske tenester	Kompass-tiltaket Sal av inventar og utstyr som ikkje lenger er i bruk	-100	0	0	0	7
Tekniske tenester	Omfordeling av inntekt knytt til revidert tenesteavtale med Aukra Sokn (innmeldt budsj. 2024)	-60	-60	-60	-60	7
Tekniske tenester	Stenging av Hauglandsvegen	25	25	25	25	7
Tenester til heimebuande	Økt lønnskostnad grunnet fleire bor lenger hjemme	1 800	1 800	1 800	1 800	7
Økonomiavdelinga	Omfordeling av inntekt knytt til revidert tenesteavtale med Aukra Sokn (innmeldt budsj. 2024)	80	80	80	80	7
Totalsum		24 535	21 345	20 102	20 062	

Styrka tilbod til førskolebarn
budsjettendringar 2. tertial 2024

Drift og etablering av SMIÅ

budsjettendringar 2. tertial 2024

Flytting budsjett straum og renovasjon praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole

budsjettendringar 2. tertial 2024

Økning i ramme grunnet endrede forutsetninger

budsjettendringar 2. tertial 2024

Auka utgifter til introduksjonsstønad

Det er eit auka behov for utgifter til introduksjonsstønad. Det særskilde kapittelet i integreringslova som omhandlar flyktningar frå Ukraina med midlertidig kollektiv vern, gir desse deltakarene rett til 6 månader introduksjonsprogram, med moglegheit til forlenging i ytterlegare 6 månader. Erfaringa viser at svært få greier å nå måla sine innan 6 månader, og dei aller fleste får derfor forlenga programmet sitt innanfor rammene i lova. I tillegg har kommunen den siste tida berre busett vaksne flyktningar for å minske presset på skole og barnehage. Dette har ført til at det er fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet enn planlagt.

Dersom fleire går ut i jobb tidlegare i introduksjonsprogrammet, kan behovet for utgifter til introduksjonsstønad bli mindre.

Etablering av tilbod for einslege mindreårige flyktningar

Det er fatta politisk vedtak om at Aukra kommune skal busette 7 einslege mindreårige flyktningar i 2024, 4 under 15 år og 3 over 15 år.

Dei første einslege mindreårige er venta i juni i år, og ein reknar med at alle 7 er på plass i løpet av sommarferien. Det er tilsett personale som skal arbeide i denne avdelinga. I tillegg til 5 nytilsette, vil 3 personar frå administrasjonen i eininga gå over til det døgnbemanna bufellesskapet.

I samband med etablering av tilbod for einslege mindreårige flyktningar, ber ein om at ramma blir auka med kr. 3.366.622,- for inneverande år.

Flytting budsjett straum og renovasjon frå Innvandring og integrering til Tekniske tenester

budsjettendringar 2. tertial 2024

Ny bruker Bergtun

budsjettendringar 2. tertial 2024

Nye vedtak tjenester butenesta

budsjettendringar 2. tertial 2024

Driftsmidler til praktisk læringsarena ved Julsundet skole i toårig prosjektperiode

I kommunestyret 13.06.24 vert det lagt fram sak om etablering av praktisk læringsarena ved Julsundet skole. I saksframlegg blir det beskreve behov for kr. 100 000 i årlege driftsmidler til å supplere og erstatte læremiddel og utstyr. Avdeling for praktisk læringsarena blir i første omgang eit prøveprosjekt for 2 skoleår. Budsjettauka blir difor lagt inn med same varigheit. Det må takast stilling til om driftsmidlene skal vidareførast i samband med evaluering av prosjektet som total.

Finansiering av tilskot til North Atlantic Institute for Sustainable Fishing

Viser til K-sak 81/22. Finansieringa er vedteke dekt ved bruk av fond, men midlane er ikkje overført til ramme 10.1.

Omfordeling av inntekt knytt til revidert tenesteavtale med Aukra Sokn (innmeldt budsj. 2024)

Innsparingstiltaket "Aukra Sokn - revidering av tenesteavtale" vart meldt inn i budsjett 2024 med beløp 167 000,-.

Dette gjeld auke av verdsetting på tenestane som Aukra kommune yt til Aukra Sokn. Auka vart i si heilheit inntektsført på eining Økonomiavdelinga. Deler av tenestane blir yt av andre einingar, slik at riktig fordeling av inntekt blir følgjande:

Økonomiavdelinga: Kr. 87 000 (Lønskøyering og rekneskapsføring)

Serviceavdelinga: Kr. 20 000 (IKT)

Tekniske tenester: Kr. 60 000 (Vintervedlikehald)

Inntekta vert no omfordelt mellom einingane likt som beskreve i avtalen, og kr. 20 000 blir lagt inn som auke i inntekt på eining Serviceavdelinga.

Politikarlisens

Det er vedteke at politikarane skal over frå nettbrett til PC. Samstundes har Microsoft endra sin lisenspolicy, frå at politikarlisensen var gratis til at kommunen no må betale for å ha slike lisensar.

Det er eit mål at utgifta for år 1, altså 2024, blir dekt av ubrukte lønsmidler. Av den grunn er det ikkje lagt inn utgifter for år 1, men for år 2. Dette for å synleggjere at avdelinga får ei ny utgift frå 2024.

Sikkerheitspartner

Samarbeidsrådet for ROR IKT har vedteke at ein skal gå til innkjøp av ein sikkerheitspartner som skal utføre overvaking av IKT-sikkerheita og vere tilgjengeleg ved eventuelle hendingar. Sikkerheitspartnaren skal også vera ein aktiv deltakar i den strategiske, taktiske og operative delen av sikkerheitsarbeidet.

Det er eit mål at utgifta for år 1, altså 2024, blir dekt av ubrukte lønsmidler. Av den grunn er det ikkje lagt inn utgifter for år 1, men for år 2. Dette for å synleggjere at avdelinga får ei ny utgift frå 2024.

Avtalar om årlege driftstilskot

budsjettendringar 2. tertial 2024

Driftsansvarleg Aukra kulturhus

budsjettendringar 2. tertial 2024

Årleg avsetting til fondet Tilskot til frivillige lag og organisasjonar

Auka kommune skal ifølgje retningslinene for fondet "Tilskot til lag og organisasjonar i nærmiljøet" ha to søknadsfristar; 1. mars og 1. september. Kvart år har det blitt sett av midlar til dette fondet, men det blei ikkje gjort for 2024.

100 % midlertidig rettleiar stilling oppfølging av flyktningar i arbeid PS 44/23

budsjettendringar 2. tertial 2024

Tilskot til utgifter knytta til flyktningar

budsjettendringar 2. tertial 2024

Forsikring er underbudsjettert

budsjettendringar 2. tertial 2024

Tilskot GassROR iks

Auke i tilskot til GassROR iks etter auka utskriving av eigedomsskatt frå 2024 som følgje av ny almen taksering.

Kompass-tiltaket Sal av inventar og utstyr som ikkje lenger er i bruk

Tiltaket vart registret med feil fortegn

Omfordeling av inntekt knytt til revidert tenesteavtale med Aukra Sokn (innmeldt budsj. 2024)

Innsparingstiltaket "Aukra Sokn - revidering av tenesteavtale" vart meldt inn i budsjett 2024 med beløp 167 000,-.

Dette gjeld auke av verdsetting på tenestane som Aukra kommune yt til Aukra Sokn. Auka vart i si heilheit inntektsført på eining Økonomiavdelinga. Deler av tenestane blir yt av andre einingar, slik at

riktig fordeling av inntekt blir følgjande:

Økonomiavdelinga: Kr. 87 000 (Lønskøyering og rekneskapsføring)

Serviceavdelinga: Kr. 20 000 (IKT)

Tekniske tenester: Kr. 60 000 (Vintervedlikehald)

Inntekta vert no omfordelt mellom einingane likt som beskreve i avtalen, og auke i inntekt på kr. 60 000 blir lagt på Tekniske tenester.

Stenging av Hauglandsvegen

Tiltaket vart fjerna i budsjettmøtet i kommunestyret

Økt lønnskostnad grunnet fleire bor lenger hjemme

budsjettendringar 2. tertial 2024

Omfordeling av inntekt knytt til revidert tenesteavtale med Aukra Sokn (innmeldt budsj. 2024)

Innsparingstiltaket "Aukra Sokn - revidering av tenesteavtale" vart meldt inn i budsjett 2024 med beløp 167 000,-.

Dette gjeld auke av verdsetting på tenestane som Aukra kommune yt til Aukra Sokn. Auka vart i si heilheit inntektsført på eining Økonomiavdelinga. Deler av tenestane blir yt av andre einingar, slik at riktig fordeling av inntekt blir følgjande:

Økonomiavdelinga: Kr. 87 000 (Lønskøyering og rekneskapsføring)

Serviceavdelinga: Kr. 20 000 (IKT)

Tekniske tenester: Kr. 60 000 (Vintervedlikehald)

Inntekta vert no omfordelt mellom einingane likt som beskreve i avtalen, og redusert inntekt på kr. 80 000 (20 000 + 60 000) vert lagt på Økonomiavdelinga.

Oversikt innmeldte ynskja budsjettendringar som ikkje er prioritert

Nye innmeldte budsjettendringar som ikkje er tilrådd

Beløp i 1000 kr

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Endringskode (kode)
Barnebo barnehage	Auka grunnbemanning for å sikre grunnbemanningsnorm større del av opningstida	2 806	2 806	2 806	2 806	41
Bergetippen barnehage	Auke grunnbemanning	1 757	1 757	1 757	0	41
Bergetippen barnehage	Oppgradering av uteleikeområdet	200	0	0	0	41
Gossen barne og ungdomsskole	Frostring av dører	12	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Kontigent ROR-IKT	347	643	950	950	9
Tekniske tenester	Driftsutgifter lager ved GBU	12	12	12	12	21
Tekniske tenester	Nytt FDVU-program for eiendomsdrift	100	60	60	60	41
Tekniske tenester	Regulerings av husleige til markedsleie	50	0	0	0	41
Totalsum		5 284	5 278	5 585	3 828	

Auka grunnbemanning for å sikre grunnbemanningsnorm større del av opningstida

50 % stilling per avdeling på 8 avdelingar = 4 stillingar auka grunnbemanning.

Bemanning og kompetanse må sjåast opp i mot opningstid, opphaldstid og arbeidstid.

Grunnbemanningsnorma er ein tilsett per 6 barn over 3 år, og ein tilsette per 3 barn under 3 år.

Organiseringa i Aukrabarnehagane er normalt tre tilsette per 18 barn over 3 år, og tre tilsette per 9 barn under 3 år. Store delar av barnehagedagen er ikkje alle 3 tilsette til stades i barnegruppa.

Dette fordi

- Opningstida er 9,5 t og tilsette si arbeidstid er 7,5 t
- Barna er meir i barnehagen enn tidlegare; fleire dagar i veka og har lengre dagar enn dei tilsette si arbeidstid som er heilt naturleg når foreldre er i arbeid
- Pauseavvikling for tilsette er innanfor arbeidstida
- Innanfor arbeidstida er alle barnehagelærarar pålagt å avvikle 4 timar plantid per veke. I plantida er dei ikkje saman med barna.
- Auka andel pedagogiske leiarar skal vere 60 % innan 2030. Aukrabarnehagane er godt på veg mot målet. Auka andel barnehagelærarar gir også auka avvikling av plantid - tid som ikkje no blir erstatta i barnegruppa
- I tillegg skal det kvar veke avviklast avdelingsmøte og møte for dei pedagogiske leiarane.
- Andre møte som foreldresamtaler, samarbeid med andre instansar mm. skal også gjennomførast innfor arbeidstida.

Dette betyr at den tida det er 3 tilsette til stades i barnegruppa vert maksimalt 2-3 timar pr. dag. Dette er svært krevjande for barna først og fremst, men også belastande for dei som er igjen og som vert åleine på avdelinga.

Forskning på effekten av auka grunnbemanning visar at sjukefråveret ikkje går ned om ein aukar grunnbemanninga. Men same forskninga visar at ein ved sjukefråver opprettheld kvaliteten på det pedagogiske tilbodet ved å ha auka grunnbemanning.

Samfunnsmandatet til barnehagen er å ha ein forebyggjande, helsefremjande og sosialt utjamnande funksjon. I barnevernreformen er hovudtrekka at meir skal løysast gjennom forebygging tidlegare og i grunntenestene til kommunen - som barnehage er. Då må barnehagane gjerast i stand til å løyse dette på ein god måte.

Tryggleiken til barn og tilsette blir bedre ved å auke grunnbemanninga. Spesielt gjeld dette på starten og slutten av dagen når tilsette går vakter men og gjennom heile dagen. Tilsette som er aleine med heile barnegruppa før neste vakt kjem opplever at dei ikkje strekker til, og gjennom dagen opplever dei å ikkje å ivareta HMS, omsorg, nærleik og støtte til kvart enkelt barn pedagogisk godt handtverk.

Nasjonalt visar statistikk at det er stadig fleire barn som har behov for eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Det er eit ønske om at meir av dei individuelle behova skal kunne dekkast innanfor det allmenpedagogiske arbeidet. Auka grunnbemanning kan vere med å avhjelpe noko av dette behovet.

Auke grunnbemanning

Auke grunnbemanning for i større grad sikre minimumskravet til grunnbemanning større del av dagen.

Bemanning og kompetanse må sjåast opp i mot opningstid, opphaldstid og arbeidstid.

Grunnbemanningsnorma er ein tilsett per 6 barn over 3 år, og ein tilsette per 3 barn under 3 år.

Organiseringa i Aukrabarnehagane er normalt tre tilsette per 18 barn over 3 år, og tre tilsette per 9 barn under 3 år. Store delar av barnehagedagen er ikkje alle 3 tilsette til stades i barnegruppa.

Dette fordi

Opningstida er 9,5 t og tilsette si arbeidstid er 7,5 t

Barna er meir i barnehagen enn tidlegare; fleire dagar i veka og har lengre dagar enn dei tilsette si arbeidstid som er heilt naturleg når foreldre er i arbeid

Pauseavvikling for tilsette er innanfor arbeidstida

Innanfor arbeidstida er alle barnehagelærarar pålagt å avvikle 4 timar plantid per veke. I plantida er dei ikkje saman med barna.

Auka andel pedagogiske leiarar skal vere 60 % innan 2030. Aukrabarnehagane er godt på veg mot målet. Auka andel barnehagelærarar gir også auka avvikling av plantid - tid som ikkje no blir erstatta i barnegruppa

I tillegg skal det kvar veke avviklast avdelingsmøte og møte for dei pedagogiske leiarane.

Andre møte som foreldresamtaler, samarbeid med andre instansar mm. skal også gjennomførast innfor arbeidstida.

Dette betyr at den tida det er 3 tilsette til stades i barnegruppa vert maksimalt 2-3 timar pr. dag. Dette er svært krevjande for barna først og fremst, men også belastande for dei som er igjen og som vert åleine på avdelinga.

Forskning på effekten av auka grunnbemanning visar at sjukefråveret ikkje går ned om ein aukar grunnbemanninga. Men same forskninga visar at ein ved sjukefråver opprettheld kvaliteten på det pedagogiske tilbodet ved å ha auka grunnbemanning.

Samfunnsmandatet til barnehagen er å ha ein forebyggjande, helsefremjande og sosialt utjamnande funksjon. I barnevernreformen er hovudtrekka at meir skal løysast gjennom forebygging tidlegare og i grunntenestene til kommunen - som barnehage er. Då må barnehagane gjerast i stand til å løyse dette på ein god måte.

Tryggleiken til barn og tilsette blir bedre ved å auke grunnbemanninga. Spesielt gjeld dette på starten og slutten av dagen når tilsette går vakter men og gjennom heile dagen. Tilsette som er aleine med heile barnegruppa før neste vakt kjem opplever at dei ikkje strekker til, og gjennom dagen opplever dei å ikkje å ivareta HMS, omsorg, nærleik og støtte til kvart enkelt barn pedagogisk godt handtverk.

Nasjonalt visar statistikk at det er stadig fleire barn som har behov for eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Det er eit ønske om at meir av dei individuelle behova skal kunne dekkast innanfor det allmenpedagogiske arbeidet. Auka grunnbemanning kan ver med å avhjelpe noko av dette.

Tiltak:	Omfang	Kostnad
Auke grunnbemanning:	5 avdelingar	Lønn:
50% fagarbeiderstilling på kvar avdeling.	0,5 st. x 5 avdelingar	Fagarbeider 100% Kr. 522000 (full ansienitet)
5 avdelingar på Bergetippen	= totalt 2,5 stillingar for Bergetippen	Fagarbeider x 250% = 1305000
		Inkludert feriepenger, pensjon, arbeidsgiveravg. for 250 % stillingblir totalsummen: kr 1 757 710

Oppgradering av uteleikeområdet

Generell oppgradering av uteområdet ved Bergetippen og innkjøp av forbrenningsdo.

Det er behov for generell oppgradering av uteområdet. Både grunnen og diverse leikeapparat treng oppgradering. Store deler av uteområdet bær preg av slitasje. Fleire stader er det behov for oppgradering av underlaget. Det er leikeapparat som er slitt og trengjer utskifting. Sommaren 2024 måtte ein pga. sikkerheit fjerne ein leikekonstruksjon av granulat. Her treng ein å erstatte plassen med noko anna. Generelt gjere utearealet meir sikkert og brukarvennleg.

Barnehagen etablerte i 2021 eit friluftsområde der vi satte opp ein utedo. Det er utfordrande å få tømning av denne doen. Ein ønsker derfor å kjøpe inn ein forbrenningsdo som løysing for denne plassen. Ein forbrenningsdo vil koste ca. 40000,-

Frosting av dører

Det er eit ønske om å froste dørene inn til klasseromma.

Estimert pris for frosting kr. 11.700.- eks mva (pris inkl. kjøring).

Kontigent ROR-IKT

I følge ROR-IKT sitt budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 er Aukra kommune sin deltagarkontigent på kr. 7 239 000,- i 2024, kr. 7 586 000,- i 2025, kr. 7 882 000,- i 2026 og kr. 8 129 000,- i 2027. Budsjettjustering er lagt inn på bakgrunn av dette.

Driftsutgifter lager ved GBU

Driftskonsekvensar av lagerbygget for elektriske hjelpemiddel

Nytt FDVU-program for eiendomsdrift

Vi har ikkje eit eige system for eigedomsforvaltning. Eit slik program kan hjelpe oss å få systematisert dokumentasjon for alle formålsbygga våre (seviceavtalar, rapportar frå brann og el-tilsyn, energiforbruk, reinhaldaplaner osv). Det gjer det også enklare å formidle og dokumentere hendingar mellom drift og brukara av bygga, og å lager gode vedlikehaldsplaner og årshjul.

Vi har sett på nokre program og lisensprisen ligg på mellom 40-60.000 pr.år + opplæring.

Regulerings av husleige til markedsleie

Dette er eit KOMPASS-tiltak som vi ikkje får effekt av i 2025 pga vakanse i stillinga som driftsleiar i 2024. Vi vil innføre tiltaket i 2025 med effekt fra 2026.

Rammemodellar for utmåling

Budsjettmodell for grunnskole og SFO

Frå budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert budsjettmodell for grunnskole og SFO nytta for rammeutmåling.

Modellen bereknar det samla behovet for netto budsjetttramme og fordelar beløpet mellom dei to Aukraskolene. Det finnes ulike modellar for rammeutmåling. Modellen som brukast for Aukra legg vekt på timar til individuell tilrettelagt undervisning.

Modellen er basert på:

- Skolene sine innrapporterte tal i GSI (Grunnskolens Informasjonssystem) for skoleår 24/25. For meir info om GSI trykk på lenka: [Informasjon GSI](#)
- Vedtakstimar med individuell tilrettelagt opplæring fordelt på lærar og miljøretteiarar (Vedtak etter anbefaling frå PPT, oversikt oversendt frå rektorane)
- Forventning om at noko av individuell tilrettelagt opplæring blir gjennomført i gruppe
- Framskriving av elevtal
- Førre års driftsnivå
- Inntekt som finansierar elevar heilt eller delvis (t.d. Hustadvika elevar og fosterheims plasserte elevar)
- Lønsforhandlingar er teke inn som del i modellen og lønsnivået justert deretter
- Kokkestillingar er lagt til da det ikkje fangast opp som del av GSI rapportering
- Kvalitetssikring av gruppestørrelse 2 (Lærarnormen) bereknast for kvar skole og samanliknast med loven sine krav (Begge skolane ligg godt innafor krava)

Informasjon som blir henta frå GSIrapportering er mellom anna:

- Elevtal, årsverk og tilsette
- Timar til ordinær undervisning: Fast ressurs per skole og timar per elev.
- Timar til anna enn undervisning: Timar per elev
- Timar til individuell tilrettelagt opplæring: Timar per elev
- Timar til språkstøtte: Timar i henhold til timevedtaka for dei enkelte elevane
- Timar til assistentar: Fordelast etter omtrent same nøkkel som individuell tilrettelagt opplæring.
- Årsverk til leiding: Årsverk per skole, ikke elevavhengig.
- Kommunale ellers (merkantile): Per skole og per
- Tal på elevar i SFO
- Foreldrebetaling SFO

Modellen vil etter kvart kunne gje oss moglegheit til samanlikne utviklinga over fleire år.

Begge skolene har fått justert ramme ved at indeksregulert prisvekst er teke inn. Dette er løyst utanfor modellen i budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028.

Begge skolene har eit høgt nivå på vedtak på individuell tilrettelagt opplæring.

Ny opplæringslov vert gjeldande frå 1. august 2024, og erstattar då dagens 25 år gamle lov.

Utdanningsdirektoratet opplyser: «Målet er at ny lov skal være mer oppdatert, mer tilgjengelig, mer forståelig og mer tilpasset dagens samfunn og hverdagen i den norske opplæringssektoren. Det er også et mål å kunne bruke regelverk som styringsvirkemiddel når det er nødvendig og hensiktsmessig.»

Ny lov viderefører og tydeleggjer fokuset på tilpassa opplæring, det vil seie ei vridning frå individuell tilrettelagt opplæring til meir intensiv opplæring som ein del av den ordinære (tilpassa) opplæringa.

På bakgrunn av dette er det i modellen lagt inn ei forventning om at nivået på individuell tilrettelagt opplæring skal gå ned dei kommande åra.

Bemanningskalkulator barnehage

Utdanningsdirektoratet (udir) har ein bemanningskalkulator som fortel om barnehagen oppfyller minimumskrav til bemanning og pedagogtettleik, sjå: [Bemanningskalkulator](#)

Kalkulatoren vert oppdatert kvart år i februar med tal per 15.12 som er henta frå barnehagen sin årsrapportering i BASIL (udir sitt innrapporteringssystem for barnehagar).

Pedagognorma sei at barnehagen skal ha minimum:

- 1 pedagog (1 årsverk) per 7 barn under 3 år
- 1 pedagog (1 årsverk) per 14 barn over 3 år

Bemanningsnorma sei at barnehagen skal ha minimum

- 1 tilsett (1 årsverk) per 3 barn under 3 år
- 1 tilsett (1 årsverk) per 6 barn over 3 år

Barn vektast ut frå alder og avtala opphaldstid, når vi reknar barn per tilsett. Barn under tre år tel som to barn. Det er for å kunne samanlikne barnehagar med ulik samansetting av barn. Det er årsverk tilsette i grunnbemanninga som inngår i berekninga av bemanningstettleik. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og andre tilsette som jobbar direkte med barna.

I berekninga av pedagognorma tel årsverk til pedagogiske leiarar med godkjent utdanning. Antal årsverk til pedagogiske leiarar rundast ned til næraste heile årsverk.

Barna reknast som 3 år fra og med 1. august det året dei fyller tre år.

Styrar/dagleg leiar tel ikkje med som grunnbemanning.

Kommunestyret vedtok i PS-28/24 at Aukra kommune framover skal ha to barnehageopptak i året:

- Start 15. august, med søknadsfrist 1. mars (som no)
- Start 1. februar, med søknadsfrist 1. september (nytt)

"Under føresetnad av kapasitet i barnehagane kan det òg takast opp barn mellom dei faste opptaka."

"Barn som får tilbod om plass i barnehagen frå 1.februar vil ikkje ha lovmessig rett på plass. Det vil være ein føresetnad at tilbod om plass vert gjeve om/når ein greier å fylle krava til kvalifisert og nok tilsette. Eit nytt opptak på eit fast tidspunkt gjer dette enklare å få til. "

Aukra kommune held seg akkurat innanfor minimumskrava per august 2024.

Det er gjort opptak av to barn over tre år til start 1. oktober 2024 og opptak av tre barn under tre år til start 1. februar 2025. Dette utløyer krav om å rekruttere ein pedagogisk leiar i 100 % stilling.

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjett ligg vedteke revidert økonomiplan 2024 - 2027. I tillegg er alle kjente endringar frå politiske enkeltvedtak teke omsyn til.

Investeringsbudsjettet er fastsett som brutto utgift og inntekt pr. investeringsprosjekt. Brutto utgift vil seie at meirverdiavgift er med som ein del av investeringsutgifta. Unntak for dette er investeringar innafor det ordinære mva-området (gjeld mellom anna investeringar knytt til vann, avløp og renovasjon). I kommunen sitt økonomireglement er det bestemt at det ved rullering av økonomiplana skal det gjerast ei ny vurdering av det enkelte investeringsprosjekt med omsyn til endring i løns- og prisvekst og konsekvensar for driftsbudsjettet i kommande år. Dette er innarbeidd som endringar i prosjekta sine investeringsutgifter det enkelte år.

Detaljane i investeringsbudsjettet er vist i dei ulike tabellane nedanfor.

Samla oversikt over totale investeringar, korleis desse er finansiert og delar knytt til vidareutlån går fram i tabellen "Oversikt investering og finansiering"

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringer

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2025	2026	2027	2028	2025-28
Investeringsprosjekter					
Organisasjonsutvikling					
ROR-IKT investeringar	718	562	562	562	2 404
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Rulleringsplan for PC-ar til politikarane	0	0	380	0	380
Sum Organisasjonsutvikling	1 718	1 562	1 942	1 562	6 784
Oppvekst og kultur					
Bil til praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole	700	0	0	0	700
Bil til praktisk læringsarena Julsundet skole	700	0	0	0	700
Etablering av praktisk læringsarena ved Julsundet skole	250	0	0	0	250
Innkjøp elevstolar til hele avdelingen - GBU	150	0	0	0	150
Kommunal eigenandel for spelemidlar	600	600	600	600	2 400
Oppgradere uteområdet på Furutun	450	0	0	0	450
Sum Oppvekst og kultur	2 850	600	600	600	4 650
Helse og omsorg					
Bilar heimetenester	410	410	410	600	1 830

Økonomiplan for 2025-2028

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2025	2026	2027	2028	2025-28
Sum Helse og omsorg	410	410	410	600	1 830
Samfunnsutvikling					
Aukra idrettshall	2 000	50 000	100 000	0	152 000
Aukratun - utbetring av manglar	500	0	0	0	500
Bytte av arbeidsbilar	795	625	650	0	2 070
Fjellbrønnar Julsundet skole	0	1 500	0	0	1 500
Fríidrettsbane med tartandekke på Riksfjord stadion	4 500	0	0	0	4 500
Førebu riving/sal av fråflytta formålsbygg	5 000	0	5 000	0	10 000
Gang- og sykkelveg Rød - Oterhals	700	13 000	0	0	13 700
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	0	0	0	5 000	5 000
Kjøleanlegg Julsundet	1 200	0	0	0	1 200
Lagerhall for kommunalt utstyr på Nyland	250	0	0	0	250
Ombygging av Bergland	11 500	0	0	0	11 500
Ombygging av garderober for arbeid med vatn og avløp	300	0	0	0	300
Oppgradering av kjøkken ved Furutun	170	0	0	0	170
Oppgradering av kloakk til Aukravegen 95	200	0	0	0	200
Oppgradering av lyddemping ved Bergetippen barnehage	160	0	0	0	160
Oppgradering av utelys ved GBU	500	500	500	0	1 500
Prosjektmidlar for sambrukshus Julsundet	500	0	0	0	500
Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset	5 850	0	0	0	5 850
To forsterka bustader	200	4 000	0	0	4 200
Veg og industriareal på fastlandet	500	3 150	7 350	0	11 000
Veglys i Skogvegen	100	0	0	0	100
Sum Samfunnsutvikling	34 925	72 775	113 500	5 000	226 200
Felles inntekter / utgifter					
'Buffer' investeringsutgifter	0	15 000	24 000	20 000	59 000
Kjøp av fin.anl.midler	900	900	900	900	3 600
Sum Felles inntekter / utgifter	900	15 900	24 900	20 900	62 600
Sum	40 803	91 247	141 352	28 662	302 064

Selvkost

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2025	2026	2027	2028	2025-28
Samfunnsutvikling					
Avløp Vikenco - planlegging	200	0	0	0	200
Ekstern bistand til revisjon av hovedplan vatn	200	0	0	0	200
Generelle investeringar avløp	800	600	600	600	2 600
Generelle investeringar vatn	625	600	600	700	2 525
HMS-tiltak i pumpestasjonar	200	0	0	0	200
Høgdebasseng	0	200	7 750	0	7 950
Tiltak i hovedplan avløp	8 150	3 300	2 200	0	13 650
Tiltak i hovedplan vatn	0	0	4 000	0	4 000
Tiltak i Tverrlia	500	1 500	1 000	0	3 000
Utbetring VA (Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen	400	1 500	1 500	1 500	4 900
VA Fanghol bustadområde	2 700	0	0	0	2 700
Sum Samfunnsutvikling	13 775	7 700	17 650	2 800	41 925
Sum	13 775	7 700	17 650	2 800	41 925

Andre investeringer

Organisasjonsutvikling

ROR-IKT investeringar

Aukra kommune sin del av ROR-IKT sine investeringar

Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen

Rulleringsplanen er slik: Elevar som startar i 1. klasse får utdelt nettbrett som dei skal bruke i perioden 1. til 4. trinn. Elevar som startar i 8. klasse får utdelt PC som dei skal bruke i perioden 8. til 10. trinn. Elevane i 5. klasse tek over PC-ane som 10. trinn har brukt og i tillegg blir det supplert med nye PC-ar ved behov.

Rulleringsplan for PC-ar til politikarane

Det er vedteke at politikarane skal ha nettbrett. Nettbretta vert skifta ut ved nytt kommunestyret

Oppvekst og kultur

Bil til praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole

Behov for 9-seter bil til bruk knytt til praktisk læringsarena

Bil til praktisk læringsarena Julsundet skole

Behov for 9-seter bil til bruk knytt til praktisk læringsarena

Etablering av praktisk læringsarena ved Julsundet skole

I kommunestyret 13.06.24 vert det lagt fram sak om etablering av praktisk læringsarena ved Julsundet skole. For at avdeling for praktisk læring skal fungere frå skolestart i august 2024 må Julsundet skole ha investeringsmidlar. Noko må på plass så tidleg som mogleg, noko har ein tenkt kan vente til budsjettåret 2025. Investeringsmidlane er til inventar, undervisningsmateriale/-utstyr og verktøy. Det meste er

eingongsinvesteringar (utstyr og maskinar), og undervisningsmateriell som til dømes tur utstyr blir kjøpt inn med tanke på at det skal ha lang levetid.

Innkjøp elevstolar til hele avdelingen - GBU

Fleire elevstolar har blitt øydelagt og det er tid for at vi må skifte stolar på ei avdeling. Vi har fått inn tilbod og pris pr stol er ca. 1500,-

Kommunal eigenandel for spelemidler

Kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader: Ved søknad om spelemidler kan ein søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad. Grunnlaget for tilskot til nærmiljøanlegg er frå 2015 auka til kr. 600 000,-. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000. Eigendelen er knytt opp mot vedteken handlingsplan i plan for idrett, aktivitet og friluftsliv.

Oppgradere uteområdet på Furutun

Det er behov for å utfase og oppgradere leikeplassutstyr på uteområdet på Furutun.

Det er ikkje gjort anna enn å fjerne leikeplassutstyr, ikkje erstatte dei, dei siste 10 åra. Det blir godt synleg når Aukratun er ny, flott og funksjonell til aldersgruppa der.

Det er ikkje henta inn prisen for montering av utstyr. Det er difor lagt inn eit anslag på kr. 50 000,- på dette.

Helse og omsorg

Bilar heimetenester

Utsifting av bilar til heimetenesta i høve plan.

Eininga har ein langsiktig plan for utsifting av bilparken, som inneber å skifte om lag ein bil kvart år og da har vi bilene i minimum 10 år. Investeringskostnadane vil variere avhengig av kva behov eininga har for størrelse og trekk kraft. Det er ei overordna målsetting å skifte til miljøvenlege bilar og i all hovudsak elbil.

For tilstrekkelig rekkevidde på el-biler, rekk ikkje budsjettet med kr. 300 000 per bil. Vi må difor auke budsjettet til kr 400 000 for vanlige 2 hjulsdrevne bilar, og kr 600 000 på 4 hjuls trekk.

Samfunnsutvikling

Aukra idrettshall

Vi viser til mogleighetsstudia for Aukra idrettshall. Det er uavklart kvar idrettshallen skal lokaliserast og kva den vil koste. Difor vert det lagt inn eit førebels anslag i økonomiplana for åra 2026 og 2027.

Detaljplanlegging av idrettshallen i 2025.

Aukratun - utbetring av manglar

Meldt til entreprenør: kr. 920.000 inkl mva. Dette er kravet vi har retta mot garantisten som gjeld manglar og feilrettingar. Dei fleste manglane er utbetra i 2024, men noko vil ikkje kunne utbetrast før i 2025.

Bytte av arbeidsbilar

Bilane til Tekniske tenester har ein høg gjennomsnittsalder, og kostnadar til drift og vedlikehald har dei siste åra vore høge. Den eldste bilen er frå 2006. Vi har eit mål om at bilane skal ha ein god standard og vere av ei utforming som gjer det trygt og effektivt for våre tilsette å vere i beredskap til ei kvar tid.

Fleire av bilane vil bli mellom 20 og 25 år i løpet av dei neste 10 åra, slik at det er viktig at ein startar utskifting og kan fordele dette over fleire år. Elektriske bilar vert vurdert.

Fjellbrønnar Julsundet skole

Delar av Julsundet skole har framleis elektrisitet som energikjelde til oppvarming. Det er planlagt å bore fleire fjellbrønnar slik at heile skolen nyttar fornybar energi til oppvarming. Grunna prioritering av kapasitet på prosjektleiing i eininga, vert denne investeringa foreslått flytta til 2026.

Friidrettsbane med tartandekke på Riksfjord stadion

Fra handlingsprogrammet for idrettsanlegg i november 2022 (spillemidler):

Prioritet 3 – Friidrettsdekke er et prosjekt som vil gi Aukra kommune et basisanlegg for friidrett, med sprintbaner, løpebaner, lengde grop, kulekast og høyde. I tillegg vil fast dekke ved kunstgressbanen gjøre at man får lagt til rette for granulatt oppsamling. På denne måten vil anlegget utgjøre 2 funksjoner, en for idretten og en for ytre miljøet. Anlegget ligger inne i handlingsprogrammet for 2023. Grov kalkylen for prosjektet som er foreløpig og usikker.

Førebu riving/sal av fråflytta formålsbygg

Vi vil gjennomføre for riving av Aukraheimen i 2025. Det må gjerast ei omregulering av området samtidig for å gjere klar tomta for eit nytt bygg. Tomta for Aukra vidaregåande skole skal gjerast om til eit kommunalt bustadfelt. Dette tiltaket vert foreslått starta opp i 2027. Kalkyler for desse tiltaka er usikre.

Gang- og sykkelveg Rød - Oterhals

Jamfør sak om utgreiing av G/S veg Rød-Oterhals. I 2025 planlegg vi å utarbeide reguleringsplan, gjere avklaringar med grunneigarar, detaljprosjektere og utarbeidse konkurransegrunnlag og lyse ut anbod. Bygging i 2026.

Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen

Prosjektet gjeld gang- og sykkelveg med veglys på ca.1100 meter. Tiltaket var prioritert i Trafikktryggingssplana 2019-2023.

Terrenget er svært utfordrande. Med ein gang- og sykkelvegen på sørsida av vegen, viste ei svært usikker kalkyle ein kostnad på om nær 17 millionar kroner (2024). Første del av investeringa vert foreslått flytta til 2028 grunna prioritering av ressursar til prosjektleiing i eininga

Kjøleanlegg Julsundet

Ved bygging av Julsundet skule, vart kjøling av ventilasjonsluft tatt ut av budsjettet. Det viser seg likevel at det er eit stort behov for dette på sommarstid.

Her er det mogleg å bruke væske frå brønnparken som kjøling. Det trengs ei ombygging av ventilasjonsaggregat, og bygging av ein kjølesentral på teknisk rom. Når dette er bygd, har vi «gratis» kjøling av bygget.

Løyvet er foreslått auka pga revidert pris-kalkyle etter ein meir detaljert gjennomgang av prosjektet.

Kulturhus og basseng

I søknad datert 14 desember 2021 vart det søkt om tilskot til etablering av Basseng og Bygningsmasse. Møre og Romsdals fylkeskommune har i sitt svar signalisert at totalt godkjent søknadsbeløp for Aukra kommune er 18,2 mill. kroner.

I 2022 vart kommunen tildelt 6,1 mill kroner av årets pott. Desse er mottekne utbetalt i 2023. Vidare er vi i 2023 informert om at vi er tildelt 6 mill. kroner av rest godkjent søknadsbeløp med 12,1 mill. kroner.

Beløpet vil bli anmoda utbetalt i 2024. Rest til gode av godkjent søknadsbeløp forventas utbetalt i 2025.

Lagerhall for kommunalt utstyr på Nyland

Kommunen har mykje utstyr som lagrast ved Nyland. Ny lagerhall er full og det er behov for meir lagerplass. Aukra kommune har fått tilbod om å kjøpe telthall som står ferdig oppført på Nyland.

Ombygging av Bergland

Tenester for heimebuande disponerer 20 heildøgns omsorgsbustader, og ein ser at i halvparten av desse bustadane bur det personar som har utfordringar med psykiske lidningar og utryggleik, samt demenssjukdom. Dei er ikkje veldig fysisk svekka og det gjer at det vert lite turn-over mellom bebuarane, slik at det vert lite sirkulasjon på bustader i heildøgns omsorg på Aukra Omsorgssenter. Fleire av personane kunne budd i mindre bufellesskap med oppfølging av heimesjukepleie på enkeltvedtak, og individuell tilpassa hjelp frå assistent. Dette gjeld særleg personar som får tidleg demens og personar med psykiske lidningar, då desse har utfordringar med å bu aleine grunna utryggleik. Bergland består av 5 bueiningar. Ein ønskjer å lage eit bufellesskap med 4 bueiningar med eit fellesareal og ei base for tilsette, som ved behov kan bemannast heile døgnet i dei periodane det er naudsynt.

Husbanken har gjeve tilsegn om tilskot til bygging av Bergland bufellesskap med 6,4 mill. kroner. Tilskotet blir gjeve til 4 omsorgsbustader, kor 4 utgjer netto tilvekst. Anmodning om utbetaling av tilskotet skal være framsett seinast innan januar 2025. I motsett fall faller retten til tilskotet bort i sin helhet uten forutgående varsel.

Ombygging av garderober for arbeid med vatn og avløp

Planlegging av ombygging av garderober for å betre sikre krav om skilje mellom rein og skitten sone i garderobebygget som er base for vaktmeistarar og driftsoperatørar.

Oppgradering av kjøkken ved Furutun

Kjøkkenet furutun:

- Bytte ut steamer til benkesteamer. Dette er prekært ift HMS/nærvær. Blir meldt i vernerunder, sjekkliste og no sist i handlingsplanen for En bra dag på jobb.
- Må antakeleg gjere noko med utforming og plassering vindu.
- Kjøp og alternativ plassering for nytt kjøleskap

Oppgradering av kloakk til Aukravegen 95

Avløp for kloakk fra Aukravegen 95 går tett, så anlegget må oppgraderast. Det må byttast rør, hogge opp golv kjellar og montering av ny kum. Arbeidet inkluderer spyling og lokalisering av rørstrekk, saging og bytting av rør innvendig og støping. Utvendig: bytte av rør utvendig, montering av stakekum, fiksing av steinmur, rydding og såing av plen.

Oppgradering av lyddemping ved Bergetippen barnehage

Lydisolering mellom småbarnsavdeling og kjøkken. Sette inn slagdør med god lydklasse.

Fjerne dør mellom kjøkken og Maurtua. Montere ny dør mellom Maurtua og lager.

Lyddemping i leikehuler i tre avdelingar. Ta målinger, montering av lydplater.

Oppgradering av utelys ved GBU

Bytte ut pullerter på ute-området kring GBU da desse gir svært dårleg lys, og fleire er defekte og kan ikkje reparerast. Montere 3 meter master med dim-bar LED-lyskilde. Det er 61 stk. pullerter på området til GBU, så her kan vi lage ei prioritering og bytte for nokre pr.år.

Prosjektmidler for sambrukshus Julsundet

Fra vedtak i sak 24/24 (sak om sambruksbygg i Julsundet):

1. Aukra kommunestyre tek utgreiinga til vitande.

2. Kommunestyret ber administrasjonen om å jobbe vidare med å realisere sambrukshus på ei av plasseringane (S1 eller O1) og at det innarbeides prosjektmidler i budsjettet for 2025

Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset

Prosjektet gjeld ombygging av ventilasjonsaggregatet i kommunehuset for å tilpasse det til anna temperatur frå energisentralen, infrastruktur frå inntak og inn i huset, og kjøp og montering av nye radiatorar med individuell styring i kvart kontor.

Det var i 2015 utarbeidd ei kartlegging av nødvendig ombyggingsarbeid for tilpassing til fjernvarme. Vi har nå fått ei ny kalkyle, der vi vert anbefalt: bytte av varmtvasstank til ny med forvarming frå fjernvarmen (må byttast med tanke på alder), ny varmesentral med ny automatikk og mengderegulerte pumper, nytt ventilasjonsaggregat med roterande gjenvinnar som vil auke verkningsgraden frå ca. 50% til 85% (alder og ombyggingskostnad for kjøling tilseier også at aggregatet bør bytast), legge inn kjøling frå brønnparken, og fjerne kjølekompressorer som står på taket. Det er også laga ein opsjon på romkontroll som inkluderer styring av sonespjeld for ventilasjon, temperaturmåling og temperaturstyring på romnivå, tilrettelegging for lysstyring og klargjering for tilkopling til SD-anlegg/toppsystem. Kommunehuset nærmar seg 25 år gammalt, og har store behov for oppgraderingar av det tekniske anlegget.

Kalkyla er justert for prisstigning.

To forsterka bustader

Mangel på tilpassa lågterskel-bustadar til svake grupper er også i Aukra ei utfordring. Mellom anna kan det handle om behov for akutt overnatting, behov for midlertidig bustad og eit tilbod for personar utan bustad som har store helseutfordringar relatert til psykisk helse eller rus. Ein omsorgsbustad er bygd om til eit forsterka husvære. Kommunen har vedtatt ei ny bustadpolitisk plan som også inkluderer bustadsosial utfordringar, medan plana for rus og psykiatri enno ikkje er oppdatert. Prosjektet vert difor foreslått flytta til 2026

Veg og industriareal på fastlandet

Arealet i Åsdalen i Julsundet som vart regulert til idrettsføremål i 2014, vert no omregulert til næringsareal. Dette er det stor etterspørsel etter i Julsundet. Det har det vore gjennomført hydrologiske undersøkingar og grunnundersøkingar av området. Tiltak for å ivareta overvatn ned til eksisterande bustadfelt på Torhaugmyra Aust måtte også planleggast. Det siste året har det vore arbeidd saman med samferdselsavdelinga i fylket og Hustadvika kommune om avkøyringsproblematikk. Omfanget er framleis ikkje avklart, og i budsjettet er det tatt høgde for ei større tilrettelegging av nye busslommer og ny avkøyrslar. Området er totalt på 30 da. Vi har no kome lenger med planlegging av område med omsyn til vegløyning og omlegging av høgspente. Dette betyr ei noko sikrare kalkyle på denne delen av prosjektet. Omfanget av utbygging av kommunalteknisk infrastruktur inne på feltet er ikkje ferdig vurdert, slik at det kan bli endringar i åra etter 2024. Anleggsbidrag til Elinett er berekna til 3,5 millionar. Det er foreslått ei trinnvis utbygging av feltet.

Veglys i Skogvegen

Nytt veglysanlegg i første del av Skogvegen med 6 lysmaster og armatur. Fundament og trekkerør for kabel er allereie montert.

Selvkost

Samfunnsutvikling

Avløp Vikenco - planlegging

Det er problem med lange utsleppsleidningar frå slamavskiljar frå Vikenco. Ved høg flo er trykk i utsleppsleidning for høgt til å sleppe ut svartvatn frå slamavskiljar. Det løyvest midlar til å planlegge ei god og langsiktig løysing i samarbeid med Vikenco.

Ekstern bistand til revisjon av hovedplan vatn

Utarbeiding av ny hovudplan vatn

Generelle investeringar avløp

Frå 2022 gikk vi over til å budsjettere ei ramme for investeringar innan avløp, i tråd med hovudplan avløp som vert vedtatt i 2021.

Dei store investeringane gjeld overtaking av private avløpsanlegg, og oppgradere utslepp.

Løyvet til Generelle investeringar avløp gjeld nødvendige uforutsette investeringar og oppgraderingar gjennom året.

Generelle investeringar vatn

Løyvet går til nødvendig uforutsette og nødvendige investeringar gjennom året.

HMS-tiltak i pumpestasjonar

Nyare stasjonar som ikkje står på utskiftingsliste som manglar avtrekk frå sump og kolfilter for luktfjerning. Jamfør vernerunde pumpestasjonar.

Høgdebasseng

Reintvassbasseng/reservoar for vatn ute på nettet for å kunne ta unna forbrukstoppane ute på nettet. Bør plasserast i området Rød/Oterhals. Det løyvest midlar til å planlegge ei god og langsiktig løysing i samarbeid med næringsaktørar i området.

Tiltak i hovedplan avløp

Frå 2022 gikk vi over til å budsjettere ei ramme for investeringar innan avløp, i tråd med hovudplan avløp som vert vedtatt i 2021. Her ligger nye avløpsprosjekt som er ein del av hovudplan avløp. Ei vernerunde viser fleire avvik med omsyn til HMS i fleire av pumpestasjonane i avløpsnettet. Det vert foreslått eit årleg løyve til oppgradering av to pumpestasjonar årleg. Avløpsanlegga våre er delvis i dårleg tilstand, og det har vore investert lite i nye anlegga dei siste åra. Ei viktig oppgåve framover vil vere å kartlegge lokalisering og tilstand til eksisterande avløpsanlegg, både reinseanlegg og utslepp. Kommunen må vurdere eventuelle tiltak etter at tilstand for eksisterande reinseanlegg er kartlagt. Kartlegging, registrering og utbetring er eit prioritert tiltak i Hovudplan for avløp 2022-2027. Samstundes med digitalisering av vassnettet, vart også eksisterande kommunikasjonsløyving i kloakkummar bytta i reinseanlegget og på trykkaukingsstasjonar. Det største tiltaket er overtaking av privat avløpsanlegg på Eikrem.

Tiltak i hovedplan vatn

Hovudvassleidning frå Bakkemyr til Riksfjord - Mellom Bakkemyrleet og kryss Riksfjord er det fortsatt asbestsementrøyr. I tråd med asbestsaneringsplan er det planlagt å skifte ut eksisterande vassleidning 250 mm AAB leidning med ny 225 mm PVC leidning. Kummar og armatur blir skifta ut samtidig og i tråd med nye krav til kvalitet og utførelse.

Grunna prioritering av kapasitet på prosjektleiing i eininga, vert denne investeringa foreslått flytta til 2026

Tiltak i Tverrlia

Ombygging av anlegget til to separate filterlinjer. Tverrlia vassverk kan per tidspunkt berre køyre ei filterlinje om gangen under produksjon av vatn. Det betyr at anlegget stoppes ved filterspyling. Ved ombygging til to separate linjer kan anlegget produsere vatn også ved spyling/reingjering av filter utan produksjonsstans av anlegget. Slammhandtering produksjonsanlegg og etablering av ny pumpestasjon for å pumpe slam ned til Seterbukta. Ombygging av anlegget for endring av kjemikalier, endre til doble alternerande doseringspumper og sikring mot lekkasje av kjemikalier.

Utbetring VA (Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen

Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen:

Vatn: Utskifting av eksisterande brannkummar. Abonnementsslangar inn i kum.

Avløp: Bytte ut avløpskummar med botn av betong til nye moderne kummar med PVC botn.

VA Fanghol bustadområde

Etter utskifting av Hovudvassleidning Julsundet skole til Eidskrem er det berre ei strekke med asbestsement igjen på fastlands Aukra. Hovudtraseen for vassleidninga vart flytta ned til gang og sykkelvegen langs Fylkesveg 662 og den gamle traseen med asbestsement er i hovudsak utskifta. Denne ligg frå gamleskolen Fanghol og opp i Fangholfeltet. Det er no ønskeleg å skifte ut resterande asbestsement med PVC røyr og få kople alle private stikkleidningar inn i vann kum og fjerne anboringar på eksisterande vassleidning.

Det er per i dag privat avløpssystem i Fangholfeltet med private septiktankar, det er ønskeleg å gjere tiltak for å kople Fangholfeltet inn på kommunalt avløpsanlegg ved Sæterbukta samtidig som det gjerast tiltak med vassleidning.

Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2024-2027

Opprinneleg tall for 2025 - 2027 som var med i planvedtaket for 2024 - 2027 var

År	2025	2026	2027	2028
Beløp i 1000 kr	37 815	36 070	32 245	2 900

I 1. og 2. tertial 2024 var det vedteke følgjande flytting frå 2024 til 2025 grunna manglande internt kapasitet og forseinking hos leverandørar.

Investeringa - endringar vedtatt i 1. og 2. tertial 2024

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Aukratun - utbetring av manglar	500	0	0	0
Etablering av praktisk læringsarena ved Julsundet skole	250	0	0	0
Fjellbrønnar Julsundet skole	1 000	0	0	0
Kjøleanlegg Julsundet	550	0	0	0
Meiropent bibliotek	550	0	0	0
Ombygging av Bergland	11 500	0	0	0
ROR-IKT investeringar	570	0	0	0
Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset	5 600	0	0	0
Tiltak i hovedplan avløp	4 850	0	0	0
Veg og industriareal på fastlandet	5 500	0	0	0
Totalsum	30 870	0	0	0

Følgande endringar har blitt lagd til på eksisterande prosjekt under denne økonomi plan runde

Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2024-2027

Beløp i 1000 kr

Prosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Bilar heimetenester	110	60	60	600	830
'Buffer' investeringsutgifter	-15 000	-9 000	4 000	20 000	0
Bytte av arbeidsbilar - Økning	250	0	0	0	250
Fjellbrønnar Julsundet skole - Flytting	-1 000	1 500	0	0	500
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen - Flytting	0	0	-5 000	5 000	0
Kjøleanlegg Julsundet - ny kalkyle + prisstigning	650	0	0	0	650
ROR-IKT investeringar	-847	-433	-433	562	-1 151
Rulleringsplan for PC-ar til politikarane	0	0	130	0	130

Økonomiplan for 2025-2028

Prosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Tilpassing av fjernvarme i kommunehuset - økning	250	0	0	0	250
Tiltak hovedplan vatn - Flytting	0	-4 000	4 000	0	0
To forsterka bustader - Flytting	-3 800	4 000	0	0	200
VA-Fanghol - Økning	200	0	0	0	200
Veg og industriareal på fastlandet - flytting	-9 200	3 150	7 350	0	1 300
Totalsum	-28 387	-4 723	10 107	26 162	3 159

Nye investeringar i økonomiplan 2025-2028

Nye investeringar i økonomiplan 2025-2028

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Aukra idrettshall	2 000	50 000	100 000	0	152 000
Avløp Vikenco - planlegging	200	0	0	0	200
Bil til praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole	700	0	0	0	700
Bil til praktisk læringsarena Julsundet skole	700	0	0	0	700
Ekstern bistand til revisjon av hovedplan vatn	200	0	0	0	200
Førebu riving/sal av fråflytta formålsbygg	5 000	0	5 000	0	10 000
Gang- og sykkelveg Rød - Oterhals	700	13 000	0	0	13 700
HMS-tiltak i pumpestasjonar	200	0	0	0	200
Høgdebasseng	0	200	7 750	0	7 950
Innkjøp elevstolar til hele avdelingen - GBU	150	0	0	0	150
Lagerhall for kommunalt utstyr på Nyland	250	0	0	0	250
Ombygging av garderober for arbeid med vatn og avløp	300	0	0	0	300
Oppgradere uteområdet på Furutun	450	0	0	0	450
Oppgradering av kjøkken ved Furutun	170	0	0	0	170
Oppgradering av kloakk til Aukravegen 95	200	0	0	0	200
Oppgradering av lyddemping ved Bergetippen barnehage	160	0	0	0	160
Oppgradering av utelys ved GBU	500	500	500	0	1 500
Prosjektmidlar for sambrukshus Julsundet	500	0	0	0	500
Tiltak i Tverrlia	500	1 500	1 000	0	3 000
Utbetring VA (Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen	400	1 500	1 500	1 500	4 900
Veglys i Skogvegen	100	0	0	0	100
Totalsum	13 380	66 700	115 750	1 500	197 330

Oversikt innmeldte ønska investeringstiltak frå einingane som ikkje er prioritert

Ønska investeringar, Ikke tilrådd 2025-2028

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Meiropent bibliotek	550	0	0	0
Oppgradering av kjøkken ved Furutun	750	0	0	0
Oppgradering av lyddemping ved Bergetippen barnehage	770	0	0	0
Pumptrack Gossen -Flytting	0	-1 000	2 500	0
Pumptrack på GBU	0	1 000	0	0
Totalsum	2 070	0	2 500	0

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Investeringer i varige driftsmidler	53 678	98 047	158 102	30 562
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	900	900	900	900
Sum finansieringsbehov	54 578	98 947	159 002	31 462
Kompensasjon for merverdiavgift	-6 084	-17 082	-25 308	-5 432
Tilskudd fra andre	-12 251	-240	-240	-240
Salg av varige driftsmidler	-1 610	-1 040	-510	-500
Bruk av lån	-29 162	-80 585	-132 944	-25 290
Videreutlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Bruk av lån til videreutlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Avdrag på lån til videreutlån	4 719	6 005	7 297	8 591
Mottatte avdrag på videreutlån	-4 719	-6 005	-7 297	-8 591
Overføring fra drift	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-5 471	0	0	0
Sum finansiering	-54 578	-98 947	-159 002	-31 462
Sum finansieringsbehov	54 578	98 947	159 002	31 462
Sum finansiering	-54 578	-98 947	-159 002	-31 462
Udekt finansiering	0	0	0	0

Tilskot frå andre

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Kommunal eigenandel for spelemidler	-240	-240	-240	-240
Kulturhus og basseng	-4 131	0	0	0
Ombygging av Bergland	-6 380	0	0	0
Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset	-1 500	0	0	0
Totalsum	-12 251	-240	-240	-240

Salg av driftsmidler

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Bilar heimetenester	0	-10	-10	0
Bytte av arbeidsbilar	-10	-30	0	0
Salg av tomter frå kommunale bustadfelt	-1 500	-1 000	-500	-500
Salg tomter frå industri-/næringsområder	-100	0	0	0
Totalsum	-1 610	-1 040	-510	-500

Tabellene viser kva prosjekt som inngår i delsummen "Tilskot frå andre" og "Sal av varige driftsmiddel" i "Oversikt investering og finansiering". Desse er ikkje presentert i samla investeringstabell for kommunen, men beskriving av prosjekt er lista opp saman med desse.

Økonomisk utvikling i planperioden

Berekraftig økonomisk utvikling

Kommunar skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid. Kommunelova krev at både økonomiplan og årsbudsjett skal innehalde måltal som seier noko om politiske mål for økonomisk utvikling. Finansielle måltal kan gje eit betre grunnlag for avgjerd i økonomiplan- og budsjettprosessen, og betre grunnlag for openheit og vurderingar av den økonomiske utviklinga i årsmeldinga.

Det er ikkje gjeve bindande regler for val av måltal og kva nivå måltala bør ligge på. Dei finansielle måltala skal fastsettast av den enkelte kommune ut frå eigen økonomisk situasjon. Kommunane må sjølv ta eigarskap til både utarbeiding og bruk av finansielle måltal som styringsverktøy.

Berekraftig økonomiforvaltning er og eit av satsingsområda i samfunnsdelen av kommuneplana, der målet (slik vil vi ha det) er; at kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom. Dette skal sikrast gjennom delmål (slik gjer vi det) som er uttrykt i kommunen sine økonomiske handlingsregler.

I politisk sak nr. 47/23 vedtok kommunestyret nye økonomiske handlingsreglar og finansielle måltal slik:

Kommunen sine økonomiske handlingsreglar er

1. Sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetting til fond i tråd med inngått avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune
2. Det skal gjerast ei årleg avsetting på kr. 7 mill. til eit eige fond for framtidig finansiering av påkostning og reinvestering av kommunale bygg. (Handlingsregelen vert gjeninnført frå 2027).
3. Nedbetalingstida for nye lån skal maksimalt være 25 år

Kommunens finansielle måltal er

1. Netto driftsresultat, korrigert for overføringar knytt til å realisere fastlandsløysinga, større enn 1,75 prosent av brutto driftsinntekter og sum politisk vedtekne avsettingar til fond
2. Gjeldsgrad som sikrar moderat grad av økonomisk handlingsfridom etter kriterium fastsett av KS. Det vil seie at korrigert netto lånegjeld skal være lågare enn 75 prosent av brutto driftsinntekter

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Budsjett 2024	2025	2026	2027	2028
Sum inntekter	-692 186	-733 177	-746 687	-735 691	-748 217
Sum utgifter	575 628	594 913	595 805	601 619	610 886
Brutto resultat	-116 558	-138 264	-150 882	-134 073	-137 332
Netto finansutgifter og inntekter	9 956	529	-4 921	-6 957	-11 750
Motpost avskrivninger	-53 652	-53 652	-52 668	-51 831	-51 831
Netto resultat	-160 254	-191 386	-208 472	-192 860	-200 912
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	160 254	191 386	208 472	192 860	200 912
Årsresultat	0	-0	-0	-0	-0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	23,2 %	26,1 %	27,9 %	26,2 %	26,9 %

I Økonomiplan 2025 - 2028 blir finansielt måltal om storleik på netto driftsresultat i 2025 og 2026 nådd. For dei to neste åra vil kommunen si økonomistyring være i brot med dette. I 2028 må kommunen nytte delar av det generelle Disposisjonsfondet for å greie berekna avsetning til fastlandsfondet etter vilkåra i signert avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, handsama i politisk sak 20/22.

Kommunen er og i brot med eige vedteke finansielt måltal for storleik netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Vi har her eit mål om ikkje høgare gjeld enn 75 prosent av sum inntekter. I alle åra i budsjett og økonomiplana er vi over dette. Ved utgangen av økonomiplana vil kommunen si netto lånegjeld være 17,8 prosent høgare en måltal for økonomisk berekraftig utvikling.


Det generelle disposisjonsfondet er godt over måttalet på 8 prosent i alle åra, noko som gjev økonomisk og politisk handlingsrom. Kommunen har og slik tryggleik for at behov for auka utgifter knytt til endra premisser i drifta, som ikkje kan dekkast innanfor løyvd driftsramme, kan finansierast.

Gitt alle føresetnader som no er lagt inn i økonomiplan 2025 - 2028 vil to viktige økonomiske parameter få ei utvikling, som vil utfordre arbeidet med å sikre kommunelova sitt krav om kommunar skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid. Bruk av disposisjonsfon dei to siste åra i periode for å balansere mellom driftsutgifter og inntekter er ikkje berekraftig på lang sikt.

Dei siste åra har ein og gjennom året måtte justere løyvingane til drift vesentleg ved rapporteringstidspunkta. Sjølv om alle endringane har vore godt grunngjeve, gjev dette likevel ei utfordring i forhold til langsiktig økonomisk planlegging og styring, Det er derfor viktig med god økonomisk styring i åra framover. Dette saman med evne til omstilling blir og enda viktigare framover som ei følgje av demografiendringane og dertil auka behov for tenester innanfor pleie og omsorg.

I kommunen si investeringsplan for 2025 til og med 2028 er det investeringsprosjekt som ein ventar vil påverke kommunen si drift gjennom livssyklus-kostnader knytt til bygg. I tillegg vil investeringane og eigarskap truleg medverke til behov for nye stillingar.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Aukra kommune	66,6 %	86,8 %	82,7 %	79,7 %	80,3 %	77,8 %	82,6 %	96,6 %	92,8 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Lånegjeld

Aukra kommune har dei siste 10 åra hatt eit høgt investeringsnivå. I kommande fire årsperiode er det planlagt investeringar i varige driftsmidlar for 340 mill. I økonomiplan 2024 til 2027 var det eit planlagt nivå på investeringar dei fire neste åra, gitt same nivå i 2027 til 2028, på 140 mill. Endringar gjennom året 2024 og nye investeringstiltak gjev då ei auke på 200 mill. kroner.

Til få finansiere investeringane er det berekna at ein vil få refundert meirverdiavgift med kr. 54 mill. Utover dette blir investeringane i all hovudsak finansiert gjennom auka låneopptak. Dette gjev for åra etter auka driftsutgifter gjennom auka avdrag og renteutgifter.

Kommunen sitt investeringsnivå gjer at kommunen i dag og i åra framover vil ha ei relativt høg gjeldsgrad, spesielt i forhold til tal på innbyggjarar, men og etterkvart i forhold til sum driftsinntekter.

Utviklinga til kommunen si lånegjeld er ut frå planlagt opptak og avdrag berekna å bli slik:

	2024	2025	2026	2027	2028
Restgjeld perodeslutt i kroner	676 911 544	698 906 156	769 446 490	885 518 836	890 218 319

Statsforvaltaren sin rapport om utvikling i kommuneøkonomien i 2023 rettar fokus på kommunane sitt gjeldsnivå. Følgjande blir uttalt: "I vårt fylke er lånegjelda høgare, disposisjonsfonda mindre og netto driftsresultat lågare enn landssnittet. Dette gjer at kommunane vert meir sårbare for hendingar som auka lånerente og prisvekst. Samtidig står vi føre store utfordringar knytt til mellom anna demografi, klimaendringar, mangel på kompetanse og arbeidskraft som vil krevje tydelege prioriteringar dei komande åra."


Aukra kommune er blant kommunane som har høgaste netto gjeld pr innbyggjar i fylket i 2023. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter har eit vesentleg lågare nivå grunna kommunen sine ekstraordinære høge inntekter. Samstundes viser oversikt at denne har auka frå 69,5 prosent i 2020 til 82,4 prosent i 2023 (avvik noko i forhold til tabellen overfor grunna konserntal i denne). Utviklinga framover viser at vi gradvis får ein auka gjeldsgrad, og at denne i 2028 vil være på 92,8 prosent. Vi vil då være godt over måltalet på 75 prosent.

“Kommunane si gjeld har auka gradvis dei siste åra. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. KS anbefaler at gjeldsgraden over tid ikkje ligg over 75 prosent av brutto driftsinntekt. På landsbasis har lånegjelda gått frå 84,5 prosent i 2017 til 93 prosent i 2023. Også i Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har auka tilsvarande i perioden, men med ein liten reduksjon for siste år. For 2023 er talet 110,7 prosent. Trass i reduksjonen er det framleis eit svært høgt gjeldsnivå i Møre og Romsdal. Vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det vert underbygd av auken i rentenivået. Vi tilrår at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal for gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar.”

Kommunen sin gjeldsgraden er som oversiktene overfor viser høgare enn fastsett finansielt måltal for åra 2025 - 2028.

Deler av kommunen sin lånegjeld blir dekt av andre, slik som startlån og lån med rentekompensasjon. I tillegg vil lånegjeld innan VA-området og feiing bli dekket av dei kommunale gebyra. Dette reduserer kor stor del av netto gjeld som er utsett for renterisiko knytt til auka rentenivå.

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Aukra kommune	118 818	152 928	153 398	154 872	155 898	152 113	162 127	185 035	179 036
Handlingsregel	98 206	98 206	98 206	98 206	98 206	98 206	98 206	98 206	98 206


Aukra kommune har ei svært høg netto lånegjeld pr. innbyggjar. Dette kjem og tydeleg fram i Statsforvaltaren sin rapport om utvikling i kommuneøkonomien i 2023, der det går fram at Aukra kommune er blant kommunane som har høgaste netto gjeld pr innbyggjar i fylket.

Aukra kommune hadde i 2023 ei netto lånegjeld per innbyggjar på kr. 162.947,- medan ein i snitt i Møre og Romsdal hadde ei netto lånegjeld på kr. 124.670,-. Aukra kommune har svært høge årlege inntekter. Aukra har derfor i dag, gode føresetnader til å dekke inn avdrag og renter, utan at dette går ut over kommunen sitt tenestenivå. Samtidig viser dette at vi ville få ein krevjande økonomisk situasjon dersom vi fekk ein vesentleg reduksjon i våre årlege inntekter.

Utviklinga viser at lånegjeld pr. innbyggjar, gitt at alle andre føresetnader er like, vil bli få ein større vekst i 2027, og at denne i 2028 vil auke til kr. 179.036,-.

Aukra kommune har ikkje sett finansielle måltal knytt til netto lånegjeld per innbyggjar. Gjennomsnittet i landet for siste avslutta rekneskapsår er derfor sett inn som eit nivå til samanlikning. I 2023 var netto lånegjeld per innbyggjar i landet utan Oslo på kr. 98.206,-.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Aukra kommune	22,6 %	12,7 %	14,6 %	27,0 %	24,1 %	26,1 %	27,9 %	26,2 %	26,9 %
Handlingsregel	28,0 %	28,0 %	28,0 %	28,0 %	28,0 %	28,0 %	28,0 %	28,0 %	28,0 %

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat for åra 2025 - 2028 er særskilt høge. Årsaka er høge frie disponible inntekter.

Aukra hadde i 2023 brutto driftsinntekter per innbyggjar på kr. 197.656,-, medan snittet på landet utan Oslo er kr. 106.146,-.

Sjølv om netto resultat er svært høgt når ein ikkje det finansielle målalet om å ha eit netto driftsresultat (korrigert for overføringar knytt til fastlandsløysinga), som er større enn 1,75 prosent av brutto driftsinntekter og sum politiske vedtekne avsetningar til fond for alle årai heile økonomiplana.

Økonomiplan for 2025-2028

Krav til netto driftsresultat og avvik for dette er slik det enkelte år:

	2025	2026	2027	2028
Krav om 1,75 prosent av sum driftsinntekter	12 830 598	13 067 023	12 874 596	13 093 801
Sum vedtekne avsetningar til fond inkl. fastlandsløysing	175 574 500	190 575 455	196 815 500	214 341 455
Krav til netto driftsresultat:	188 405 098	203 642 478	209 690 096	227 435 256
I prosent av sum driftsinntekter	26 %	27 %	29 %	30 %


Sidan måltal ikkje er fast over tid er det i grafen sett inn eit gjennomsnitt for dei fire åra i økonomiplana til samanlikning, det vil seie 28 prosent. Dette vil då ikkje samsvare heilt med det konkrete måltalet pr. år.

Netto driftsresultat i 2025 - 2028 i forhold til vedteke måltal er slik:

	2025	2026	2027	2028
Netto driftsresultat	191 386 442	208 471 588	192 860 205	200 912 205
Fond for fastlandsløysing	170 023 000	179 656 000	191 264 000	203 422 000
"Korrigert" netto driftsresultat	21 363 442	28 815 588	1 596 205	- 2 509 795
Krav om 1,75 prosent av sum driftsinntekter	12 830 598	13 067 023	12 874 596	13 093 801
Vedtekne avsetningar til fond:				
Fond - næringsplan 2030	3 801 500	9 169 455	3 801 500	9 169 455
Fond for framtidig vedlikehald			7 000 000	7 000 000
Fond for rekruttering, utvikling og omstilling	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Krav til netto driftsresultat	18 382 098	23 986 478	25 426 096	31 013 256
Avvik mellom faktisk resultat og krav	2 981 345	4 829 111	- 23 829 891	- 33 523 051

Oversikta viser at måltal blir svart ut i 2025 og 2026, men at ein frå 2027 ikkje lenger har stort nok netto driftsresultat.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Aukra kommune	119,6 %	132,1 %	134,2 %	154,9 %	179,7 %	201,1 %	225,4 %	255,0 %	277,6 %

Kommunen sitt disposisjonsfond er summen av alle vedtekne etablerte fond, andre frie midlar som er avsett og kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Det generelle disposisjonsfondet har ikkje fått føring for bruk og er då det fondet som må sjåast på som "reserven" for Aukra kommune.


Vedteken handlingsregel er at dette fondet skal utgjere minimum 8% prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter. For åra 2024 - 2027 vil kommunen ha eit større generelt disposisjonsfond enn det som er fastsett i det finansielle måltalet.

Grafen ovanfor viser summen av alle frie disposisjonsfond i kommunen, inklusiv fond for fastlands-løysing, og kva desse utgjør av sum driftsinntekter. Fond for fastlandsløysing påverkar dette i svært stor grad. Ser ein berre på det generelle Disposisjonsfondet utgjør saldoen ein slik prosentdel av sum driftsinntekter ved utgangen av kvart år:

	2025	2026	2027	2028
Sum driftsinntekter	733 177 000	746 687 000	735 691 193	748 217 193
Saldo generelt disposisjonsfond ved utgangen av året	107 189 000	126 177 000	120 196 000	107 200 000
	15 %	17 %	16 %	14 %

Kravet i det finansielle måltalet er svara ut med god margin desse åra.

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Aukra kommune	3,3 %	3,1 %	10,4 %	-3,7 %	-4,0 %	0,1 %	-0,7 %	-0,9 %	-1,6 %

Aukra kommune har ikkje vedtekne finansielle måltal for netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter.

Det er viktig å vere merksam på at desse måltala presentert ovanfor er sterkt påverka av budsjettert forventning til avkasting på finansielle omløpsmidlar slik:


	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Budsjettert avkasting forvaltning (renteinntekt og gevinst fin. omløpsmidler)	53 123 000	60 156 000	69 164 000	78 722 000

Ved oppstart av prosjekt og overføring av oppsparte midlar til finansiering, vil verknaden av desse reduserast vesentleg og fjernast.

Netto driftsutgifter utan finansinntekter på forvaltning av finansielle omløpsmidlar er slik:

	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Renteinntekter (eksl. Rente på finansielle omløpsmidlar)	-14 836 150	-13 464 000	-13 671 626	-12 751 124	-13 074 282	-13 073 760
Renteutgifter	28 497 145	36 685 001	35 039 005	33 534 005	36 652 005	38 339 005
Avdrag på lån	31 589 901	30 975 000	32 284 000	34 452 000	38 629 000	41 707 000
Netto finansutgifter	45 250 896	54 196 001	53 651 379	55 234 881	62 206 723	66 972 245
I prosent av sum driftsinntekter	6,3 %	7,6 %	7,3 %	7,4 %	8,5 %	9,0 %

Utviklinga viser at vi framover vil nytte ein større del av våre inntekter til dekning av finansutgiftene.



Kommunen sine ramme- og tenesteområde

Organisasjonsutvikling

Omtale av sektoren

Sektoren organisasjonsutvikling sitt primæransvar er å legge til rette for at leiarane har eit godt grunnlag for å utøve sitt leiaransvar og at politikken har eit godt grunnlag for sitt virke. Dette gjeld alle områder som ligg under service, økonomi og organisasjon og personal.

Fagområda i sektoren er, på overskriftsnivå, mellom anna:

- Digitalisering, kommunikasjon og informasjonstryggleik
- Politisk sekretariat og val
- Dokumentasjonsforvaltning
- Budsjett og økonomiplan, rekneskap, løn, innkrevjing, innkjøp, finansforvaltning og eigedomsskatt
- Verksemdstyring
- Juridisk bistand
- Organisasjons- og kompetanseutvikling, overordna personalforvaltning, rekruttering og HMS
- Tariffspørsmål, -forhandlingar og ordningar for tilsette
- Partsamarbeid

Sektoren har per no tilsette i 12,6 årsverk, eksklusiv vakanse.

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Vi står overfor store demografiske endringar og eit arbeidsliv i endring. Det blir meir og meir utfordrande å levere naudsynnte tenester til brukarane. Samstundes blir vi påverka av mellom anna teknologi, digitale moglegheiter og truslar og sikkerheitspolitisk situasjon.

Vi må ha fokus på endring og omstilling der vi vågar å utforske det ukjente og vågar å stå i spenninga mellom det nye og det gamle.

Særleg fokus no er å bygge ein tidsriktig og velfungerande organisasjon, med endringskraft og god kompetanse slik at vi rustar oss for eksisterande og kommande utfordringar. Vi jobbar med ulike inngangar for å vidareutvikle, effektivisere og tilpasse organisasjonen.

Digitalisering vil få meir fokus. Det er eit mål å utvikle betre og meir samanhengande digitale tenester for einingane, innbyggjarar og næringsliv gjennom meir effektiv tenesteutvikling, styrka kompetanse, betre utnytting av ressursane og gevinstrealisering. Kompetanseløft 2.0 skal gi deltakarane auka kompetanse i digitalisering.

Digitalt utanforskap og universell utforming . Digitalt utanforskap gjeld i alle aldersgrupper. Kommunen skal jobbe med ulike tiltak innanfor området universell utforming, digitalt utanforskap, personvern og informasjonssikkerheit.

Det vil bli fokus på oppdatering og vidareutvikling av sentrale styringsdokument, reglement, retningslinjer og strukturar mm. for å styrke organisasjonen sin evne til styring av verksemdene.

Ein vil ferdigstille bevarings- og kassasjonsplan.

Vi treng ein framtidsretta arbeidsgivarpolitikk med fokus på faktorar som gjer at vi blir ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgivar. Gjennom ein god strategi skal vi rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar. Vi vil fokusere på faktorar som fremmer nærvær og som redusere fråværet.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Vi skal no saman bygge ein ny sektor som først og fremst skal legge til rette for einingane og gi gode grunnlag for slutningar slik at kommunen rustar seg for utfordringane som allereie er her og dei som er på veg.

I forlenginga av Kompass Aukra 2030 har ein arbeid med ei rekke grep for å ruste oss for utfordringane som ein veit kjem. Vi er godt i gong med dette og vil intensivere arbeidet med å bygge endringskraft i 2025. Ein må bruke ressursar på å bygge den nye organisasjonen, kulturen og leiar- og medarbeidarutvikling. Ein rekke tiltak ligg klare for planlegging og gjennomføring. Blant desse er tiltaka som er skissert i sak til kommunestyret om administrativ struktur og system for verksemdstyring.

Digitalisering er eit område som må prioriterast. Deltaking i ulike utviklingsprosjekt utanfor kommunen fortsett og ein vil ha fokus på gevinstrealisering internt.

Ein må auke tilsette sin kompetanse på universell utforming, informasjonstryggleik og personvern.

2025 er valår og medfører oppgåver før sektoren.

Ein vil svare ut kommunestyret sitt vedtak knytt til forvaltingsrapport på området offentlege anskaffingar. Vi ser på oppgåvefordeling og opplæring til organisasjonen med målsetting om større etterleving av avtaler, auka bruk av E-handel og meir effektive innkjøp.

Vi må fortsette arbeidet med å kome ájour på oppgåver kring økonomisk internkontroll, innkjøp og refusjonsrestansar med meir.

Det er viktig å behalde og vidareutvikle sektoren sine medarbeidarar, slik at ein sikrar nødvendig kompetanse i høve til oppgåver.

Ny arbeidsgivarstrategi vil bli fullført og ny medarbeidarundersøking står for tur. Pågåande arbeid med nærvær blir vidareført.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	41 743	41 743	41 743	41 743
Sum Vedtak forrige periode	-7 159	-7 997	-7 437	-7 437
Sum Budsjettendring i år	751	751	751	751
Konsekvensjusteringer	-6 408	-7 246	-6 686	-6 686
Konsekvensjustert ramme	35 335	34 497	35 057	35 057
Nye tiltak				
Akkumulert auke i kontingent til ROR innkjøp	430	430	430	430
Auke i budsjett for rullering av tilsettPC	80	80	80	80
Auke i kontingent ROR-IKT	314	360	308	319
Auke ordførarløn og bibliotekar	167	167	167	167
Bemanningsom samsvarar med Organisasjonsavdelinga sine oppgåver -	990	990	990	990
Diversepott til disposisjon for kommunedirektøren	150	150	150	150
Fordeling velferdsmidler tilsette	-438	-438	-438	-438
HELT MED - Servicevert 33% stilling	27	27	27	27
Kontrollutvalet budsjett 2025-2028	56	64	72	72
Lokal forhandling for kommunedirektøren jmf. vedtak Formannskapet sak PS-63/24	87	87	87	87
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	679	679	679	679
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	-169	-169	-169	-169
Møre og romsdal revisjon budsjett 2025-2028	-380	-360	-590	-590
Ny server til overvakingsskamera	60	0	0	0
Prisvekst for 2025 tall (ingen vidare økning i 2026-2028)	805	805	805	805
Sentralt oppgjør 2024 heilårsvirkning	196	196	196	196
Tiltak for å redusere digitalt utanforskap	245	225	225	225
Andre tiltak	0	0	0	0
Sum Nye tiltak	3 300	3 294	3 020	3 031
Nye tiltak og realendringer	3 300	3 294	3 020	3 031
Ramme 2025-2028	38 635	37 791	38 077	38 088

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	25 849	31 213	31 967	23 448	22 604	22 890	22 901
Økonomiavdelinga	12 575	11 752	13 119	9 410	9 410	9 410	9 410
Organisasjonsavdelinga	4 693	4 571	4 723	5 777	5 777	5 777	5 777
Sum	43 116	47 536	49 809	38 635	37 791	38 077	38 088

Stabssjef organisasjonsutvikling

Kommunedirektør, politisk leing og serviceavdelinga

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.3 Vidareutvikle infrastruktur
- 4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne
- 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
- 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.3 Vidareutvikle infrastruktur	Halde fram arbeidet med å gi Gossen fastlandssamband
Aukra i regionen	4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne	Sikre gode og likeverdige tenester
	5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaroppleving, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk
		Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrensar
		Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder
Fornyng, forenkling og forbetring	5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester
		Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering

Økonomiavdelinga

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
- 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar
- 8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Aukra i regionen	5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval
Fornyng, forenkling og forbetring	5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk
Klima og miljø	8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk	Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar
		Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser
		Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg

Organisasjonsavdelinga

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning
	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar
		Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar
		Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser
		Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg

Oppvekst og kultur

Omtale av sektoren

Området oppvekst og kultur består av tenester innanfor kulturfeltet, innvandring og integrering, sosiale tenester i NAV, barnehage og grunnskole. Barnevernet, som for Aukra kommune sin del er ein del av eit interkommunalt samarbeid med Molde som vertskommune, høyrer òg til under sektorområdet oppvekst og kultur. Samla har kultur og oppvekst i underkant av 190 tilsette, som til saman utgjør rett over 160 årsverk. Skolane har flest tilsette, med nær 100 personar i ca. 67 årsverk. Det er om lag 46 årsverk i barnehagane, og om lag 28 årsverk samla på dei tre andre områda.

Aukra kommune har om lag 150 barn i dei to barnehagane våre. 60 av dei høyrer til i Bergetippen barnehage i Julsundet, medan resten er i Barnebo barnehage på Gossen. Barnebo har i alt åtte avdelingar fordelt på dei to bygga Furutun og Aukratun. Kvart bygg husar 4 avdelingar. Dei minste barna heldt til på Furutun, medan dei frå 3 år og oppover er på Aukratun. På fastlandssida i Bergetippen er det 5 avdelingar totalt, fordelt på for tida 3 småbarnsavdelingar og 2 storbarnsavdelingar. Barnahagane er dei siste åra lukkast med å få opp talet på tilsette med barnehagelærarutdanning.

Skolane våre, Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole, er begge 1 – 10 skolar. Dei har høvesvis 288 og 251 elevar. Av dei 251 elevane på Julsundet skole er 65 av 123 ungdomsskoleelevar heimehøyrande i Hustadvika kommune, som Aukra har eit samarbeid med på fastlandsdelen av kommunen. Heile 72 av elevane i grunnskolen i Aukra har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring etter opplæringsloven § 11-6 (inkludert videreføring av gamle vedtak om spesialundervisning etter § 5-1).

Barnehagen og skolen på Gossen har mange framandspråklege barn og elevar. Så mange som 4 av 10 av barnehagebarna i Barnebo er minoritets-, to- eller fleirspråklege. Ved Gossen barne- og ungdomsskole er det tilnærma 2 av 10 barn som har vedtak om forsterka opplæring i norsk.

Eining for innvandring og integrering består av tre avdelingar; ei for busetting, kvalifisering og integrering av vaksne flyktningar og flyktningfamiliar, ei for einslege mindreårige flyktningar og ei avdeling for vaksenopplæring med tilbod i norsk og samfunnsfag for om lag 50 flyktningar. Aukra kommune har over år busett mange flyktningar. I perioden 2015 til 2023 har Aukra kommune teke imot meir enn 350 flyktningar i tillegg til dei som kjem etter vedtak om familiesameining. Om lag 160 av flyktningane har blitt busette dei siste tre åra, 2024 medrekna. I 2024 – etter nokre års «pause» - har kommunen igjen tatt imot einslege mindreårige flyktningar.

Eining for innvandring og integrering koordinerer eit Erasmus+ prosjekt som skal avsluttast i desember 2024. Prosjektet omhandlar studieteknikk for flyktningar med låg utdanningsbakgrunn frå heimlandet og andre samansette utfordringar som vanskeleggjer læring. Eininga tok imot 250.000 euro for å gjennomføre prosjektet i perioden 2022-2024. Dette arbeidet er no i avslutningsfasen, og prosjektet skal presenterast for kommunalt tilsette 7. november 2024. Prosjektet er eit samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Hellas, Kypros, Spania og Belgia.

NAV sin tenester på det kommunale feltet er hovudsakleg innanfor områda sosialhjelp, kvalifisering, bustad og økonomisk rettleiing. Ei av dei viktigaste oppgåvene for NAV er å bidra så langt som mogleg til at all hjelp har eit føremål om å fremje deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Kulturavdelinga består av tenester på områda og fagfelte kulturskole, bibliotek, folkehelse, idrett og friluftsliv, frivilligsentral, BUA (utlånssentralen for friluftsliv og idrettsaktivitet), kulturformidling og førebyggjande arbeid for barn og unge. Eininga driftar òg Aukra kulturhus og basseng. Kulturlivet

og aktiviteten i Aukra kommune har hatt ein kraftig oppsving etter at nytt kulturhus vart opna i september 2022.

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Befolkningsprognosane for økonomiplanperioden 2025 - 2028, tyder på eit relativt stabilt barnetal i barnehagane. Med relativt små tal som Aukra opererer med, er det greitt å seie at framskriving av fødselstal er ei noko usikker øving.

I grunnskole vil elevtalet ut frå prognosane gå ned. Det er i dag om lag 500 grunnskoleelevar tilhøyrande Aukra kommune. Prognosane viser ein nedgang til ned mot 430-440 i slutten av økonomiplanperioden. Ser vi i grunnskolestatistikken (GSI) på elevtalet for dei ulike klassetrinna, vil vi ikkje få i nærleiken av så stor nedgang i elevtalet. Nedgangen ser i GSI ikkje ut til å bli på meir enn om lag 20 elevar. Om vi samstundes ser på talet på innbyggjarar som vil vere over 80 år, vil det auke med om lag 30 % frå 2024 til 2028.

Sjølv om oppvekstområdet ut frå ei forventet barnetalsutvikling i barnehagane og det framtidig elevtalet i grunnskolen åleine, tilsynelatande ikkje har så mykje «å gje» i ei dreining av ressursinnsats frå unge til eldre, så vil det vere naudsynt med ei slik endring. Ressursinnsatsen er høg i skolane i Aukra er samanlikna med landet elles, og det er mellom anna brukt mykje ressursar på miljøarbeid i skolane, også der ressursane ikkje er knytt til enkeltvedtak for elevar. Både omfanget av denne ressursbruken, og talet på elevar som får vedtak om særskilt tilrettelegging, må ned. Fleire av utfordringane i skolen må løysast gjennom at vi evner å i større grad tenke meir klasse og gruppe, og vi må eit innhald og ta i bruk metodar som femnar det stor fleirtalet av elevane. Berre dei med dei største utfordringane skal ha tiltak spesielt retta mot seg. Sjølv sagt skal vi – og det i enda større grad enn kva vi klarer i dag – ha fokus på kvar og ein elev, men retten til tilpassa opplæring skal og må takast i vare i fellesskapet. Dette er heilt i tråd med intensjonane i ny Opplæringslov.

Skolane skal ha ei vidare satsing på godt læringsmiljø, og det å jobbe godt med å hindre mobbing og utanforskap. Dette arbeidet vert styrka og systematisert gjennom at begge skolane deltek i Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger si satsing «Læringsmiljøprosjektet pulje 8» saman med om lag 15 andre kommunar frå heile landet. I Læringsmiljøprosjektet blir skolane støtta av rettleiarar frå Læringsmiljøsenteret. Ei satsing for Aukra-skolen som skal gå parallelt med satsing på godt læringsmiljø, er å auke skolenærværet blant elevane.

Ved begge skolar er det etablert praktiske læringsarenaar. Dette skal satsast vidare på, samtidig som vi som tidlegare nemnt skal sjå på måtar å gjennomføre «normalundervisninga» på som femnar fleirtalet av elevane. Vi skal ha ei utvikling i Aukraskolen kor dei aller fleste elevane sine utfordringar handterast og løysast innanfor rammene av fellesskapet.

Skolane har fått desentraliserte kompetansemidlar, og samarbeider med NTNU i utvikling av ei lese- og skriveplan for kommunen. Lesing i alle fag står sentral i satsinga, med tanke på å betre elevane sin lesedugleik.

God psykisk helse er ein føresetnad for trivsel og læring, og i det å hindre utanforskap. Alle tenesteområde i oppvekst og kultur skal ha fokus på å jobbe med trivsel og inkludering for barn og unge. Det skal mellom anna skje gjennom vidare satsing og fokus på Trygghetssirkelen (COS) og i at vi har med oss MOT-filosofien i alt vi gjer. For å lukkast i psykisk helse-arbeidet, må det etablerast eit fast samarbeid på tvers av sektorområda oppvekst og kultur og helse og velferd. Alle einingar som arbeider med barn og unge på oppvekstområdet skal involverast saman med dei på området helse og velferd som jobbar med førebygging for barn og unge.

I samband med Trygghetssirkelen skal skolane skifte fokus frå å sjå på eleven sin ytre åtferd til å vere opptatte av å sjå eleven innanfrå. I dette ligg at den emosjonelle utviklinga til elevane skal få meir plass i korleis vi som tilsette tenker, heilt på linje med kva plass utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar tradisjonelt har fått. Det er i barneåra grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt.

Sjølv om prosjektperioden for Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er over, skal det jobbast vidare for å betre det faglege samarbeidet på tvers av einingar og fag. Alle tilsette og leiarar i sær, har ansvar for at dette blir følgt opp. Målet er at barn og unge og deira familiar skal oppleve saumlause tenester kor ulike aktørar jobbar saman mot dei same måla for ei god utvikling for tenestemottakarane.

I barnehagane, og som ein del av kommunen sitt førebyggjande arbeid møter foreldre Trygghetssirkelen gjennom heile oppveksten til barna, mellom anna på foreldremøte, gjennom foreldreaktiv tilvenning til barnehagen, i foreldresamtalar og i tilbod om foreldrekurs.

Barnehagane gjennomfører kvart år foreldrekurs i Trygghetssirkelen (COS-P) til foreldre i barnehagen og andre foreldre ved kapasitet. COS-P er basert på mange tiår med forskning på kva som gir barn ei trygg tilknytning til sine næraste omsorgspersonar. Kurset kan hjelpe foreldre med å verte tryggare i forståinga av barn sine kjensler, åtferd og behov, og hjelpe foreldre å forstå meir om korleis samspelet med barna vert betre.

Barn med trygg tilknytning har det betre! Trygge barn vert trygge og ansvarlege vaksne!

Tilsett i barnehage har delteke i COS fordjupingsprogrammet "Se barnehagebarnet innenfra". Fokus har vore å sjå barnet innanfrå, sjå seg sjølv utanfrå og sjå på relasjonane mellom barnet og seg sjølv som tilsett. Framover blir det viktig å kople på nye tilsette og gjenkalle, repetere og øve på det som er lært tidlegare.

På integreringsfeltet har Aukra kommune lukkast særskilt godt med at flyktningar etter avslutta introduksjonsprogram kjem seg ut i arbeid eller utdanning. I 2023 var den totale måloppnåinga for overgang til arbeid og utdanning på 87 %. Om ei ser berre på gruppa frå Ukraina, var tilsvarande tal så høgt som 96 %. Målet er å halde på denne høge måloppnåinga.

For å sikre gode resultat også vidare, må eining for Innvandring og integrering halde fram det gode samarbeidet med andre einingar og avdelingar i kommunen, med det private næringslivet og med utdanningsinstitusjonar. Den store auka i busettingar har medført ei utviding av staben både i administrasjonen og vaksenopplæringa. Svært mange busettingar har kravd fleksibilitet og arbeidsvilje frå dei tilsette, og nye oppfølgingsbehov dukkar opp. Det er svært viktig å ha fokus på å halde på kompetanse når det skjer store omveltingar på flyktningfeltet. Der det er mogleg, og for å halde på kompetanse, flyttast tilsette mellom dei ulike arbeidsområda.

Utanforskap er eit stort – og veksande – problem i heile den vestlege verda. Desse utfordringane krev store menneskelege og økonomiske ressursar, men den største gevinsten ligg i å hindre psykisk uhelse og utfordringar for det enkelte menneske. Det skal stå høgt på agendaen i NAV og dei sosiale tenestene å jobbe med denne problemstillinga, men dette er noko vi skal jobbe med tverrfagleg innanfor oppvekst- og kulturområdet, og sjølvstøtt og tverrfagleg saman med helse og velferd og samfunnsutviklingsområdet i kommunen. Frivilligheita, tilsette og politikken må spele på lag for at vi skal lukkast.

Kulturavdelinga skal utvikle tenestene vidare og vere ein aktiv samarbeidspartnar for det frivillige kulturlivet. I tråd med gjeldande kulturplan skal avdelinga gjennom samarbeid arbeide for å motverke einsemda og utanforskapet som rammar alle generasjonar, og som er ei av vår tid si største folkehelseutfordringar.

Frivillige organisasjonar bidreg til kompetanse, læring og inkludering og gjev folk i alle aldrar høve til å møtast, engasjere seg og vere ein del av eit fellesskap. Dei arbeider for trygge rammer og det å skape positive miljø. Mangfald og breidde i lag og organisasjonar er viktig for at alle skal finne sitt fellesskap og kunne dyrke si interesse. Velforeiningar og grendelag bidreg til felles innsats der einaste kriterium for å delta er at du er nabo og anten har lyst til å medverke eller delta i aktivitetane. Velfungerande velforeiningar styrker livskvalitet og skaper tilhøyrslø og deltaking. Dialog er viktig for godt samarbeid når vi saman skal legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar for organisert og uorganisert aktivitet.

Sjukefråværet i Aukra kommune er høgt. Oppvekst- og kulturområdet er ikkje noko unntak. Alle einingar skal ha stort fokus på kontinuerleg arbeid med å få ned sjukefråværet. I barnehagane har dei hatt eit samarbeid med NAV og kommunen si eiga organisasjonsavdeling om programmet «En bra dag på jobb». Fokus på jobbnærver, som denne satsinga har gjeve, synes å ha god effekt. Det må vurderast om fleire bør «adoptere» satsinga i einingar kor det høge sjukefråværet held fram.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Utfordringane er her gruppert etter tenesteområde.

Skole

Elevnærveret skal auke, og talet på skolevegrarar skal ned. Sektoren skal sikre at føringane i “Kvar dag tel” blir følgt. Planen skal haldast vedlike og å vere oppdatert i tråd med mellom anna kunnskapsutviklinga innanfor feltet skolefråver.

Kommunen har som ambisjon å auke talet lærar med undervisningskompetanse. Det blir viktiga å halde på den fagkompetansen vi allereie har på skolane.

Aukra kommune er opptatt av at det skal byggast eit godt lag rundt elevane. Derfor må det vere ulik kompetanse og utdanningsbakgrunn blant dei tilsette. Sektoren skal jobbe med å finne ein god balanse blant dei tilsette med tanke på realkompetanse og formell kompetanse. Til dømes må talet på miljøarbeidarar og lærarar sjåast på i samanheng, slik at det tener heilskapen for elevane på ein god måte.

Fokuset på tidleg innsats i skolen skal styrkast. Gradvis skal ressursinnsatsen dreiest mot dei yngste elevane, og tyngda av ressursar skal vere på kollektive tiltak, det vil sei mot klassane og elevgruppene. Dei som har størst behov for individretta tiltak, vil framleis ha enkeltvedtak som dekkjer deira retter etter Opplæringslova eller eventuelt anna lovgjeving.

Talet på elevar som har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring skal reduserast. Det må skje gjennom eit ordinært undervisningsopplegg som femnar ein større del av elevane; altså skal fleire av dei individuelle utfordringane løysast i klassane og innan rammene for fellesskapet.

Barnehage

Grunna barnehagane si lange opningstid og bestemmingane for korleis minimumsnormen for grunnbemanning blir rekna, er det reelt fleire barn per tilsett i størsteparten av opningstida enn det som er kravet. Dette verkar inn på kvaliteten i barnehagane. Nasjonalt vert det arbeidd med ei ny

barnehagereform som mellom anna vil sjå på dette. Aukra kommune vil saman med barnahagane sjå på denne problemstillinga.

Det er eit aukande behov for individuelt tilrettelagte barnehagetilbod, nasjonalt og lokalt. Det krev ofte spesialkompetanse, gode tverrfagleg samarbeid eksternt og eit tilpassa samarbeid med foreldre. Dette er både ressurs- og tidkrevande, men veldig viktig arbeid. På same måte som i skolen, må barnehageområdet sjå på kva som **må** løysast med individuelle styrkingstiltak og kva som kan og bør løysast på gruppenivå.


Barnevernsreforma krev at vi blir enda betre på tidleg innsats og førebygging i barnehagen. Grunnpilaren i reforma er førebygging og tidleg innsats, heilskapleg tenestetilbod som krev samarbeid og samhandling på tvers av mange sektorar.

Barnehagane skal halde fram arbeidet for å få ned og så stabilisere fråværet over tid blant dei tilsette. Dette skjer mellom anna med støtte i tiltak og metodar det er jobba med gjennom "En bra dag på jobb".

Kultur

Eininga har ei sentral rolle som samarbeidspart og tilretteleggar for frivilligheita i kommunen. Saman med lag og organisasjonar skal vi arbeide for at endå fleire finn glede i eit godt fellesskap som frivillig i Aukra. Med Fokus på «vi-kjensla» skal vi nå målet om at alle skal kjenne at dei høyrer til i Aukra.

Vi skal arbeide førebyggjande og i tråd med verdiplattforma til MOT - og auke innsatsen oppå brua. Dess seinare tiltak vert sett inn, dess vanskelegare er det å snu uheldig utvikling. I tråd med verdiplattforma til Barne- og ungdomsplanen skal vi arbeide for heilskapleg tenking rundt 24-timars ungdommen. Den peikar tydeleg på kor viktig det er å arbeide for å hindre utanforskap. Samfunnsplana seier at vi skal legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar for organisert og uorganisert aktivitet. I tillegg vil vi ha møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar.



Vi skal arbeide i tråd med verdiplattforma til MOT - " - og auke innsatsen oppå brua."

I tråd med sentrale føringar og vedtatt rammeplan skal kulturskolen vere ein skole og eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen. I stortingsmelding 18(2021) tydeleggjer regjeringa at barn- og ungdomskulturfeltet er eit politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Målet er å gje alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang på kunst og kultur. Kulturskolen skal framleis vere eit sentralt verkemiddel for å nå dette målet.

Aukra kommune vil sjå på moglegheitene for å innføre konseptet meirope bibliotek. Det vil seie sjølvbetening utanom biblioteket si ordinære opningstid, der publikum både kan låne og levere bøker med meir.

Det skal jobbast aktivt med kulturminneforvalninga, med mål om mellom anna gjere kulturminne meir tilgjengeleg for publikum.

Utstyrssentralen BUA har allereie vokse seg for stor for lokalet ein har utstyret i. Det skal jobbast med løysingar slik at alt utstyr blir forsvarleg lagra når det ikkje er utleigd.

Innvandring og integrering

Talet Aukra tek imot må harmonisere med kapasiteten i dei tenester som skal yte daglege tenester for flyktningane. Det gjeld alle einingar på sektorområdet oppvekst og kultur, og dei fleste einingar på andre sektorområde i kommunen også. Det må vere ein kontinuerleg dialog mellom eining for innvandring og integrering og tenesteområda i kommunen.

Eininga legg til rette for at dei tilsette skal styrke kompetansen sin innan arbeid i flyktningfeltet. Alle fem norsklærarane tar no vidareutdanning i Norsk 2. Det er eit krav om at alle som skal undervise i norsk etter integreringslova må ha vidareutdanning i Norsk 2. Alle skal ta eksamen våren 2025. To tilsette held på med sertifisering i minoritetsversjonen av ICDP (Foreldrerettleiing). Ein tilsett er i gang med masterstudie i Tverrfagleg arbeid med barn, unge og familiar ved Høgskolen på Lillehammer.

NAV

NAV Aukra har i fleire år prioritert ungdom, flyktningar, dei med nedsett arbeidsevne og dei som har vore langvarig arbeidsledige. Desse gruppene skal vi halde fram med å prioritere i 2025 og vidare.

Det skal jobbast særskilt med ungt utanforskap for å hindre varige tiltak for personar med arbeids-/utdanningsevne. Vi ser vi har ei aukande utfordring med unge som fell frå i skolen og ikkje får gjennomført vidaregåande skole. Desse skal vere ei prioritert gruppe.

NAV Aukra skal ha stort fokus på inkludering, og målet er å få dei som står utanfor til å kome i utdanning eller arbeid. Sentrale tiltak som blir brukte er gjerne tilrettelagde utdanningsløp, arbeidstrening og tett samarbeid med sentrale samarbeidsaktørar som arbeidsgjevarar, utdanningsinstitusjonar og helsetenester.

Mange slit med økonomiske utfordringar som til dømes høg gjeld, og nokre av konsekvensane kan vere stengd straum og i verste fall tvangssal av hus. Vi ønskjer å komme i posisjon til å jobbe meir førebyggjande og tilby økonomisk rettleiing under heile oppfølgingsløpet til brukarane.

NAV Aukra har som mål at færrest mogleg skal ha behov for økonomisk sosialhjelp. God kartlegging av behovet til brukarane, og det å gå inn for å sikre varig tilknytning til arbeidslivet, er mellom dei viktigaste tiltaka.

Barneperspektivet står alltid sentralt i kartleggingar utført av NAV Aukra.

Økonomiplan for 2025-2028

Felles

Einingane skal implementere BTI som ein del av si “verktøykasse”

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	165 864	165 864	165 864	165 864
Sum Vedtak forrige periode	-4 120	-7 045	-8 138	-8 138
Sum Budsjettendring i år	15 334	12 545	11 302	11 262
Konsekvensjusteringer	11 215	5 500	3 163	3 123
Konsekvensjustert ramme	177 079	171 364	169 027	168 987
Driftskonsekvens				
Drivstoff bil til praktisk læringsarena Gossen barne og ungdomsskole	20	20	20	20
Drivstoff bil til praktisk læringsarena Julsundet skole	20	20	20	20
Sum Driftskonsekvens	40	40	40	40
Innsparingstiltak				
Fjerne søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo.	-60	-60	-60	-60
Sum Innsparingstiltak	-60	-60	-60	-60
Nye tiltak				
15 års jubileum for Aukradagen i 2025	250	0	0	0
Auka bemanning knytt til opptak nr 2	803	803	803	803
Auke i budsjett barnevern 2025-2028	760	760	760	760
Auke ordførarløn og bibliotekar	142	142	142	142
Flytte budsjettmidlar musikkterapeut og nye midlar til kjøp av tenester frå kulturskolen til kulturskolen sitt budsjett	75	75	75	75
Fordeling velferdsmidler tilsette	225	225	225	225
Fortsatt kultursekretær/kulturformildlar i 100% stilling	-200	-400	-400	-400
Gossen barne og ungdomsskole - Rammejustering etter utmåling i budsjettmodell for grunnskole	2 963	2 729	2 194	1 276
Julsundet skole - Rammejustering etter utmåling i budsjettmodell for grunnskole	3 735	3 276	3 296	2 496
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	1 799	1 799	1 799	1 799
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	-753	-753	-753	-753
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	85	85	85	85
Lønsmidlar SLT-koordinator	502	502	502	502
Mobiltelefonar	30	0	0	0
Mobiltelefonar til tilsette i grunnbemanninga	80	0	0	0
Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	1 298	1 298	1 298	1 298
Sentralt oppgjør 2024 heilårsvirkning	5 228	5 228	5 228	5 228
Sentralt oppgjør 2024 heilårsvirkning	-3 048	-3 048	-3 048	-3 048
Stilling som pedagogisk leiar	794	794	794	794
Ta vekk søskenmoderasjon for familiar med barn i både barnehage og SFO	-100	-100	-100	-100
Sum Nye tiltak	14 667	13 414	12 899	11 181
Nye tiltak og realendringer	14 647	13 394	12 879	11 161
Ramme 2025-2028	191 726	184 758	181 906	180 148

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	47 279	49 384	52 777	10 909	10 669	10 669	10 669
Gossen barne og ungdomsskole	2 091	3 535	3 815	45 990	45 351	44 614	43 696
Julsundet skole	26 012	22 187	29 677	26 385	25 826	25 208	24 408
Barnebo barnehage	21 611	22 819	23 389	25 816	23 275	22 503	22 503
Bergetippen barnehage	16 377	15 938	16 965	18 126	18 096	18 096	18 096
Innvandring og integrering	37 071	16 740	25 084	26 156	25 996	25 996	25 996
Kultur	14 931	15 178	17 253	17 842	17 210	17 213	17 173
NAV Aukra	4 902	8 196	10 930	9 962	7 795	7 067	7 067
Barnevern	10 161	9 395	9 395	10 540	10 540	10 540	10 540
Sum	180 433	163 372	189 283	191 726	184 758	181 906	180 148

Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	

Gossen barne og ungdomsskole

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 2.3 Medverknad frå barn og unge
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse

Økonomiplan for 2025-2028

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
		Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	
	2.3 Medverknad frå barn og unge	Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
		Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)

Julsundet skole

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 2.3 Medverknad frå barn og unge
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse
		Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	
	2.3 Medverknad frå barn og unge	Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
		Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)

Barnebo barnehage

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader

- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium
- 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Levere gode kommunale tenester
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse
		Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing
		Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning
	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analysere kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar
		Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette

Bergetippen barnehage

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium
- 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Levere gode kommunale tenester

Økonomiplan for 2025-2028

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse
		Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågtterskeltilbod for foreldrerettleiing
		Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning
	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analysere kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar
		Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning
		Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette

Innvandring og integrering

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
- 1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium
- 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Legge til rette for aktiv og stimulerande fritid
		Levere gode kommunale tenester
		Skape attraktive bumiljø
	1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid	Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet
Barn og unge	2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågtterskeltilbod for foreldrerettleiing

Økonomiplan for 2025-2028

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser

Kultur

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid
- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 2.3 Medverknad frå barn og unge
- 2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium
- 3.1 Kvalitativt gode tenester
- 4.4 Aukra skal styrkast som attraktiv reise- og friluftsområde

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid	Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet
		Ivareta og legge til rette for eldsjelenes og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet
Aukra i regionen	4.4 Aukra skal styrkast som attraktiv reise- og friluftsområde	Realisere Masterplan for reiseliv 2030
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som samfunnsbygger" skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer
	2.3 Medverknad frå barn og unge	Eit aktivt ungdomsråd
	2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø	Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
Velferd og omsorg	3.1 Kvalitativt gode tenester	

NAV Aukra

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium
- 4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne
- 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
- 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Levere gode kommunale tenester
Aukra i regionen	4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne	Sikre gode og likeverdige tenester
	5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaroppleving, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk
		Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrensar
Barn og unge	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
Fornyng, forenkling og forbetring	5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester
		Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analysere kompetansebehov og utarbeide kompetanseplanar med årlege revideringar
		Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning
		Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette
		Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar
		Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser
		Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg

Barnevern

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
	2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing
		Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
		Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)

Helse og omsorg

Omtale av sektoren

Sektorområdet helse og omsorg består at institusjons- og butenester og heimebasert omsorg, samt legetenester, fysio- og ergoterapi og helsestasjon/skolehelse delt i tre avdelingar i eining Helse. I tillegg har Aukra kommune ein psykologressurs tilsvarande 40 % stilling organisert i eining Helse. Denne ressursen blir i all hovudsak brukt i førebyggjande arbeid mot barn og unge.

Det er eit mål at det skal vere tilsett kommunalsjef for området Helse og omsorg frå våren 2025. Dette vil vere eit nyoppretta kommunalsjefområde i tråd med kommunestyresak i september 2024 som vedtok ei administrativ omorganisering.

Eining helse, med 20 tilsette, har avdelingsvis leing utan eigen einingsleiar. I tillegg er det ein ressurs som styrer økonomien i eininga. Kommunalsjef drift har avdelingsleiarmøte om lag kvar sjette veke for å ivareta samordningsbehov mellom tenestene.

Aukra kommune er del av interkommunal legevaktordning som omfattar kommunane Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Sunndal. Dei same kommunane ho no òg felles legevaktsentral som del av det interkommunale vertskommunesamarbeidet. Daglegevakt i Aukra kommune frå kl. 8 - 16 på kvardagar, vert teke i vare av legesenteret på Gossen.

Institusjonsdrift og butenester inneheld drift av sjukeheim, bu- og habiliteringstenester og avlastingstiltak. Aukra Omsorgssenter driftar eige vaskeri og kjøkken. Det er 95 tilsette i alt.

Institusjonsdrift og butenester har felles leing med heimebaserte tenester. Samla er det ein einingsleiar og fire avdelingsleiarar.

Sjukeheimsdrift har 30 plassar på Aukra Omsorgssenter. Det er langtidsplassar med krevjande behandlingsoppfølging, palliativ pleie, alvorleg sjuke demente, korttids- og rehabiliteringsplassar - eit svært ressurs- og kompetansekravjande tenesteområde etter at Samhandlingsreforma blei realisert.

Aukra Omsorgssenter har kjøkkendrift med servering til sjukeheimspasientar, matombringning til heimebuande, kantinedrift til tilsette, og servering til små og store arrangement.

Bu- og habiliteringstenesta har eit bufellesskap med 8 bebuarar. I tillegg følgjer avdelinga opp heimebuande med behov for hjelp til stell og pleie, og organiserer daglege aktivitetar.

Avlastningstenesta er organisert som kommunal avlastning, også med kjøp av tenester frå private og avlastning i eigen heim. Dette gjeld avlastingstilbod for barn og unge frå 0-18 år.

Dagsenter og aktivitetar er viktige i kvardagen til den enkelte. Det er fokus på å finne tilrettelagde aktivitetar i lag med brukarane, slik at dei får meningsfylde kvardagar.

Alle tenestemottakar skal ta imot individuelt tilpassa tenester utført av helsepersonell, ut frå ei kartlegging av hjelpebehov. Behovet for hjelp kan endre seg over tid, og tenestetilbodet skal til ei kvar tid tilpassast eventuelle endringar i behovet.

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Aukra kommune har gode kommunale helsetenester. Så langt har vi evna å rekruttere på alle fagfelt; legar og sjukepleiarar til legekantoret, fysio- og ergoterapeutar og helsesjukepleiarar. Volumet på tenesteområda må òg seiast å vere bra. I komande fireårsperiode handlar det om å stabilisere driftsområda vidare, og sjå til at vi framleis har eit godt tilbod til innbyggjarane.

I eit førebyggjande perspektiv, og med føreståande utvikling i demografien, må det vurderast kva for tenester som kan vere eit bidrag inn mot at innbyggjarane kan bu lengre heime før behovet for institusjonsplass er der. Kan det vere mogleg å prioritere fagområde som kan bidra til å oppfylle målet om at folk skal bu lengre i eigen heim?

Dei neste tiåra vil Aukra kommune til liks med andre kommunar over heile landet få ei formidabel auke i talet på innbyggjarar som treng helse- og omsorgstenester. I 2040 viser prognosane at det vil være 58 % fleire som treng tenester, og i 2050 vil talet auke til 88 % med utgangspunkt i tala idag. Dette gjeld i hovudsak den eldre befolkninga, men ein ser òg ei auke i behov for tenester hos barn og unge.

I same periode vil gruppa innbyggjarar i arbeidsfør alder bli redusert. For å kunne møte denne auka i tenester utan ei vesentleg auke i bemanning, må vi evne å løyse oppgåvene på ein anna måte enn i dag. Ulike tiltak må settast i verk når det gjeld omfordeling av arbeidsoppgåver, førebygging, og samhandling med ulike aktørar i lokalsamfunnet. Forvaltning av ressursar og gjennomføring av tenester må i større grad gjennomførast med eigeninnsats og i grupper. Velferd- og meistringsteknologi må takast i bruk på dei områda det vil være funksjonelt. Innbyggjarane må i større grad vere budde på å legge til rette i eige liv og planlegge alderdommen med tanke på å nytte lokale tilbod og nettverk for å dekke sitt sosiale behov og behov for tenester.

Auken i behovet for tenester gjeld først og fremst i den eldre befolkninga, men ein ser òg ein auke i behov for tenester hos barn og unge. I same periode vil gruppa innbyggjarar i arbeidsfør alder minke. For å kunne møte denne auken i tenester utan ein vesentleg auke i bemanning, må samfunnet evne å løyse oppgåvene på ein anna måte enn i dag. Ulike tiltak må settast i verk når det gjeld omfordeling av arbeidsoppgåver, førebygging, og samhandling med ulike aktørar i lokalsamfunnet.

For å demme opp for auken i gruppa barn og unge vil førebyggjande arbeid bli særleg viktig på alle arenaar. Tidleg innsats og tilrettelegging må vere gjennomgåande i alle tenester for å førebygge utvikling av psykiske plagar og åtferdsproblem. Det vert viktig å utvikle gode lokalsamfunn og samarbeid mellom ulike aktørar som til dømes kulturlivet, idrettslag, frivillige, handelsstanden og ulike lag og organisasjonar. Universell utforming, attraktive lokalsamfunn, tilrettelagte bustader og transport, er viktige variablar med tanke på eigenmeistering og bulyst. Dette er òg viktige variablar med tanke tilflytting og rekruttering.

Sentrale føringar teiknar eit bilde av at fleire skal bu heime i eigen heim så langt det er forsvarleg med bistand frå heimetenestene. Institusjonsplass vil i framtida være for dei aller mest skrøpelege og multisjuka pasientane, samt innbyggjarar med demenssjukdom. Dette fører med seg ei dreining i tenestene frå relativt sett mange pasientar i institusjon til fleire heime i eigen bustad. Dette betyr at innbyggjarane på eit tidleg tidspunkt må tenkje på kva som er viktig for dei i framtida når helsa blir dårlegare, og gjere seg tankar om korleis dei lettare kan møte alderdommen i eigen heim. Når det gjeld tildeling av korttidsplass, vil det etter behovskartlegging være eit tilbod for enkelte innbyggjarar for avlasting eller opptrening.

Når det gjeld tenester til personar med nedsett funksjonsevne, vil det bli ei utfordring å dekke personalbehovet i framtida. Dette som følgje av at tilgangen på helsepersonell med rett kompetanse vil bli eit knappheitsgode, og med det vanskelegare å rekruttere for alle kommunar. Det vil difor bli viktig å få samla kompetansen, slik at tenestene kan bli meir robuste. Med samla kompetanse og bygging av fagmiljø, kan vi følgje opp det faglege arbeidet og overhalde lovkrav på ein god måte. Dette vil òg være ein fordel for dei aktuelle tenestemottakarane med tanke på nettverk og sosiale aktivitetar, samt ivaretaking av rettstryggleiken til den enkelte.

Som innbyggjar har ein rettigheter som skal sørge for at ein får det tilbodet som er nødvendig når helsa sviktar, og ein har behov for bistand. Når det blir knappheit på ulike ressursar som til dømes helsepersonell må ein som samfunn sjå på korleis ressursane blir fordelte og forvalta, slik at ein òg i framtida kan ivareta alle innbyggjarar som har krav på lovpålagde tenester og nødvendig helsehjelp.

I framtida må vi som samfunn vere meir kritiske til kva oppgåver helse og omsorgstenestene skal utføre, og kva andre aktørar kan utføre, det være seg familie, frivillige, lag og organisasjonar eller kommersielle aktørar. For å fremme utvikling må ein tørre å ta i bruk ulike hjelpemiddel og teknologi og utvikle desse optimalt til føremålet. Denne utviklinga vil frigjere helsepersonell til å ta seg av arbeidsoppgåver som andre aktørar ikkje kan utføre. Helse og omsorgsområdet må ønske å gje plass til andre aktørar som kan utføre tenester som ikkje er lovpålagte, slik at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å møte det utfordrande bildet som ein allereie no ser konturane av.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Det skal jobbast vidare med ei god implementering av Helseplattformen i heile sektorområdet. Etter planen vil også legetenesta bli kopla på Helseplattformen i 2025.

Helsestasjonen og skolehelsetenesta skal i eit samarbeid med sektorområdet Oppvekst og kultur, vere viktige aktørar i det førebyggjande arbeidet i Aukra kommune. Det skal etablerast samarbeid på tvers

mellom Helse og omsorg og Oppvekst og kultur som tek i vare mellom anna vidare implementering av BTI-modellen og Trygghetssirkelen.

Dei neste åra blir det etter prognosar auke i behov for sjukeheimplassar. Det vert svært viktig å gjere dei rette prioriteringane med tanke på tildeling av tenester. Det vert viktig å få ei god rullering på rehabiliteringsplassar og avlasting. Dette for at pasientar kan trene seg opp att etter alvorleg sjukdom, slik at dei kan meistre å bu heime lengre. Rullerande avlasting er òg viktig for å minke byrda for pårørande, slik at dei kan greie å ha sine heime lengre.

Det har til tider vore utfordrande å rekruttere til institusjonstenestene, og dette gjeld særleg sjukepleiarar. Det siste året har dette betra seg, men dette er likevel eit kontinuerleg arbeid. Dei neste åra blir det viktig å tenke annleis når det gjeld fordeling av arbeidsoppgåver mellom helsepersonell. Helsefagarbeidarar må ta ein større del av oppgåvene som tradisjonelt har vore utført av sjukepleiarar, slik at sjukepleiarane kan rullere meir med pasientar og oppgåver som treng sjukepleiarkompetanse. Helsefagarbeidarar har kompetanse på å utføre ein del oppgåver i si utdanning, men dei må få spesialisert utdanning/opplæring til å utvide arbeidsområdet endå meir.

Rekrutteringsarbeid inneber mellom anna å ta imot fleire studentar, og å marknadsføre eigen kommune og arbeidsplassar i ulike samanhengar. Det er òg viktig med god opplæring og rettleiing undervegs for at sjukepleiarane skal bli trygge til å stå i utfordrande situasjonar med pasientar og pårørande, slik at dei blir værande i jobben.

Alternative turnusar har vist seg å vere eit middel til å rekruttere nyttilsette utanfrå. Desse turnusane gjer at personar med god kompetanse ønsker å pendle, då dei får lengre friperiodar i slike turnusar. Dette er ordningar som særleg passar godt for bebuarar i bu- og habiliteringstenesta, då det er med på å skape samanheng i kvardagen når same person er på vakt gjennom heile dagen/døgnet. Dette er ordningar vi skal satse meir på. Då vi konkurrerer om same helsepersonell både med nærliggande kommunar og sjukehuset, er det viktig å ha ordningar som gjer oss meir attraktive.

Opplæring og rettleiing av tilsette vil vere ei stor oppgåve. Pasientar vi har allereie no, og som vi vil få fleire av dei neste åra, har komplekse sjukdomstilstandar. Vi ser ei auke i behov hos eldre for tryggleik og rammer. I utgangspunktet hadde denne gruppa passa godt i eit heildøgns omsorgstilbod, men vi har ikkje lykkast godt nok med å få til ei god rullering på bebuarar i heildøgns omsorg grunna manglande butilbod til personar med psykisk sjukdom. Kommunar har no eit større ansvar for denne brukargruppa, og det er forventa ei aukande utfordring dei komande åra. Vi ser at desse bebuarane har sto nytte av miljøterapeutisk oppfølging, og at dei kunne profittert på å bu i eit bufellesskap.

I bu- og habilitering vert det viktig å tilpasse tenester til den enkelte med tanke på alle livsområde; skule, arbeid, fritid, butilbod og personleg utvikling. Då desse bebuarane er relativt unge og i utvikling, vil det vere naturleg å evaluere tenestetilbodet med jamne mellomrom, slik at tenestene til ei kvar tid vert tilpassa behovet.

Både i institusjon og i bu- og habilitering blir det viktig å halde fram med det kontinuerlege arbeidet med rekruttering for å sikre kompetansen. Vidare blir det viktig å følgje opp det gode arbeidet med alternative turnusar. Desse har vist seg å være positiv for rekrutteringa.

I institusjon blir det viktig å få til ei god rullering på korttidsplassane, slik at ein får nytta dei plassane ein har på ein funksjonell måte. Ved tildeling av langtidsplass må ein vere endå meir restriktiv, og det vert viktig å sjå langtidsplass og plassar med heildøgns omsorg i samanheng, då prognosane seier at det vert større press på plassane enn kva vi opplever i dag.

Desse tiltaka skal vi prioritere dei neste åra:

- Rekruttering: Ein rekrutterer frå same marknaden som andre aktørar som treng helsepersonell. Det vil bli konkurranse om helsepersonell og færre i arbeidsfør alder. Det gjer at ein ikkje enkelt kan erstatte auken i behov med fleire hovud og hender
- Alternative turnusar: I Aukra har vi heiltidskultur og vi arbeider kontinuerleg med rekruttering. Dette skal vi fortsette med.
- Systematisk bruk av kvardagsteknologi og velferd- og meistringsteknologi: Kommunen må stille krav til at innbyggjarane skaffar seg kvardagsteknologi den dagen dei får behov for tenester. Dette for å lette arbeidet og tidsbruken for dei tilsette. Teknologi vil være førsteval for alle tenester, og skal alltid vurderast før fysisk oppmøte Dette gjeld òg i institusjon med til dømes meir bruk av digitale tilsyn.
- Tildelingskriterium: Kriteria for tildeling av teneste må settast høgare. I framtida skal det være lovpålagte tenester og nødvendig helsehjelp som blir prioritert framfor ikkje lovpålagde tenester.
- Oppgåvefordeling: Det skal gjennomførast ei oppgåvegliding mellom ulike profesjonar, og omfattande opplæring må til for å sette tilsette i stand til å utvide arbeidsområdet sitt med oppgåver dei skal utføre.
- Opplæring og rettleiing: Dette er eit kontinuerleg arbeid då det er nye tilsette og nye oppgåver som kjem til. Helse- og omsorgstenestene er i stadig endring, og kunnskap må fornyast og haldast ved like.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	117 747	117 747	117 747	117 747
Sum Vedtak forrige periode	-2 089	-5 193	-7 319	-7 319
Sum Budsjettendring i år	7 461	7 461	7 461	7 461
Konsekvensjusteringer	5 372	2 268	142	142
Konsekvensjustert ramme	123 119	120 015	117 889	117 889
Driftskonsekvens				
Salg av bilar heimetenester	-10	10	10	10
Sum Driftskonsekvens	-10	10	10	10
Nye tiltak				
Auke ressurs Heimetenester	373	373	373	373
Endring av ramme som en konsekvens av organisatoriske endringer	1 801	1 801	1 801	1 801
Fordeling velferdsmidler tilsette	177	177	177	177
Kjøp av 15% stilling musikkterapi flyttast til kulturavdelinga	-75	-75	-75	-75
Korrigerer ramme i forhold til flytting av bemanning fra heimetjenester til institusjonstjenester	-1 801	-1 801	-1 801	-1 801
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	1 705	1 705	1 705	1 705
Løn einingsleiar Institusjon og buteneste flyttast over til kommunalsjef Helse og omsorg	-1 185	-1 185	-1 185	-1 185
Løn kommunalsjef Helse og omsorg	1 261	1 513	1 513	1 513
Midlar til arbeidsklede i heimetjenesta	196	74	122	90
Midlar til arbeidsklede på institusjon	50	46	46	50
Mobiltelefoner Helseplattformen	100	0	0	0
Nye tryggleiksalarmar	440	0	0	0
Overføring av ressurs fra Institusjonstjenester til Hjemmetjenester	-4 654	-4 654	-4 654	-4 654

Økonomiplan for 2025-2028

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2025	2026	2027	2028
Prisvekst for 2025 tall (ingen videre økning i 2026-2028)	771	771	771	771
Sentralt oppgjør 2024 heilårsvirknig	4 970	4 970	4 970	4 970
Sum Nye tiltak	4 128	3 714	3 762	3 734
Nye tiltak og realendringer	4 118	3 724	3 772	3 744
Ramme 2025-2028	127 238	123 740	121 662	121 634

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	0	0	0	1 261	1 513	1 513	1 513
Institusjon og butenester	68 673	61 586	68 278	65 072	63 141	61 264	61 268
Tenester til heimebuande	39 071	35 699	38 391	38 087	37 075	36 703	36 671
Helse	22 983	20 462	22 401	22 818	22 011	22 182	22 182
Sum	130 727	117 747	129 070	127 238	123 740	121 662	121 634

Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg

Institusjon og butenester

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 2.2 Utjamne sosiale skilnader
- 3.1 Kvalitativt gode tenester
- 3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Barn og unge	2.2 Utjamne sosiale skilnader	
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analiserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar
		Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning
		Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser
Velferd og omsorg	3.1 Kvalitativt gode tenester	Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa
		Avlastning og dagtilbod

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
		Kulturendring i pleie og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette
	3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester	Godt fagleg miljø

Tenester til heimebuande

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 3.1 Kvalitativt gode tenester
- 3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar
- 8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Klima og miljø	8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport	Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analiserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar
		Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning
		Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser
Velferd og omsorg	3.1 Kvalitativt gode tenester	Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa
		Alternative butilbod
		Avlastning og dagtilbod
		Kulturendring i pleie og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette
	3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester	Godt fagleg miljø

Helse

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
- 1.3 Vidareutvikle infrastruktur

- 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium
- 5.2 Tilstreккеleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar
- 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Levere gode kommunale tenester
	1.3 Vidareutvikle infrastruktur	Sikre pasienttransport i nødsituasjon, beredskapsferje/ambulansebåt
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Foreldrekursrekke - frå graviditet til 10. klasse (samhandling mellom jordmor, helsesøster, barnehage, skole, kultur, frivillig arbeid)
		Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid
		Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)
Fornyng, forenkling og forbedring	5.2 Tilstreккеleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Fokus på bruk av velferdsteknologi
		Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrensar

Samfunnsutvikling

Omtale av sektoren

Samfunnsutvikling handlar om å utvikle ein god og velfungerande kommune der innbyggjarane, næringsliv og besøkande ønskjer å være. Det er mange element som er viktig for eit godt lokalsamfunn. Aukra kommune sine ulike tenesteområder, næringslivet og innbyggjarane gjennom til dømes frivillighet har ulike roller og må spele på lag.

Sjølv om berre teknisk eining er organisert til kommunalområde "Samfunnsutvikling" så vil dei fleste teneste-/fagområda i vid forstand gje innhald til utvikling av lokalsamfunnet. Mange av dei store utfordringane og løysingane framover vil være på tvers av kommunale tenesteområder og gjennom samarbeid og samspel med ulike aktørar utafor kommuneorganisasjonen.

Ansvarsområder:

- Samfunnsplanlegging
- Stedsutvikling

- Samferdsel
- Samfunnstryggleik
- Næringsutvikling
- Klima og miljø
- Bustadpolitisk
- Frivilligheit

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Kommunal planstrategi er ein oversikt over planbehov og prioriteringar for inneverande kommunestyreperiode.

Fokus for 2025 og 2026 vil vere på revisjon av dei ulike tema/strategiplanane som er utarbeida som følge av kommuneplanen sine satsingsområder.

Gjennomføring av ein borger/innbyggerundersøking tidleg i 2025 vil kunne gje innhald til utvikling av fleire tenestemråder samt revisjon av temaplaner og kommuneplanen.

Arbeidet med ny kommuneplanens sin samfunnsdel vil starte opp i 2026, som grunnlag for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel i 2027.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Gjennom planstrategi 2024-2027 er det lagt opp til høg planaktivitet i 2025. Etter at fleire av tema-/strategiplanane avleda og utarbeida som følge av kommuneplanen sine satsingsområder har vore gjeldane nokre år, er det lagt opp til ein "lightrevisjon" for å oppdatere i høve eventuelle endra utfordringar og nye tiltak. Dette gjeld mellom anna Barne- og ungdomsplanen, Omsorgsplanen og Klima- og miljøplanen.

I tillegg vil også trafikktryggingsplanen og Hovudplan for vassforsyning bli utarbeida.

Oppfølging av Bustadpolitisk plan, vedteke i 2024, vil ha eit høgt fokus i 2025 og dei neste åra.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	38 863	38 863	38 863	38 863
Sum Vedtak forrige periode	-2 769	-4 923	-4 919	-4 919
Sum Budsjettendring i år	639	239	239	239
Konsekvensjusteringer	-2 130	-4 684	-4 680	-4 680
Konsekvensjustert ramme	36 733	34 179	34 183	34 183
Driftskonsekvens				
Driftsutgifter lagerhall Nyland	15	15	15	15
Drift av ny idrettshall	0	0	750	1 550
Driftskonsekvens gang og sykkelveg Rød - Oterhals	200	200	200	200
Reduserte energiutgifter i kommunehuset	-50	-100	-100	-100
Sparer tid til spyling av tett avløp	-5	-5	-5	-5
Sparte energikostnader etter bygging av fjellbrønner ved Julsundet skole	0	0	-20	-20
Sparte strømudgifter ved overgang til LED på utelys	-2	-4	-6	-6

Økonomiplan for 2025-2028

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2025	2026	2027	2028
To forsterka bustader - driftskonsekvensar	0	50	50	50
veglys skogevegen	5	10	10	10
Sum Driftskonsekvens	163	166	894	1 694
Nye tiltak				
110-sentralen	300	315	330	350
Borgerundersøking	150	0	0	0
Diverse ekstra vedlikehaldsbehov ved GBU	510	330	0	0
Driftskonsekvenser utleige ambulansekai for Helseforetaket	-70	-70	-70	-70
Elektroniske låser på arbeidsrom ved Julsundet skole	65	0	0	0
Fordeling velferdsmidler tilsette	36	36	36	36
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	291	291	291	291
Lokale forhandlingar 2024 heilårsvirkning	85	85	85	85
Næringsutvikling	4 600	4 600	4 600	4 600
Prisvekst for 2025 tall (ingen vidare økning i 2026-2028)	1 674	1 674	1 674	1 674
Renovering av bad ved Bergtun	150	0	0	0
Reparasjon av ledelys ved GBU	50	0	0	0
Revisjon av kommuneplanen sin arealdel	0	300	850	350
Sentralt oppgjer 2024 heilårsvirkning	628	628	628	628
Taktekking kommunehuset	1 500	0	0	0
Underskot sjølvkostområdet private planer	183	0	0	0
Underskudd på sjølvkostområdet byggesak	314	0	0	0
Underskudd på sjølvkostområdet oppmåling	373	0	0	0
Utgreiing betre tilpassa skoleområde	0	200	0	0
Vedlikehald Bergetippen	320	0	0	0
Vedlikehald Julsundet skole	670	0	0	0
Vedlikehold Furutun	550	0	0	0
Økning forsikringspremie ramme 62	214	225	236	250
Sum Nye tiltak	12 592	8 613	8 659	8 193
Nye tiltak og realendringer	12 755	8 779	9 553	9 887
Ramme 2025-2028	49 488	42 958	43 736	44 070

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	0	0	0	8 413	6 965	7 519	7 019
Tekniske tenester	35 573	35 563	38 074	41 075	35 993	36 217	37 051
Sum	35 573	35 563	38 074	49 488	42 958	43 736	44 070

Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling

Tekniske tenester

Hovudmål (Slik vil vi ha det)

- 1.3 Vidareutvikle infrastruktur
- 1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad
- 2.3 Medverknad frå barn og unge

- 2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø
- 4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne
- 5.2 Tilstreккеleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar
- 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning
- 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar
- 8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk
- 8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport
- 8.3 Aukra kommune skal møte ei usikker klimaframtid med tiltak
- 8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet
- 8.5 Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 15%
- 8.6 Aukra kommune skal arbeide for ei berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald

Delmål (Slik gjer vi det)

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
Attraktiv kommune	1.3 Vidareutvikle infrastruktur	Sikre klima- og miljøtilpassa VA-anlegg
		Trygge skuleveggar gjennom tiltak i trafikktryggingssplanen
	1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad	Tilrettelegging av næringsareal
Aukra i regionen	4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne	
Barn og unge	2.3 Medverknad frå barn og unge	
	2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø	Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar
Fornyng, forenkling og forbedring	5.2 Tilstreккеleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering
Klima og miljø	8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk	Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving
	8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport	Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel
	8.3 Aukra kommune skal møte ei usikker klimaframtid med tiltak	I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å førebygge uhell, ulykker og uønska naturhendingar
	8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet	Satse på større attvinning frå kommunale verksemdar
	8.5 Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 15%	Auke bruken av fornybar energi
		Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg

Økonomiplan for 2025-2028

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)
	8.6 Aukra kommune skal arbeide for ei berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald	Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning
		Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser
	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar
		Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar
		Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg

Overføringer

Omtale av sektoren

Aukra Sokn

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av lov om trus- og livssynssamfunn § 14. Tilskot til Aukra Sokn er i framlagte budsjett sett til kr. 3 913 000,- ut frå Aukra Sokn sitt meldte behov. Sjå innmeldt tiltak i eige tabell.

GassROR IKS

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarende 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt. For 2025 er tilskotet berekna til 25,8 mill. kroner.

Etter overføring av tilskot i 2025, har Aukra kommune ytt eit samla bidrag på 367 mill. kroner til samarbeidet.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Aukra Sokn

Aukra SFR har i 2024 spart mykje pengar på vakante stillingar og vedlikehaldstiltak som har vore planlagt, men ikkje har kome i gang. Ut frå økonomisk oversyn pr. 01.09.24 kan innsparingane på driftsbudsjettet estimerast til i storleiksorden 1,2 mill. kr. på årsbasis, eller 900 000 netto når ein ser bort frå trusopplæringstilskotet (sjå under). I tillegg er det sett av kr. 300 000 på bunde investeringsfond til reparasjon av vindauga i kyrkja.

Til finansiering av trusopplæring har soknet i 2024 fått kr. 314 000 i refusjon frå kyrkjerådet/staten på grunnlag av utgiftene i 2023. Fordi trusopplærarstillinga har stått vakant i heile 2024, er det brukt svært lite til trusopplæring i år. Ein må derfor rekne med eit kraftig nedtrekk på tilskotet

Økonomiplan for 2025-2028

neste år, samtidig som ein må ta sikte på å tilsette ny trusopplærar så tidleg som mogeleg i 2025. For å finansiere dette bør såleis det meste av det unytta tilskotet overførast til 2025. Forslaget er å overføre 300 000 av årets tilskot til 2025.

AU har i møte 09.10.24 – AU-sak 93/24 – vurdert følgjande aktuelle vedlikehalds- og utviklingstiltak på kyrkje og kyrkjegard i 2025:

Reparasjon av vindauge og måling av ytterveggane i kyrkja	Kr. 800 000
Mindre tiltak i kyrkja (belysning, lukeopnarar, videoutstyr)	Kr. 200 000
Reparasjon og vedlikehald av orgel	Kr. 200 000
Minnelund på kyrkjegarden – planlegging og opparbeiding	Kr. 300 000
SUM vedlikehalds- og utviklingstiltak	Kr. 1 500 000

I tillegg ynskjer ein å markere jubileum for Påskeliljemarka 300 år og kyrkja 190 år i 2025. Dette budsjetterast til kr. 100 000,-.

Samla behov for finansiering, forslag til finansiering og budsjettinnspel er omtalt i tiltak i rammeoversikt.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	47 289	47 289	47 289	47 289
Sum Vedtak forrige periode	-18 014	-18 014	-18 014	-18 014
Sum Budsjettendring i år	349	349	349	349
Konsekvensjusteringer	-17 665	-17 665	-17 665	-17 665
Konsekvensjustert ramme	29 624	29 624	29 624	29 624
Nye tiltak				
Budsjettinnspel frå Aukra Sokn 2025-2028	113	113	113	113
Sum Nye tiltak	113	113	113	113
Nye tiltak og realendringer	113	113	113	113
Ramme 2025-2028	29 737	29 737	29 737	29 737

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Overføringer	32 367	47 289	47 638	29 737	29 737	29 737	29 737
Sum	32 367	47 289	47 638	29 737	29 737	29 737	29 737